



Årsmelding 2023

Bjørnafjorden kommune



Innhald

Kommunedirektøren si innleiing	4
Stram økonomi krev smarte løysingar.....	4
Økonomi.....	7
Innleiing	7
Økonomisk stilling	7
Finansielle måltal - økonomisk handlefridom	8
Driftsrekneskapen.....	9
Finans.....	14
Dekning av netto driftsresultat	18
Avvik mellom budsjett og rekneskap	20
Investeringsrekneskapen	22
Balansen	24
Økonomistyring.....	33
Folkehelse.....	35
Resultata for Bjørnafjorden i folkehelseprofilen for 2024	35
Personal og organisasjon	37
Medarbeidar	37
Likestilling og lønn	38
Nærvær og sjukefråvær.....	40
HMS	41
Internkontroll og etikk	43
Oppfølging av klima.....	46
Samfunnsikkerheit og beredskap	48
Oppfølging politiske tiltak.....	51
Organisasjonen	53
Administrativ organisering og styring	53
Plan- og styringssystem	56
Visjon og verdiar.....	57
Kommunen sine tenestekområde.....	58
Fellesområde.....	58
Skildring av tenesta	58
Status økonomi.....	58
KOSTRA Nøkkeltal	58
Stab.....	58
Skildring av tenesta	58
Utvikling og utfordringar	59
Utvalde resultat.....	59

Status økonomi.....	60
Status målsettingar	61
Status måltabell	61
KOSTRA Nøkkeltal	62
Oppvekst	63
Skildring av tenesta	63
Utvikling og utfordringar	64
Utvalde resultat.....	82
Viktige hendinger	85
Status økonomi.....	88
Oppsummering tiltak.....	91
Status målsettingar	92
Status måltabell	93
KOSTRA Nøkkeltal	96
Status investeringsprosjekt	98
Helse og velferd.....	100
Skildring av tenesta	100
Utvikling og utfordringar	104
Utvalde resultat.....	114
Viktige hendinger	119
Status økonomi.....	122
Status målsettingar	126
Status måltabell	126
KOSTRA Nøkkeltal	129
Status investeringsprosjekt	129
Samfunnsutvikling	131
Skildring av tenesta	131
Utvikling og utfordringar	140
Utvalde resultat.....	144
Viktige hendinger	146
Status økonomi.....	147
Status målsettingar	149
Status måltabell	150
KOSTRA Nøkkeltal	151
Status investeringsprosjekt	152

Kommunedirektøren si innleiing

Stram økonomi krev smarte løysingar

Stram økonomi krev nye måtar å jobba på. Difor må vi vere smarte i korleis vi organiserar og løysar samfunnsoppdraget vårt. Slik at vi blir i stand til å levere tenester med **god nok kvalitet** til ein **kostnad som vi har råd til**. Vi veit at vi er ei låginntektskommune, som kjem dårleg ut slik overføringane frå kommunen er innretta i dag. Vi har heller inga grunn til å tru at det blir dei store endringane på dette i åra som kjem. Difor er det heilt essensielt at vi klarer å rigge oss slik at vi leverer tenester av god nok kvalitet til ein kostnad vi har råd til. I det ligg det ei spennande utfordring kor vi kan vise veg. Vi er av dei første mellomstore kommunane som opplever ein så trong økonomi som vi gjer. Dette gir oss moglegheiten til å vise kommune-Noreg korleis ein skal klare å komme ut av dei økonomiske utfordringane og samstundes levere gode nok berekraftige tenester til innbyggjarane våre.

Eit årsoppgjer med driftsunderskot

Vi gjekk inn i 2023 med eit budsjett saldert med ganske massiv bruk av sparepengene vi har på fond. Difor la vi opp til eit stramt budsjett og eit år med omfattande omstillingsarbeid og arbeid for å trekke ned dei faste varige driftskostnadane våre.

Vi går ut av 2023 med eit netto driftsresultat på – 37,2 mill. kr for 2023. Med driftsinntekter på 2,4 mrd. kr utgjør dette ein resultatgrad på – 1,52%.

Konsernrekneskapen for Bjørnafjorden kommune 2023 viser eit netto driftsresultat på – 38,8 mill. kr. Dette omfattar rekneskapa til Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men interne overføringar er tatt vekk. Etter desse justeringane viser driftsrekneskapen for 2023 eit samla meirforbruk på 0,7 mill. kr. Dette meirforbruket må dekkast inn i 2024.

Vi klarte altså ikkje å kome i driftsmessig balanse i 2023, og vi har eit for stort meirforbruk på sektorane sjølv om vi bruke av sparepenga våre, men eg vil likevel påstå at vi hadde vore enno verre ute om ikkje vi hadde satt i verk alle dei tiltaka vi gjorde i 2023, og dels allereie i 2022.

Full fart med «Omstilling 25»

I starten på året fekk vi forslag til innsparingstiltak frå konsulentselskapet PwC. Tilsaman foreslo dei 60 ulike tiltak for kostnadsreduksjon/inntektsauke med ein effekt på tilsaman 141 millionar kroner. Tiltaka fordelte seg med 97,4 millionar på helse og velferd, 38,4 millionar på oppvekst og 5,4 millionar på samfunnsutvikling. Kommunestyret gjekk i sitt møte 30. mars inn for dei fleste av tiltaka som låg i PwC-rapportane.

For å nå desse måla må kommunen gjennom ei ganske stor omstilling. Dette har vi vald å organisere i eit prosjekt som vi har kalla «Omstilling 25». 25 fordi vi veit at omstilling tek tid og vi trur ikkje vi er i mål før i 2025. Difor er det heller ikkje så overraskande at vi ikkje klarer budsjettmessig balanse i 2023, men det overforbruket vi har er ikkje godt nok. Vi skal klare å halde budsjetta – det har vore kommunedirektøren sitt fokus i 2023 og det held fram med full styrke i 2024. Eg har store forventingar til at vi i 2024 vil sjå større, om ikkje full, effekt av dei omstillingstiltaka vi har gjort gjennom 2023. Det er omfattande grep som blir tatt på sektorane, det tek nødvendigvis difor noko tid å få implementert og å sjå effekten av tiltaka. Eit døme på dette er omlegginga av turnus i helse- og omsorgstenestene våre. Vi skal alltid passe på at vi gjer ei slik omlegging i tråd med det lov- og avtaleverk som gjeld for kommunesektoren. Eg vil i den samanheng gje stor honnør og takk til dei tillitsvalde og vernetenesta, som står saman oss i

dei tøffe taka, og for den innsatsen dei legg ned. Eg veit de ikkje har ein lett jobb, men saman skal vi finne løysingar som tek i vare både dei tilsette og dei vi er her for – innbyggjarane våre.

Demografi i omstilling

I arbeidet med å justere drifta vår legg vi mykje innsats i å sjå inn i glasskula, mellom anna korleis dei demografiske framtidsutsiktene er. Kor mange innbyggjarar er vi, kor gamle er dei, kor bur dei og korleis ser trendene ut – kor trur vi dei vil leva, bu og arbeide i framtida?

Det var mellomanna dette vi la til grunn då vi hausten 2023 gjorde framlegg om ei endring i skulestrukturen. Der blei det lagt ned ei omfattande arbeid, med folkemøter i alle dei skulekrinsane som var «under lupen». Sjølv om kommunestyret ikkje valde å følgje administrasjonen si tilråding, så meiner eg at arbeidet ikkje var bortkasta. Vi fekk gjennom det intense arbeidet eit kunnskapsgrunnlag som vi har tatt med oss i det vidare arbeidet.

Gjennom «Bjørnafjordmodellen» har vi dei par siste åra klart å stabilisere legetenesta i kommunen og klart å rekruttere nye fastlegar og legevakslegar til kommunen. Men det har kosta, og vi har eit kostnadsnivå på legetenester og legevakt som er alt for høgt. Difor foreslo kommunedirektøren å sjå på dette, basert på dei demografiske data, for å kome ned på ei teneste med eit fornuftig kostnadsnivå kor vi leverer helsemessig forsvarlege tenester til innbyggjarane våre. Kommunestyret valde i budsjetthandsaminga for 2024 å gjere ei justering på vedtaket knytt til legevaktstasjonen i Eikelandsosen og det kjem difor ei ny sak opp til politisk handsaming våren 2024.

Rustar oss for framtida

I lys av det omfattande arbeidet vi i 2023 har lagt ned i «Omstilling 25» og i arbeidet med å ta ned meirforbruket vårt, kan det synast rart at kommunen samstundes investerer i nye areal og eigedommar. Men det handlar om å ruste seg for framtida. Vi skal sjølv sagt vere nøysamme og forsiktige med å ta opp nye lån, men samstundes kan vi ikkje stoppe utviklinga.

Både Os og Fusa har tidlegare tatt slike grep og gjort investeringar og vedtak som ein kanskje kan ha reagert på der og då, men som vi i dag ber frukter av. Sjå berre til dei to store næringsområda våre – Samnøy og Lyseparken.

På Samnøy realiserte vi, gjennom vårt heileigede aksjeselskap Bjørnafjorden Utviklingsselskap (BUS), tømmerkai og etablering av infrastruktur som veg, vatn og avlaup, inkludert ein 150 meter lang tunnell i løpet av 2023. Det hadde vi ikkje klart utan BUS og eit særst godt samarbeid med tømmernæringa og ikkje minst Bolaks AS som planlegg å etablere eit landbasert anlegg i løpet av dei neste par åra. Utan Bolaks hadde ikkje prosjektet latt seg realisere. Det syner berre kor viktig det er at vi som kommune jobbar godt saman med det lokale næringslivet for å etablere nye næringer og nye arbeidsplassar som igjen kan gje oss ein betre kommuneøkonomi gjennom auka skatteinntekter.

Lyseparken blei først tilgjengeleg då nye E39 mellom Os og Bergen opna seinhausten 2022. Gjennom heile 2023 har det vore arbeidd godt med interessentar og anna grunnlagsarbeid for å gjere parken så attraktiv som mogleg, og for at vi skal tiltrekke oss dei rette verksemdene som kan utfylle kvarandre og bidra til fellesskapet gjennom nye arbeidsplassar. BUS, som handterer dette på vegne av kommunen, har gjort ein framifrå jobb, sjølv om vi nok er fleire som skulle sett at det hadde gått enno fortare. Men slik er eigedomsbransjen, og særleg i eit år som har vore prega av uro i rentemarknaden med stadige renteauger. Ting tenk tid og investorar treng tid til å ta vala sine. Oppe i det heile har det vore inngått fleire spennande intensjonsavtaler som eg har store forventningar til lar seg realisere i løpet av 2024.

Dei lange brillane...

Både desse næringsområda er dømer på at ei investering som blei gjort for 10-15-20 år sidan først no lar seg materialisera og realisera. Som kommune må vi både ha dei nære brillane på oss, samstundes som vi av og til skifter til dei meir langsiktige. Vi skal ta vare på samfunnet i eit evigheitsperspektiv.

Ein plan kor dei lange brillane verkeleg er på er kommuneplanen. Vi skal både ha ein samfunnsdel som seier korleis vi vil arbeide for å utvikle samfunnet rundt oss og ein arealdel som seier kor vi skal legge til rette for ulike etableringar anten det er næring, bustad eller offentlege tenester.

Samfunnsplanen blei vedtatt på tampen av 2022 og i 2023 kom vi i mål med arealdelen for Bjørnafjorden vest (tidlegare Os kommune). Det var eit omfattande arbeid som til slutt gjekk til meking med statsforvaltaren, men vi kom i mål og har no ein oppdatert arealplan. Tilbakemeldingane frå næringslivet har vore at dette hadde dei venta på, og vi ser at det har kome fleire private planinitiativ i kjølevatnet av arealplanen.

På eit område har vi i 2023 ikkje kome så langt som vi hadde ønskja. Vi har starta arbeidet med klimabudsjett og klimarekneskap og satte ned ei administrativ arbeidgruppe som skal jobbe med dette, men har av ulike grunner ikkje kome dit vi skulle ønskje. Omsynet til klima og miljø er eit område som verkeleg krev at vi har dei lange brillane på. Det vi gjer i dag får verknad i lang tid framover og arbeidet med dette blir viktig parallelt med å få kontroll på økonomien.

...og dei nære tinga

Midt oppe i alt dette, kor vi har dei lange brillane på, og kor vi leiter med lys og lyfter etter kor vi kan kutte kostnader og auke inntekter, skal vi ikkje gløyme at det nære som skjer i kvardagen. Eg er imponert over alt det medarbeidarane våre klarer å få til og leverer kvar einaste dag til det beste for innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune.

Vi har til dømes tatt imot 138 flyktningar i 2023 etter å ha tatt i mot 175 flyktningar i 2022, totalt tok vi altså imot 313 flyktningar dei to siste åra. Igjen hadde ikkje kommunen klart dette utan eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjon og ikkje minst innbyggjarar som har hatt husvere å leige ut.

Vi har òg takla vêr og vind og klart å levere tenester trass store snøfall og vanskelege køyreforhold. Eg vil gje ein stor honnør til dei som står på seint og tidleg for at vi andre skal kome oss fram, så kan vi jo berre håpe at vergudane er snillare med oss neste år, slik at vi ikkje berre klarar å halde vegane opne, men også halde budsjetta.

Avslutningsvis har eg lyst til å trekke fram eit nytt tilbod vi starta i 2023. Demenskoet som har øving ein gang i veka i Oseana. Dette er eit lite og enkelt tilbod, men som betyr så mykje for dei det gjeld. Igjen har det latt seg realisera gjennom godt samarbeid med innbyggjarar, pårørande og lokalt næringsliv. Og nettopp samarbeid må vi ta med oss inn i det vidare arbeidet. Samarbeid vil vere måten vi kan løyse dei oppgåvene vi står framfor, både samarbeid internt på tvers av sektorar og einingar, men også samarbeid med frivillige, næringsliv, innbyggjarar og nabokommunar.

Torgeir Sæter
Konstituert kommunalsjef

Økonomi

Innleiing

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2023 (kommunekassa) viser eit netto driftsresultat på kr – 37.175.579. Årets rekneskapsmessige meirforbruk før strykingar er kr - 81.604.997. Det er gjennomført strykingar med kr 81.604.997. Driftsrekneskapen viser etter dette eit meirforbruk på kr 0. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse, slik at udekka beløp er kr 0. Framført beløp til inndecking i seinare år er dermed kr 0 både i driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune 2023 viser eit netto driftsresultat på kr - 38.783.653. Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte. Den konsoliderte driftsrekneskapen for 2023 viser eit samla meirforbruk på kr 672.040. Årsaka er at Oseana Kunst og kultursenter Bjørnafjorden KF har ein meirforbruk på kr 672.040. Beløpet blir framført til inndecking i seinare år. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse, slik at udekka beløp er kr 0.

Staten har uttrykt ei forventning om at kommunane over tid skal ha ein resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter). Resultatgraden for Bjørnafjorden kommune i 2023 er -1,52%. For konsernet som heilskap er resultatgraden -1,57%.

Økonomisk stilling

Kommunen skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handlefridomen blir ivaretatt over tid. Kommunen sine langsiktige utgifter skal vere finansiert av langsiktige inntekter. Dette inneber at tiltak av varig karakter som blir sett i verk må ha langsiktig budsjettdekning. Det overordna målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

2023 har vore nok eit utfordrande år for Bjørnafjorden kommune. Rekneskapstala viser at det er til dels store meirforbruk i tenestene, slik administrasjonen jamleg har rapportert om gjennom året. Dette var i grove trekk situasjonen også i 2022, då bortfall av store øyremerkte tilskot i samband med SIO prosjektet svekka den økonomiske stillinga til kommunen dramatisk. Kommunen engasjerte derfor konsultentselskapet PWC for å hjelpe oss med å identifisere moglege kostnadsreducerande tiltak. Kommunestyret vedtok på bakgrunn av dette arbeidet ei rekke innsparringstiltak våren 2023, mesteparten innan helse og velferd. Mange av tiltaka krev omfattande og tidkrevjande prosessar, som t.d. å redusere bemanningsnorma i sjukeheimane. For Oppvekst var tilrådinga frå konsultentselskapet i stor grad knytt til endra skulestruktur. Kommunestyret bad administrasjonen utarbeide ei konsekvensvurdering av å endre skulestrukturen. Denne blei lagt fram i oktober 2023. Kommunestyret konkluderte då med å vidareføre drift av alle fem barneskulane som var vurdert i denne prosessen.

Budsjetta til sektorane i 2023 tok ikkje høgde for at omstillingstiltaka ville vere tidkrevjande å gjennomføre, eller at avgjerda om skulestruktur blei utsett til slutten av året, og det blei tidleg klårt at sektorane ville ha utfordringar med å halde budsjettet.

Rekneskapstala og prognosane viste at driftsnivået i alle sektorane var alt for høge i forhold til budsjetttrammene. Fram mot budsjettarbeidet blei det klårt at det måtte gjerast ytterlegare grep for å ta ned overforbruket i tenestene. I budsjettframlegget for 2024 – 2027 foreslo administrasjonen ei rekke nye, konkrete innsparringstiltak. Dei aller fleste tiltaka blei vedtatt av kommunestyret.

Administrasjonen er i gang med å realisere desse innsparingstiltaka. Det er eit krevjande arbeid, men målet er at vi med dette skal lukkast med å snu den økonomiske situasjonen for kommunen.

Kommunen har høg lånegjeld og har som følgje av det fått merke renteauken dei seinare åra. Eit positivt element er at det ser ut til at kommunen har passert «gjeldstoppen». Lån til investeringsformål går noko ned i 2023, og den vedtatte økonomiplanen legg opp til reduserte investeringar og låneopptak framover.

Finansielle måltal - økonomisk handlefridom

Ein måte å vurdere kommunen si handlefridom på er å sjå på lånegjeld, netto driftsresultat og disposisjonsfond. Riksrevisjonen skriv i ein rapport om kommunesektoren: «Det er sammenhengen av store lån, lavt disposisjonsfond og lavt driftsresultat som gir utfordringer». KS har utvikla ein «trafikklysmode» for dette:

Netto lånegjeld, korrigert for ubunde investeringsfond, i %	Netto driftsresultat, korrigert for netto bundne avsetninger, i %	Disposisjonsfond, inkl rekneskapsmessig mer-/mindreforbruk, i %
av driftsinntekter	av driftsinntekter	av driftsinntekter
Under 65%	Over 2%	Over 8%
Mellom 65% og 85%	Mellom 1% og 2%	Mellom 5% og 8%
Over 85% av driftsinntekter	Under 1% av driftsinntekter	Under 5% av driftsinntekter

Tabellen viser ein modell for måling av økonomisk handlefridom ved å måle netto lånegjeld, netto driftsresultat og disposisjons-fond i prosent av driftsinntekter. Netto lånegjeld er langsiktig lånegjeld fråtrekt totale utlån og ubrukne lånemidlar.

Grønt nivå indikerer større grad av økonomisk handlefridom, gult nivå indikerer moderat økonomiske handlefridom medan raudt nivå indikerer avgrensa/lite økonomisk handlefridom.

Bjørnafjorden kommune har bestemt seg for å bruke denne modellen som basis for sine finansielle måltal, ref. K sak 105/22.

Resultat finansielle måltal Bjørnafjorden kommune:

Økonomisk handlefridom	År 2022	År 2022	År 2022	År 2023	År 2023	År 2023
	Kommune	Konsern	Landet	Kommune	Konsern	Landet
Netto lånegjeld, korrigert	117,3 %	115,9 %	86,5 %	113,1 %	111,8 %	86,6 %
Netto driftsresultat, korrigert	-0,9 %	-0,9 %	3,4 %	-1,5 %	-1,4 %	0,9 %
Disposisjonsfond	25,3 %	25,1 %	14,7 %	22,1 %	22,0 %	13,3 %

Tabellen viser nøkkeltal vedr økonomisk handlefridom. Tal for 2022/23 basert på ureviderte rekneskapstal og førebelse kostra tal pr.15.03.2024. Endelege tal og tal for landet kjem i slutten av juni.

Nøkkeltala viser at den økonomiske handlefridomen har svekka seg frå 2022 til 2023 for både netto driftsresultat og disposisjonsfond. Disposisjonsfonda er framleis på eit komfortabelt nivå, men å ha «raude tal i boka» to år på rad er ikkje nokon god situasjon. Tala har svekka seg også på landsbasis. Netto lånegjeld har betra seg noko, men ligg framleis godt over tilrådd nivå. Dette gjer at kommunen må bruke ein god del av driftsinntektene sine til å betale renter og avdrag. Dette er midlar som elles kunne blitt brukt til (annan) tenesteproduksjon. Heldigvis ser det ut til at kommunen si lånegjeld til investeringsføremål no har passert toppen.

KS gjer kvart år ei kartlegging av alle kommunane ut frå kriteria for økonomisk handlefridom, ref. modellen over. Her kan ein lese «score» for nøkkeltala for kvar kommune (konsern) og landet samla. Kvar kommune får og ein samla «score» i form av ein fargekode. I 2022 kom Bjørnafjorden kommune ut på grønt nivå til tross for negativt netto driftsresultat. I den matematiske modellen veg det gode nøkkeltalet vedr disposisjonsfond opp for dei to andre svake nøkkeltala. KS legg fram nye tal for 2023 i tredje kvartal.

Driftsrekneskapen

Eit samandrag av Økonomisk oversikt drift §5-6 viser følgjande oversikt over kommunen sin driftsrekneskap (tal i heile tusen):

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT §5-6	Regnskap 2023	Rev. budsjett 2023	Oppr. budsjett 2023	Regnskap 2022
Driftsinntekter	2 441 541	2 251 936	2 199 860	2 333 524
Driftsutgifter	2 460 949	2 154 006	2 095 097	2 396 101
Brutto driftsresultat	- 19 409	97 930	104 763	- 62 577
Finans	-165 749	-200 657	-216 661	-165 866
Motpost avskrivningar	147 987	146 865	111 865	144 081
Netto driftsresultat	-37 171	44 138	-33	-84 362
Dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	13 247	13 247	1 000	26 092
Avsetninger til bundne driftsfond	9 500	0	0	6 892
Bruk av bundne driftsfond	-10 356	-1 153	0	-69 325

Avsetninger til disposisjonsfond	42 534	124 139	22 467	85 327
Bruk av disposisjonsfond	-92 095	-92 095	-23 500	-133 349
Sum dekning av netto driftsresultat	-37 171	44 138	-33	-84 362
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin driftsrekneskap for 2023 og 2022, samt opprinneleg og revidert budsjett for 2023.

Bjørnafjorden kommune sin driftsrekneskap for 2023 viser eit negativt netto driftsresultat på kr 37.170.579. Framført beløp til inndekking i seinare år (meirforbruk) er kr 0. Vi vil under gå nærare inn på driftsrekneskapen.

Vi vil under gå nærare inn på driftsrekneskapen:

Driftsinntektene

DRIFTSINNTEKTER PR ART	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. Budsjett 2023	Regnskap 2022	Endring mot Reg budsjett	Endring mot oppr. Budsjett	Endring mot regnskap 2022
Tal i heile tusen							
Rammetilskudd	- 876 534	- 814 059	- 799 696	- 799 187	62 475	76 838	77 347
Inntekts- og formueskatt	- 866 925	- 903 843	- 884 043	- 897 205	- 36 918	-17 118	-30 280
Eiendomsskatt	-	-	-	-	-	0	0
Andre skatteinntekter	- 1 838	-	-	- 1 847	1 838	1 838	- 9
Andre overføringer og tilskudd fra staten	- 94 037	- 76 599	- 56 428	- 76 595	17 438	37 609	17 442
Overføringer og tilskudd fra andre	- 311 016	- 170 400	- 171 210	- 290 615	140 616	139 806	20 401
Brukerbetalingar	- 69 743	- 58 839	- 60 332	- 66 950	10 904	9 411	2 793

Salgs- og leieinntekter	- 221 448	- 228 196	- 228 151	- 201 125	- 6 748	- 6 703	20 323
Sum driftsinntekter	- 2 441 541	- 2 251 936	- 2 199 860	- 2 333 524	189 605	241 681	108 017

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine driftsinntekter for 2023, 2022, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.


Vi kan illustrere fordelinga av driftsinntektene slik:

Kommunen sine driftsinntekter er 108 mill. kr høgare enn i 2022 og 189,6 mill. kr høgare enn (regulert) budsjett for 2023. Veksten frå 2022 er på 4,6%. Skatteinntektene er over 30 mill. kr lågare enn 2022 der skatteinntektene i heile kommunesektoren var ekstraordinært høge som følgje av endra reglar for utbytte-skatt. Skatteveksten for Bjørnafjorden kommune var -3,2%, medan den for kommunane samla var -4,7%. Denne reduksjonen var venta og tatt høgde for i budsjettet. Skatteinntekter pr innbyggjar er i 2023 ca. 88,5% av landsgjennomsnittet. Dette medfører at kommunen får skatteutjamningsmidlar frå andre, meir skattesterke kommunar. I 2023 blei kommunen tilført midlar frå skatteutjamninga med 59,6 mill. kr. Merk at skatteutjamningsmidlar inngår i inntektsgruppa «Rammetilskot».

flyktningar og tildeling av midlar frå Havbruksfondet. Krigen i Ukraina har medført auka tilstrøyming av flyktningar, og kommunen mottok i 2023 77,9 mill. kr i integreringstilskot. Utdeling av midlar frå Havbruksfondet via Fiskeridirektoratet blei ca. 11 mill. kr, litt meir enn budsjettet på 8 mill. kr. Kommunen mottok og 5,1 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken.

Gruppa Overføringar og tilskot frå andre omfattar ei rekke postar, mange av dei gjeld statlege refusjonar. Det er m.a. her vi fører tilskot frå staten vedr ressurskrevjande tenester (rekna til 70 mill. kr i 2023). Refusjon sjukeløn er også ein av postane her og er 78,5 mill. kr i 2023, ein auke på 20,3 mill. kr eller nesten 35% frå året før. Dette er eit høgt tal og må sjåast i samanheng med høgt sjukefråvær i kommunen.

Brukarbetalingar enda på om lag same nivå som 2022, men litt høgare enn budsjettert. Sals- og leigeinntekter er 20,3 mill. kr høgare enn i 2022 som følgje av auka gebyrinntekter (VA) og auka inntekter frå konsesjonskraft.



Figuren viser kva for type inntekter kommunen har i 2023.

Driftsutgiftene

DRIFTSUTGIFTER PR ART	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. Budsjett 2023	Regnskap 2022	Endring mot Reg budsjett	Endring mot oppr. Budsjett	Endring mot regnskap 2022
Tal i heile tusen							
Lønnsutgifter	1 223 157	1 100 012	1 069 075	1 181 153	- 123 145	- 154 082	- 42 004
Sosiale utgifter	316 206	258 215	290 537	330 779	- 57 992	- 25 669	14 573
Kjøp av varer og tjenester	633 669	537 669	523 683	606 373	- 96 000	- 109 986	- 27 296
Overfø. og tilskudd til andre	139 931	111 245	99 937	133 715	- 28 686	- 39 994	- 6 216
Avskrivninger	147 986	146 865	111 865	144 081	- 1 122	- 36 122	- 3 906
Sum driftsutgifter	2 460 949	2 154 006	2 095 097	2 396 101	- 306 945	- 365 853	- 64 849

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine driftsutgifter for 2023, 2022, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.

Kommunen sine driftsutgifter er 64,8 mill. kr høgare enn i 2022, og 306,9 mill. kr høgare enn (regulert) budsjett for 2023. Veksten frå 2022 er på 2,7%. Kostnadsveksten frå 2022 må såleis

seiest å vere låg når ein legg til grun den høge løns- og prisveksten som har vore i 2023. Dette vitnar om at ein har sett bremsene på i forhold til utgiftene. Utfordringa kjem når ein måler mot budsjettet for 2023, der det var føresetnader om langt større innsparingar.

Lønsutgifter er den klårt største utgiftsgruppa i kommunen. Samla lønsutgifter er 42 mill. kr høgare enn året før, tilsvarande 3,6%. Den største auken i kroner ligg på løn i faste stillingar, men beløpet er likevel lågare enn budsjettet. Andre lønsskonti som veks mykje er introduksjonsstønad (til flyktningar) og vikariat til pedagogisk personell. Utgifter til overtid er derimot markant lågare enn i 2022, men framleis langt over budsjett. Bruken av overtid var svært høg i 2022, særleg i Helse og velferd, så denne utviklinga er gledeleg.


Sosiale utgifter er samla 14,6 mill. kr lågare enn i 2022, men nesten 58 mill. kr høgare enn (regulert) budsjett. Som varsla gjennom året har utgiftene til pensjon lagt an til ei stor auke som følgje av eit solid lønsoppgjer for tilsette og pensjonistar. Samtidig har kommunen, i samsvar med budsjettet, brukt 65,7 mill. kr av premiefond. Denne planlagde bruken av premiefond er langt høgare enn i 2022 og forklarar i stor grad at sosiale utgifter samla er lågare enn i 2022. Premieavviket spelar og inn. I 2023 har vi utgiftsført premieavviket for 2022 (inkludert arbeidsgjevar avgift) på 57 mill. kr, men samtidig inntektsført premieavviket for 2023 på 101,9 mill. kr. Premieavviket for 2023 skal utgiftsførast i 2024 (1 års amortisering).

Kjøp av varer og tenester aukar med 27,3 mill. kr frå 2022 tilsvarande 4,5%. Tilskot til private barnehagar, kjøp av BPA tenester (Brukar retta personleg assistanse) og kjøp av legetenester er dei postane som har størst auke frå 2022, medan utgifter til straum er den posten som er mest redusert frå 2022.

Overføring og tilskot til andre omfattar utgifter til moms, sosialhjelpsutgifter, ulike tilskot og overføring til kommunale føretak. Utgiftene har auka med 6,2 mill.kr tilsvarande 4,7%, men har i stor grad samanheng med at ein konto er flytta frå Kjøp av varer og tenester til denne gruppa. I 2022 hadde kommunen store utbetalingar til næringslivet i samband med statlege «korona-pakkar». Det har ein ikkje hatt i 2023, så utgiftene på den kostnadsarten dette blir ført på er kraftig redusert.

Avskrivingar er ført med nærare 148 mill. kr. Avskrivingar har i kommunane ikkje effekt på netto driftsresultat.

Vi kan illustrere fordelinga av driftsutgiftene slik:



Figuren viser kva for type utgifter kommunen har i 2023.

Finans

Finans pr art	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. Budsjett 2023	Regnskap 2022	Endring mot Reg budsjett	Endring mot oppr. Budsjett	Endring mot regnskap 2022
Tal i heile tusen							
Renteinntekter	- 39 395	- 29 004	- 9 000	- 17 781	10 391	30 395	21 614
Utbytter	- 4 043	- 1 000	- 1 000	- 3 847	3 043	3 043	196
Gevinst og tap fin. Omløpsmidl	- 21 979	-	-	9 447	21 980	21 979	31 426
Renteutgifter	121 123	123 000	119 000	71 521	1 877	- 2 123	- 49 602
Avdrag på lån	110 043	107 661	107 661	106 526	- 2 383	- 2 383	- 3 517
Sum netto finansutgifter	165 749	200 657	216 661	165 866	34 908	50 911	117

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sine finanspostar for 2023, 2022, opprinneleg og revidert budsjett samt avvik mellom desse.

Netto utgifter til finans er 165,8 mill. kr i 2023 nesten identisk med 2022. Som følge av den generelle renteoppgangen har renteutgiftene til kommunen auka, sjølv om ein del av porteføljen har fastrente avtaler. Renteutgiftene er 49,6 mill. kr høgare i 2023 enn i 2022, men er likevel innafor (regulert) budsjett. Sentralbanken har gjennom året halde fram med å auke styringsrenta i håp om å få bukt med inflasjonen. I starten av året var styringsrenta 2,75% og ved utgangen av året var styringsrenta oppe i 4,5% etter ei renteheving i desember. NIBOR-renta, som dei fleste låna tar utgangspunkt i, har dermed også auka. Ved starten av året låg NIBOR-renta på 3,26%, medan den ved slutten av året var 4,73%. Det er von om at rentetoppen er nådd for denne gongen.

I budsjettet for 2023 blei det lagt til grunn ei flytande rente på gjeldsbrevlån på 4,35% og sertifikatlån med 3,75%. Fastrentelån blei budsjettert med sine respektive satsar. Gjennomsnittleg rente på kommunen sine lån ved utgangen av året er 4,15%.

Frå 2022 har kommunen gått over til å føre minimumsavdrag (lågaste tillate nivå på avdrag), dette for å lette belastninga på driftsbudsjettet. Budsjettet for avdrag var sett litt for lågt, og avdraga måtte aukast noko for å sikre at vi ville vere innafor minstekravet.

Kommunen si lånegjeld er nærare omtalt under avsnittet om langsiktig lånegjeld.

Renteauken fører og til at renteinntektene også har auka, i 2023 med heile 21,6 mill. kr. Kommunen sin hovudbank er DnB ASA.

Utbytte frå aksjeselskap er relativt stabilt og kjem i hovudsak frå BIR AS.


Sjølv om situasjonen i 2023 også har vore sterkt prega av inflasjon og renteauke, har marknaden hatt tru på at sentralbankane vil få kontroll på inflasjonen gjennom stadige hevingar av styringsrenta. Saman med gode innteningstal i mange sektorar gjer dette at 2023 har vore eit godt år i aksjemarknaden.

Bjørnafjorden kommune har ein finansportefølje som består av langsiktige finansielle midlar som ikkje er meint å skulle dekke løpande betalingsplikter komande år. Midlane skal gje høgast mogleg avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Finansreglementet stiller krav til at kommunen sine langsiktige finansielle midlar skal være godt diversifiserte, ved bruk av ulike aktiva klasser og spreining på ulike fond innan kvar aktiva klasse. Oversikt over langsiktige finansielle midlar 31.12.2023:

RAPPORT - LANGSIKTIGE MIDLAR		2023						
Tal i heile tusen	Marknads-verdi	Fordeling %	Avkastning	Avkastning %	Ref. indeks	Strategi	Min. - maks.	Kontroll
Pengemarknadsfond	15 740	9,6 %	949	6,0 %	3,4 %	10 %	5% - 30%	Ok
Norske obligasjonsfond	16 511	10,1 %	1 015	6,6 %	4,2 %	10 %	5% - 30%	Ok
Globale obligasjonsfond	49 717	30,3 %	3 486	7,0 %	5,2 %	30 %	20% - 40%	Ok

Eigedomsfond	17 070	10,4 %	- 1 408	-7,6 %	6,5 %	10 %	0% - 20%	Ok
Norske aksjefond	15 800	9,6 %	1 333	9,1 %	11,2 %	10 %	5% - 30%	Ok
Globale aksjefond	49 235	30,0 %	8 985	22,2 %	23,9 %	30 %	20% - 40%	Ok
SUM	164 073	100 %	14 360	9,6 %	10,6 %	100 %		

Tabellen gir ein oversikt over samansetninga og avkastninga til kommunen sin finansportefølje i 2023.



Figuren gir ein oversikt over samansetninga til kommunen sin finansportefølje i 2023 i eit kakediagram.

Avkastninga på Bjørnafjorden kommune sine langsiktige finansielle midlar i 2023 var 14,4 mill. kr, tilsvarande 9,6%. Dette er noko svakare enn referanseindeksen på 10,6%. Hovuddelen av avkastninga kjem frå globale aksjefond. Det er positivt tal i alle segment med unntak av eigedom, der avkastninga er negativ med 1,4 mill. kr.

Kommunen plasserte frå 01.05.2023 delar av dei kortsiktige midlane (overskotslikviditeten) i pengemarknadsfond med lav risiko (200 mill. kr) og bankplassering med 1 mnd. bindingstid (100 mill. kr).

RAPPORT - KORTSIKTIGE MIDLAR 2023							
Tal i heile tusen	Marknads- verdi	Fordeling	Avkastning	Avkastning %	Strategi	Min. - maks.	Kontroll
Midlar til driftsføremål							
Innskot i bank (eks skattetrekk)	439 785	100 %	24 960	4,41%*	100 %	100% - 100%	Ok
Overskotslikviditet							
Innskot i bank (frå 01.05.2023)	103 432	33,3 %	4 766	3,43%**	50 %	20% - 100%	Ok
Pengemarknadsfond (frå 01.05.2023)	207 626	66,7 %	7 626	3,84%**	50 %	0% - 80%	Ok
	311 058						

* Rentesatsen for innskot i bank er eit berekna gjennomsnitt for heile året

*** Rentesatsen for overskotslikviditet er eit berekna gjennomsnitt for perioden 01.05.2023 - 31.12.2023

*** Avkastningsbeløpet for overskotslikviditet er for heile året, der ca. 3,4 mill. kr gjeld perioden 01.05.2023 - 31.12.2023

Tabellen gir ein oversikt over samansetninga og avkastninga til kommunen sine kortsiktige midlar i 2023.

Likviditeten er framleis tilfredsstillande, men har gått noko ned sidan utgangen av 2022.

Kommunen har frå 2023 nytta Norne Securities som uavhengig rådgivar i samband med forvaltning av finansporteføljene, etter at rådgivar-avtalen var på anbod hausten 2022.

Dekning av netto driftsresultat

Dekning av netto driftsresultat:	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. Budsjett 2023	Regnskap 2022
Tal i heile tusen				
Overføring til investering	13 247	13 247	1 000	26 092
Avsetninger til bundne driftsfond	9 500	-	-	6 892
Bruk av bundne driftsfond	- 10 356	- 1 153	-	- 69 324
Avsetninger til disposisjonsfond	42 534	124 139	22 467	85 327
Bruk av disposisjonsfond	- 92 096	- 92 095	- 23 500	- 133 349
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum dekning av netto driftsresultat	- 37 171	44 138	- 33	- 84 362
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Tabellen viser korleis netto driftsresultat 2023 og 2022 er dekket.

Tabellen viser netto avsetningar og bruk av fond samt overføring av midlar til investeringsrekneskapen:

Det er overført 13,2 mill. kr frå driftsrekneskapen til finansiering av investeringsutgifter. Dette omfattar i hovudsak 9 mill. kr vedr utlån til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, 3 mill. kr til kjøp av aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS og 1 mill. kr i budsjetttert overføring, m.a. for å dekke eigenkapitalinnskot i KLP.

Det er avsett 9,5 mill. kr til bundne driftsfond og omfattar avsetningar vedr sjølvkost, konsesjonsavgift og diverse statstilskot og gåver som ikkje er nytta i året. Det er brukt 10,4 mill. kr av bundne driftsfond avsett tidlegare år. Mykje av dette gjeld sjølvkost.

Det er brukt 92,1 mill. kr av kommunen sine disposisjonsfond. Midlane er i hovudsak gått til dekning av premieavvik frå 2022 (55,6 mill. kr), budsjetttert saldering av kommunebudsjettet (23,5 mill. kr), utlån til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (9 mill. kr) og kjøp av aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS (3 mill. kr).

Det er avsett 42,5 mill. kr til disposisjonsfond. Budsjetttert avsetning er 124,1 mill. kr og omfattar:

- Formannskapet sitt disposisjonsfond 0,8 mill. kr
- Kommunestyret sitt disposisjonsfond («budsjettoverskot 2023») 21,7 mill. kr
- Premieavvik 2023 101,7 mill. kr

Ved avslutning av driftsrekneskapen for 2023 viste denne eit meirforbruk på 81,6 mill. kr. I samsvar med rekneskapsreglane er det gjennomført strykingar med tilsvarende beløp, slik at meirforbruk etter strykingar er kr 0. Sagt med andre ord har vi stroke (reduisert) avsetning til disposisjonsfond med 81,6 mill. kr frå budsjetttert beløp 124,1 mill. kr til 42,5 mill. kr. Det er gjennomført slike strykingar i driftsrekneskapen for 2023:

- Formannskapet sitt disposisjonsfond med 0,8 mill. kr
- Kommunestyret sitt disposisjonsfond med 21,7 mill. kr
- Premieavvik 2023 med 59,1 mill. kr

Konsolidert rekneskap

Konsolidert rekneskap for Bjørnafjorden kommune 2023 viser eit netto driftsresultat på -38,8 mill. kr. Konsolidert rekneskap omfattar Bjørnafjorden kommune, Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF og Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men konsern-interne transaksjonar er eliminerte.

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF har eit positivt netto driftsresultat på 0,9 mill. kr. Netto driftsresultat er avsett til disposisjonsfond i selskapet, og årets meir-/mindreforbruk er kr 0. Selskapet sin resultatgrad er 4,4%.

Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF har eit negativt netto driftsresultat på 2,6 mill. kr. Selskapet sin resultatgrad er -14,4. Disposisjonsfondet på 0,3 mill. kr er brukt opp i 2023. Årets meirforbruk er 0,7 mill. kr og dette blir framført til inndekking i seinare år.

Som følgje av meirforbruket i Oseana Kunst- og kultursenter Bjørnafjorden KF viser dermed den konsoliderte rekneskapen for Bjørnafjorden kommune eit meirforbruk på 0,7 mill. kr som blir framført til inndekking i seinare år.

Avvik mellom budsjett og rekneskap

Samla rapport på bevilgningsnivå viser:

	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2023	Oppr. Budsjett 2023	Regnskap 2022	Endring mot Reg budsjett	Endring mot oppr. Budsjett	Endring mot regnskap 2022
Tal i heile tusen							
Fellesområde	- 16 758	- 70 320	- 3 272	59 015	- 53 562	13 486	75 773
Stab	55 882	56 465	54 849	55 571	583	- 1 033	- 311
Oppvekst	833 797	795 403	746 124	756 444	- 38 394	- 87 673	- 77 354
Helse og Velferd	758 483	699 375	665 135	718 478	- 59 108	- 93 348	- 40 005
Samfunnsutvikling	78 175	67 883	60 703	93 069	- 10 292	- 17 472	14 894
Sum løyvingar drift, netto	1 709 580	1 548 806	1 523 539	1 682 577	- 160 773	- 186 041	- 27 002

Tabellen viser ein oversikt over rekneskapen og budsjetta til sektorane for 2023 og 2022.

Oversikten viser at det er store negative avvik mellom rekneskapen og budsjett for alle sektorane med unntak av Stab som har ein liten pluss. Det er slik vi ser det mest relevant å samanlikne rekneskapen for 2023 med regulert budsjett 2023, då midlar til å dekke lønsoppgjøret og politiske vedtak i 2023 ikkje er fordelt til sektorane i opprinneleg budsjett. Tala viser at sektorane brukte over 160 mill. kr meir enn budsjettet i 2023. Vi har følgjande kommentarar til sektorane sine resultat i 2023:

Fellesområde

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Rekneskapen for 2023 viser at Fellesområde fekk eit overforbruk på ca. 53,6 mill. kr i forhold til budsjett. Avviket knyter seg i hovudsak til pensjon. Lønsoppgjøret for tilsette og pensjonistar blei langt høgare enn det pensjonsleverandørane og dermed kommunen la til grunn for 2023, og meirutgiftene er ført på Fellesområde. Årets premieavvik blei positivt med 101,95 mill. kr inkl. arbeidsgivaravgift. Beløpet blei i utgangspunktet sett av på fond for å dekke utgiftsføringa i 2024, men som følgje av det blei nødvendig å gjennomføre strykingar for å få meirforbruket i 0, måtte fondsavsetninga reduserast. Saldo på disposisjonsfond for premieavvik pr 31.12.2023 er 42,5 mill. kr. Dette må ikkje forvekslast med premiefond som ligg hos pensjonsleverandørane. Det blei i 2023 brukt 65,7 mill. kr av premiefond i samsvar med budsjettet beløp. Saldo på premiefondet i Storebrand pr 31.12.2023 er kr 213,9 mill. kr (etter tilført avkastning).

Kommunen har og premiefond hos KLP der saldo 31.12.2023 er 11,3 mill. kr.

Stab

Rekneskapen for 2023 viser at Stab fekk eit mindreforbruk på nærare 0,6 mill. kr. i forhold til budsjett. Stab har gjennomført ytterlegare nedbemanning i 2023 med 1 årsverk (økonomiavdelinga). Etter fleire år med nedbemanning og andre kostnadsreduksjonar er det såleis balanse mellom kostnadsnivå og budsjettrammer i stab. Nokre «fellespostar» er no på eit så lavt nivå at det vil kunne få konsekvensar for øvrige delar av kommuneorganisasjonen.

Oppvekst

Rekneskapen for 2023 viser at Oppvekst fekk eit overforbruk på 38,4 mill. kr i forhold til budsjett. Av dette gjeld 12,2 mill. kr skulane, 11,6 mill. kr barnehagane, 5,7 mill. kr Familiens hus medan 8,9 mill. kr knytter seg til Fagstab og felles satsingar. Overforbruket for skulane skuldast i stor grad auka utgifter knytt til elevar med store hjelpebehov, men det har og vore utfordringar med drifta som følgje av høgt sjukefråvær. Overforbruket vedr barnehagane kan grovt sett delast i auka tal barnehageplassar (det var budsjettert med ein nedgang) og «ugunstig» forhold mellom plassar og bemanningsnorm i små barnehagar. Overforbruket i Familiens hus gjeld i hovudsak barnevernsplasseringar medan overforbruket i Fagstab og felles satsingar er relatert til innsparingskrav som ikkje er fordelt ut på einingane og heller ikkje realiserte.

Oppvekst sine budsjettrammer for 2023 inneheldt føresetnad om store innsparingar i året, og at konsulentrapport frå PWC skulle kome med framlegg til kostnadsreduserande tiltak. Rapporten frå PWC viste at det største innsparingspotensialet for Oppvekst låg på endring av skulestruktur. Kommunestyret bad om ei konsekvensutgreiing av å endre skulestruktur, og utsette avgjerd om dette til slutten av året. Føresetnadene til Oppvekst for å halde budsjettrammene i 2023 var såleis ytterst vanskelege, sjølv om ikkje alle avvik og meirforbruk i sektoren skuldast dette forholdet.

Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Helse og velferd

Rekneskapen for 2023 viser at Helse og velferd fekk eit overforbruk på 59,1 mill. kr i forhold til budsjett. Overforbruket kan grovt delast i to: Fagstab og felles satsingar med ca. 35,6 mill. kr og Legevakt og legetenester med ca. 20 mill. kr. Overforbruket i Fagstab og felles satsingar er relatert til innsparingskrav som ikkje er fordelt ut på einingane og heller ikkje er realiserte. Utgiftene til legevakt og legetenester har auka kraftig dei siste åra etter innføring av «Nordsjø-turnus» og andre gunstige ordningar for å sikre gode legetenester i kommunen. Alle delar av dette området har overforbruk: legevakt med ca. 6,2 mill. kr, legetenester med ca. 7 mill. kr, Moberg legesenter med ca. 1,5 mill. kr og Eikelandssosen legesenter med ca. 5,3 mill. kr. Det skal i 2024 gjerast ei utgreiing av legevaktordninga etter at kommunedirektøren foreslo å legge ned legevaktstasjonen i Eikelandssosen i budsjettframlegget for 2024.

Også Helse og velferd sine budsjettrammer for 2023 inneheldt føresetnad om store innsparingar i året, og at konsulentrapport frå PWC skulle kome med framlegg til kostnadsreduserande tiltak. Rapporten frå PWC viste at det var potensiale for ei rekke innsparingstiltak i sektoren, men presiserte at fleire av tiltaka ville ta (lang) tid å gjennomføre. Kommunestyret godkjente store delar av innsparingstiltaka frå PWC rapporten, men det var ikkje samsvar mellom føresetnadene om innsparing i budsjettet og kva som var mogleg å gjennomføre av innsparingstiltak i 2023.

Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Samfunnsutvikling

Rekneskapen for 2023 viser at Samfunnsutvikling fekk eit overforbruk på 10,3 mill. kr i forhold til budsjett. Overforbruket var høgare enn venta. Samferdsle har det største overforbruket med nærare 8 mill. kr, og det er snøbrøyting som står for mesteparten. Brann har eit overforbruk på 5,8 mill. kr m.a. knytt til høge overtidskostnader, lovpålagd kursing og høge utgifter til drift av bilparken. Kart og oppmåling har eit overforbruk på nærare 2 mill. kr som følgje av lågare gebyrinntekter enn budsjettet. Dei andre einingane går stort sett litt i pluss og minus, med unnatak av Eigedom drift som har ei innsparing på 8,1 mill. kr. Innsparinga gjeld i stor grad lågare utgifter til straum og reinhaldstenester.

Også Samfunnsutvikling sine budsjetttrammer for 2023 inneheldt føresetnad om innsparingar i året, og at konsulentrapport frå PWC skulle kome med framlegg til kostnadsreducerande tiltak. Kommunestyret godkjente store delar av innsparingstiltaka frå PWC rapporten, og mesteparten av tiltaka er gjennomført. Overforbruk på andre postar gjorde at sektoren likevel fekk overforbruk.

Det vil vere meir utfyllande informasjon om økonomien i dei enkelte tenestene under sektoren sin del av årsmeldinga.

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen for 2023 er gjort opp i balanse (0).

Økonomisk oversikt - investering				
Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2023	Regnskap 2022
Investeringsutgifter	197 229	230 671	218 500	218 486
Investeringssinntekter	188 859	222 603	217 500	241 259
Netto utgifter videreutlån	1 758	4 444	-	5 330
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	- 10 128	- 12 512	- 1 000	17 443
Fremført til inndecking i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0

Tabellen viser eit samandrag av investeringsrekneskapen for 2023 og 2022.

Investeringsutgifter

Det er i 2023 investert i anlegg/tomter for 182,4 mill. kr, omtrent på same nivå som 2022. Beløpet er lågare enn budsjettet som følgje av forseinkingar i enkelte prosjekt som t.d. hjelpemiddellager/base heimetenester. Det er overført 9 mill. kr til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS vedr forskottering av veg og teknisk infrastruktur i Samnøy industriområde, og 1,6 mill. kr til Nore Neset idrettslag vedr forskottering av spelemidlar. Det er kjøpt aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS for 3 mill. kr. Dette er dei største investeringsprosjekta i 2023:

Største investeringsprosjekt 2023						
Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2023	Regnskap 2022	Endring mot Reg budsjett	Endring mot oppr. Budsjett
Bufellesskap	39 741	39 024	35 000	2 106	- 716	- 4 741
Jettegryta barnehage	20 644	24 300	22 000	26 623	3 656	1 356
Kjøp av utleigebustader	8 489	9 000	9 000	-	511	511
Ombygging kommunale bygg	5 872	5 000	5 000	7 797	- 872	- 872
Stallabrotvegen - utviding	5 640	4 000	-	7 756	- 1 640	- 5 640
Vassprosjekt	40 191	36 847	35 000	23 485	- 3 344	- 5 191
Avlaupsprosjekt	34 401	35 000	35 000	22 924	599	599

Tabellen viser ein oversikt over dei største investeringsprosjekta i 2023 målt mot budsjett

Det er investeringar i ulike vassprosjekt som er største prosjekt i 2023. Vassprosjekt inneheld fleire underprosjekt der råvassleidning mellom Storestraumen og Krokvatnet er det største. Også vatn og avlaupsleidningar vedr Landboden er store prosjekt i 2023. Over bakken er det bygging av nytt bufellesskap på Søfteland som er største prosjektet. Bufellesskapet skal ha seks bueiningar, fellesareal og personalbase, og er planlagt ferdigstilt i 2024. Også Jettegryta barnehage var eit stort prosjekt i 2023. Barnehagen har fire avdelingar og blei tatt i bruk august 2023.

Investeringssinntekter

Investeringssinntekter består i 2023 av lån, mva kompensasjon, sal av varige driftsmidlar og tilskot. Det er som vanleg bruk av lån som er den største finansieringskjelda for dei kommunale investeringane. Det er i 2023 brukt 152,8 mill. kr i lån. Dette er noko meir enn i 2022 då det blei

brukt 111,7 mill. kr, men mindre enn budsjettet på 186,7 mill. kr. Det er selt varige driftsmidler for 11,1 mill. kr, m.a. sal av parkeringsplassar og kommunale bustader.

Netto utgifter vidareutlån

Netto utgifter vidareutlån omfattar kommunen sine inntekter og utgifter vedr startlån. Kommunen har i 2023 fått inn litt mindre avdrag frå låntakarane enn det vi har betalt i avdrag på låna i Husbanken.

Overføring frå drift og netto avsettingar

Det er overført 13,2 mill. kr frå driftsrekneskapen til finansiering av investeringsutgifter. 9 mill. kr av dette er utlån til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS og 3 mill. kr gjeld kjøp av aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS. Det er brukt av, og avsett til, midlar vedr bundne investeringsfond. Dette gjeld stort sett ekstra innbetalingar vedr startlån frå låntakarar. Kommunen setter desse midlane av på fond slik at dei kan finansiere tilsvarande nedbetaling på startlån kommunen har i Husbanken. Inntekter frå sal av parkeringsplassar (5,9 mill. kr) er sett av på ubunde investeringsfond til framtidig utbygging av parkeringsplassar, i samsvar med vedtak i K-sak 88/21.

Balansen

Eit samandrag av balansen ser slik ut:

Oversikt - balanse			
tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Anleggsmidler	6 701 343	6 513 921	- 187 422
Omløpsmidler	1 211 286	1 335 906	124 619
Sum eiendeler	7 912 630	7 849 827	- 62 803
Egenkapital	2 184 963	2 267 915	82 952
Langsiktig gjeld	5 371 140	5 235 392	- 135 747
Kortsiktig gjeld	356 527	346 520	- 10 007
Sum egenkapital og gjeld	7 912 630	7 849 827	- 62 803

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin balanse pr 31.12.2023 og 31.12.2022.

Eigendelar

Kommunen har følgjande anleggsmidler pr 31.12.2023:

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler	4 231 273	4 203 427	- 27 846
Finansielle anleggsmidler	365 560	281 099	- 84 461
Immaterielle eiendeler	-	-	-
Pensjonsmidler	2 104 510	2 029 395	- 75 115
Sum anleggsmidler	6 701 343	6 513 921	- 187 422

Figuren viser oversikt over kommunen sine anleggsmidler pr 31.12.2023 og 31.12.2022

Varige driftsmidler omfattar kommunen sine eigedomar, anlegg og maskiner. Auken reflekterer årets investeringar fråtrekt avskrivningar og ev. sal. Det er relativt liten netto auke frå året før.

Finansielle anleggsmidler består av kommunen sine langsiktige aksjar (ikkje ein del av finansporteføljen) med 45,9 mill. kr og utlån med 319,6 mill. kr. Langsiktige aksjar har auka med 3,8 mill. kr frå året før, mykje grunna kjøp av aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS. Utlåna er 80,7 mill. kr høgare enn året før. Det meste gjeld utlån av startlån frå Husbanken, men det er og gitt 9 mill. kr i lån til Bjørnafjorden Utviklingsselskap og 1,6 mill. kr til Nore Neset idrettslag (forskottering spelemidler).

Pensjonsmidlane er ført opp i samsvar med oppstilling frå pensjonsleverandørane og reflekterer det som er spart opp i pensjonsordningane. Auken frå 2022 omfattar m.a. innbetalt premie i året.

Kommunen har følgjande omløpsmidlar pr 31.12.2023:

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Omløpsmidlar			
Bankinnskudd og kontanter	587 884	921 136	333 252
Finansielle omløpsmidler	371 614	149 649	- 221 965
Kortsiktige fordringer	251 789	265 121	13 332
Sum omløpsmidlar	1 211 286	1 335 906	124 619
Sum eigndelar	7 912 630	7 849 827	- 62 803

Tabellen viser oversikt over kommunen sine omløpsmidlar pr 31.12.2023 og 31.12.2022

Bankinnskota er redusert med 333,3 mill. kr frå 2022 til 2023. Dette er ein høg sum som m.a. reflekterer den dårlege økonomiske utviklinga i kommunen. Som ein del av kommunen sine driftsinntekter og dermed netto driftsresultat inngår årets premieavvik med 101,7 mill. kr. Dette er berre eit rekneskapstal, og ingen innbetaling til kommunen. Likevel er ikkje reduksjonen av bankinnskot så dramatisk som tala først gir inntrykk av; kommunen overførte i starten av året 200 mill. kr frå bankinnskot til pengemarknadsfond (plassering av overskotslikviditet). Dette forholdet ser ein igjen under Finansielle omløpsmidlar som er auka som følgje av dette samt den positive avkastninga på langsiktig og kortsiktig finansportefølje.

Kortsiktige fordringar er noko redusert i forhold til året før. Kundefordringane er relativt stabile, men saldo på periodiseringskonto er ein del lågare i 2023 enn i 2022. Motsett effekt har saldo på premieavviks-konti, som er høgare i 2023 enn året ført som følgje av stort positivt premieavvik i 2023.

Eigenkapital

Kommunen har følgjande eigenkapital pr 31.12.2023:

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Eigenkapital			
Disposisjonsfond	539 930	589 492	49 561
Bundne driftsfond	42 381	43 237	856
Ubundne investeringsfond	100 049	94 869	- 5 179
Bundne investeringsfond	9 092	11 152	2 060
Annen egenkapital	1 493 511	1 529 164	35 654
Sum eigenkapital	2 184 963	2 267 915	82 952

Tabellen viser ein oversikt over kommunen sin eigenkapital pr 31.12.2023 og pr 31.12.2022

Storleiken på disposisjonsfonda er redusert med 49,6 mill. kr frå 2022 til 2023. Som omtalt under avsnittet Dekning av netto driftsresultat er hovudendringane i 2023 knytt til budsjetttert saldering av kommunebudsjettet (23,5 mill. kr), utlån til Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (9 mill. kr) og kjøp av aksjar i Fusa Utviklingsselskap AS (3 mill. kr) samt endring i avsetning/bruk av fond til premieavvik. Inntekter frå sal av parkeringsplassar (5,9 mill. kr) er sett av på ubunde investeringsfond til framtidig utbygging av parkeringsplassar og utgjør største endringa i ubundne investeringsfond. Det er berre mindre endringar i dei andre fonda. Annan eigenkapital er i stor grad det som heiter kapitalkonto. Her blir det m.a. ført kjøp/sal og avskrivning av anleggsmidlar/aksjar, utlån og avdrag på desse, bruk av lån og avdrag på lån og endring i pensjonsplikter.

Langsiktig gjeld

Kommunen har følgjande langsiktige gjeld pr 31.12.2023:

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Gjeld til kredittinstitusjoner	2 150 826	2 227 119	76 293
Obligasjonslån	822 000	722 000	- 100 000
Sertifikatlån	370 540	370 540	-
Pensjonsforpliktelse	2 027 773	1 915 733	- 112 041
Sum langsiktig gjeld	5 371 140	5 235 392	- 135 747

Tabellen viser endring i kommunen sin langsiktige gjeld inkl. pensjonsforpliktelse.

Kommunen sin langsiktige lånegjeld pr 31.12.2023 er 3,34 mrd. kr mot 3,32 mrd. kr året før. Kommunen sin gjeldsportefølje består av lån tatt opp for å finansiere kommunen sine anleggsmidlar (investeringslån), og lån tatt opp til vidare utlån (startlån). Kommunen si målsetting er å forvalte gjeldsporteføljen slik at dei langsiktige finanskostnadene blir lågast mogleg innanfor definerte krav til forutsigbarhet, stabilitet og renterisiko.

Låna er tatt opp som ordinære gjeldsbrevlån, obligasjonslån og sertifikatlån. Av lånegjelda er 283,2 mill. kr startlån til vidareutlån.

I 2023 blei det tatt opp lån til investeringar med 90 mill. kr og startlån til vidareutlån med 60 mill. kr. Det er gjennomført anbodskonkurranse i samband med låneopptak til investeringar. Låneopptaket til investeringar i 2023 er lågare enn budsjettert m.a. som ein konsekvens av forseinkingar i enkelte prosjekt. Deler av låneporteføljen har rentebinding for å redusere risiko for auka utgifter ved ev renteauke. Samansetninga av låneporteføljen pr 31.12.2023 er slik:

Tal i heile tusen						
Rapport gjeldsportefølje 3 tertial 2023	Beløp	Fordeling	Rentesats	Strategi	Min-maks	Kontroll
Lån med rentebinding under 1 år *	2 551 380	76,3 %	4,58 %	60 %	30%-80%	Ok
Lån med	487 470	14,6 %	3,18 %	30 %	10%-	Ok

rentebinding 1 - 5 år (fast rente)					50%	
Lån med rentebinding 5 - 10 år (fast rente)	289 000	8,6 %	1,88 %	10 %	0%-30%	Ok
Finansiell leigekontrakt	15 516	0,5 %	5,00 %			
SUM	3 343 366	100 %				
* Rentesatsen er et vektet gjennomsnitt for						
komande periode (til neste forfall)						
Andel sertifikat/eller obligasjonslån	1 192 540	35,7 %			0%-40%	Ok
Andel derivat	0	0 %			0% - 20%	Ok

Tabellen viser samansetninga av lånegjelda i 2023 med omsyn til fast/flytande rente.

Finansreglementet har sett ei maksimal grense for andel sertifikat eller obligasjonslån («bullet lån») på 40% for å avgrense refinansieringsrisiko. Ein kontroll viser at gjeldsporteføljen er innafor denne regelen.

Ut frå bokførte verdier kan vi rekne at om lag 1,09 mrd. kr av gjelda kan tilskrивast sjølvkostanlegg (i hovudsak vass- og kloakkområdet), medan 110,8 er lån med rentekompensasjon frå staten. Dette betyr at ein god del av lånegjelda har eksternfinansiert rente:

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022
Totale innlån	3 343 366	3 319 659
Herav startlån til vidare utlån	283 164	239 414
Lån til investeringsformål	3 060 202	3 080 246

Lån knytt til sjølvkost*	1 094 042	1 058 665
Lån med rentekompensasjon	110 839	121 102
Lån med ekstern finansiert rente	1 204 881	1 179 766
Lån som blir finansiert av kommunen	1 855 321	1 900 479

Tabellen gir ein oversikt over kor stor del av låna som har eksternfinansiert rente.

Oversikten viser at lån til investeringsføremål går ned i forhold til 2022. Det same gjer lån der kommunen har eigenfinansiert rente. Sett i samanheng med at investeringsbudsjetta i komande økonomiplan periode legg opp til ein redusert investerings- og låne takt, kan det sjå ut til at kommunen med dette har passert «gjeldstoppen», og er på veg til å snu trenden med veksande gjeld.


Andre trekk ved låneporteføljen pr 31.12.2023:

Tal i heile tusen	
Nøkkeltal lånegjeld	3 tertial 2023
Vekta gjennomsnittrente	4,15 %
Rentebindingstid	1,05
Løpetid/kapitalbinding	8,04
Budsjettert avdragstid	28,5
Verdi på lån som har forfall innan 1 år	703 540
Rentesensitivitet ved 1% renteauke	25 514

Tabellen viser ulike nøkkeltal knytt til låneporteføljen pr 31.12.2023.

Rentebindingstida viser kor lenge renta på låna er fast medan løpetida/kapitalbindinga viser kor lang tid det tar før låna er forfalt til betaling. Tidlegare var dei fleste låna gjeldsbrevlån med lang avdragstid, medan det no er større innslag av sertifikatlån og obligasjonslån utan avdrag («bullet-lån»). Desse låna har som regel lågare rente, men har ein refinansieringsrisiko. Merk at nøkkeltalet rentesensitivitet ikkje tar omsyn til at deler av låneporteføljen har ekstern finansiert rente (startlån, avgiftsfinansierte lån og rentekompenserte lån).

Om vi måler langsiktig gjeld eks pensjonsforplikter i forhold til driftsinntektene er nøkkeltalet 135,4% (konserntal).



Figuren viser lånegjeld i % av driftsinntekter for kommunen, landet eks Oslo og kostra gruppe 9 basert på førebelse kostra tal pr. 15.03.2024. Endelege tal og tal for landet kjem i slutten av juni.

Figuren viser at lånegjelda i Bjørnafjorden kommune målt i forhold til driftsinntektene er framleis vesentle høgare enn landsgjennomsnittet, og høgare enn kostragruppa vår. Nøkkeltalet har imidlertid utvikla seg positivt i forhold til 2022, då nøkkeltalet var 140,5%. Tala for landet er relativt stabile i forhold til året før, medan talet for kostragruppe 9 har gått noko ned.

Merk og at kommunen har stilt garantiar for andre sine lån. Oversikt over kommunale garantiar ligg i notane til årsrekneskapen.

Kortsiktig gjeld

Kommunen sin kortsiktige gjeld består av leverandørgjeld, ev. premieavvik og anna kortsiktig lånegjeld. Pr 31.12.2023 var kortsiktig gjeld slik:

Kortsiktig gjeld	Regnskap 2023	Regnskap 2022	Endring
Tal i heile tusen			
Leverandørgjeld	91 531	92 153	621
Likviditetslån	-	-	-
Derivater	-	-	-
Annen kortsiktig gjeld	264 996	254 202	- 10 794
Premieavvik	-	166	166
Sum	356 527	346 520	- 10 007

Tabellen viser ein oversikt over kortsiktig gjeld pr 31.12.2023 og 31.12.2022.

Leverandørgjelda er som i fjor relativt stabil, medan annan kortsiktig gjeld har auka noko. Annan kortsiktig gjeld består m.a. av skuldig skattetrekk, feriepengar og ymse periodiseringar. Auke i avsette feriepengar og påløpte renter utgjer hovudtyngda av auken frå 2022.

Andre nøkkeltal frå balansen

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er likviditetsgraden. Nøkkeltalet fortel om kommunen si evne til å dekkja sine kortsiktige plikter. Dette nøkkeltalet bør vera større enn 2. Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) er og ein måte å måla likviditeten på. Arbeidskapitalen bør vere positiv – då vil vår skuld til andre kunne dekkast av inneståande i bank og det andre skylder oss.

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	Regnskap 2022
Likviditetsgrad 1	3,4	3,9
Arbeidskapital	854 759	989 386

Tabellen viser likviditetsgrad og arbeidskapital pr 31.12.2023 og 31.12.2022.

Nøkkeltala er tilfredsstillande, men noko svakare enn i 2022.

Økonomistyring

Rutinar for økonomistyring

Kommunen praktiserer rammestyring. Dette inneber at kommunestyret tildeler budsjetttrammene på sektor-nivå, og sektor-budsjetta blir så vidarefordelt ut i organisasjonen slik at kvar einingsleiar får sitt budsjett som dei får ansvar for. Kommunalsjefane har likevel mynde til å flytte midlar internt i sin sektor. Kvart tertial blir det lagt fram ein rapport til kommunestyret om utviklinga i tenesteområda og den økonomiske stoda. Tertialrapportane fokuserer på kjerneoppgåver, mål/utviklingsområde og oppnådde resultat.

I tillegg til tertialrapportane rapporterer administrasjonen månadleg om økonomisk utvikling til formannskapet. Utvikling i langsiktig finansportefølje blir rapportert månadleg til formannskapet og kommunestyret, medan ein i tertialrapportane har ein meir grundig gjennomgang av utviklinga i finansområdet. Finansrapport blir utarbeidd etter utgangen av året.

Administrativt rapporterer einingane månadleg til kommunalsjef. Rapportane skal fokusere på å identifisere avvik eller fare for avvik i forhold til årsbudsjett, og i tilfelle vise til tiltak for korleis avvika skal lukkast. Økonomirådgivarane har utstrakt kontakt med einingsleiarane med tanke på oppfølging, kontroll og støtte. Kommunalsjefane utarbeider i samarbeid med økonomirådgivarane ei månadleg oppsummering av stoda for kvar sektor med fokus på prognose pr. 31.12.

Kommunen har utarbeidd økonomireglement som m.a. gjer greie for styringsprinsipp, økonomiske måltal, rapportering og avslutning av årsrekneskapen. Økonomireglementet blei rullert hausten 2022. Kommunen har utarbeidd finansreglement som m.a. gjer greie for krav til forvaltning, handtering av risiko, rapportering og administrative rutinar. Finansreglementet heimlar og kommunen sin finansstrategi og utføring av stress-test. Økonomiske reglement og rutinar ligg tilgjengeleg for alle i kommunens kvalitetssystem.

Økonomistyring i 2023

Økonomistyringa i 2023 må sjåast i samanheng med situasjonen i 2022. I 2022 gjekk den økonomiske stoda frå vondt til verre, då bortfall av store øyremerkte tilskot i samband med SIO prosjektet svekka den økonomiske stillinga til kommunen dramatisk. Det blei tydeleg at det var trong for ei omfattande endring i tenestene for å få økonomien i balanse. Mot slutten av 2022 engasjerte derfor kommunen konsultentselskapet PWC for å hjelpe oss med å identifisere moglege kostnadsreduserande tiltak.

Kommunestyret vedtok på bakgrunn av dette arbeidet ei rekke innsparings- og omstillingstiltak våren 2023, mesteparten innan helse og velferd. Fleire av tiltaka kravde tid til gjennomføring, til dømes ny bemanningsnorm i sjukeheimane. For Oppvekst var innsparingsframlegga frå konsultentselskapet i stor grad knytt til endra skulestruktur. Kommunestyret bad administrasjonen legge fram ei konsekvensvurdering av å endre skulestrukturen innan desember 2023.

Sektorane sine budsjetttrammer for 2023 spegla ikkje at innsparingstiltaka ville ta tid å gjennomføre eller at avgjerd om skulestruktur blei utsett. Føresetnadene deira for å halde budsjetttrammene i 2023 var såleis ytterst vanskeleg, og i dei månadlege rekneskapsrapportane blei det meldt om avvik gjennom heile året.

Likevel kan vi ikkje tilskrive alle avvik og overforbruk i sektorane til dette forholdet.

I arbeidet med budsjettet for 2024 har vi derfor arbeidd med ytterlegare innsparingstiltak for å ta ned overforbruket, og mesteparten av tiltaka er vedtatt av kommunestyret. Det er utforma eige rapporteringsverktøy som viser framdrifta av innsparingstiltaka og som blir lagt fram til kvart møte i formannskapet i tillegg til økonomirapportane. Det blir eit krevjande arbeid å realisere alle innsparingstiltaka, men det vil vere nødvendig for at vi skal lukkast med å snu den økonomiske situasjonen for kommunen.

Endring av rekneskapsprinsipp

Det har ikkje vore endringar i rekneskapsprinsipp dette året.

Folkehelse

Kommunane skal ha oversikt over helsetilstanden blant innbyggjarane og faktorar som påverkar denne. Kommunen følgjer med gjennom ulike indikatorar for levekår og helse og skal både ha løpande oversikt over folkehelsa og laga fireårig folkehelseoversikt. Bjørnafjorden sitt fireårige oversiktsdokument vart rullert i 2023 og du finn det [her](#). Rapporteringa under inngår i det løpande oversiktsarbeidet.

FHI leverer kvar vinter folkehelseprofilar, der dei viser resultata for kommunane på utvalde indikatorar for folkehelse. Dei siste åra har FHI valt eit årleg tema i folkehelseprofilen. Tema i folkehelseprofilen frå FHI for 2024 er **eldre si helse**. Indikatorar og figurar tek utgangspunkt i dette temaet, men mange indikatorar som gjeld yngre aldersgrupper er framleis med i folkehelseprofilen.

Profilen gir informasjon om helsetilstand og påverknadsfaktorar, og er eit grunnlag for det lokale arbeidet med å betra helsetilstanden. For kvar indikator vert det vist om kommunen skårar likt, signifikant **betre** eller **dårlegare** enn landsgjennomsnittet. Også «grøne» verdiar kan innebera ei viktig folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsgjennomsnittet ikkje alltid representerer eit ønska nivå. Heile profilen, med kjelder og forklaringar til indikatorane, finn du [her](#).

Resultata for Bjørnafjorden i folkehelseprofilen for 2024

Folkehelseprofilen for Bjørnafjorden for 2024 (med data frå 2023 eller tidlegare) viser at vi ligg **signifikant betre** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Vedvarande låginntekt alle aldrar
- Leiger bustad 45 år+
- Bur trangt, 0-17 år
- Valdeltaking
- Luftureining, eksponert
- Venta levealder, menn
- Venta levealder, kvinner
- Psykiske symptom/lidingar, 0-74 år
- Muskel og skjelett, 0-74 år
- Vaksinasjonsdekning, influensa

Bjørnafjorden ligg **signifikant dårlegare** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Del hushald som har gjeld større enn tre gongar inntekt
- Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. trinn
- Drikkevatn, hygienisk og stabilt
- Hjarte- og karsjukdom

Bjørnafjorden ligg dessutan **signifikant forskjellig** frå landsnivået når det gjeld:

- Del barn 0-17 år
- Del innbyggjarar over 80 år
- Personar som bur åleine, 75 år+

Kommentarar til område der vi ligg på raudt nivå

Lågaste meistringsnivå i lesing og rekning, 5. trinn

Frå 2022 er det «nye» nasjonale prøvar som er tilpassa Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Resultat frå nasjonale prøvar 2023/24 for Bjørnafjorden kommune viser ei positiv utvikling på resultat i rekning og lesing på 5. trinn, men resultata er framleis svakare enn ønska. Det er først over tid vi kan sjå om resultata frå 2023/24 er starten på ein positiv trend for læringsresultata i Bjørnafjorden. I folkehelseprofilen for 2024, som viser eit treårig gjennomsnitt, ligg vi framleis på raudt nivå for del elevar på lågaste meistringsnivå i lesing, 5. trinn.

Resultata for skulane våre vert grundigare presentert i den politiske saka kvalitetsmelding for skule.

Del hushald som har større gjeld enn tre gongar inntekt

SSB definerer høg gjeldsbelastning som tre gongar eller større enn hushaldet si samla inntekt før skatt. Både i høve til lands- og fylkesgjennomsnittet er det ein signifikant større del hushald i Bjørnafjorden som har ei gjeld som er tre gongar eller større enn samla inntekt. I Bjørnafjorden gjeld dette 23,3 % av hushalda, mot 20,8 % på landsbasis.

Hygienisk og stabilt drikkevatt

Etter god skår på hygienisk og stabilt drikkevatt ved førre måling (2021), er Bjørnafjorden tilbake på signifikant dårlegare skår enn landssnittet. Det er igjen leveringsstabilitet som trekkjer skåren ned, sjølv om leveringsstabiliteten no er på eit mykje høgare nivå enn kva som var tilfellet til og med 2020. Det er fleire prosjekt på gang hos oss, både planlagte og under gjennomføring, for å utbetra dei eldste og mest utsette delane av vassnettet.

Hjarte- og karsjukdom

Bjørnafjorden ligg signifikant høgare enn landet når det gjeld alvorleg hjarte- og karsjukdom, mål som dødsfall og/eller sjukehusinnlagte. Etter kreft, er hjarte- og karsjukdom på andreplass som årsak til tidleg død, dvs. før fylte 75 år.

Hjarte- og karsjukdomar skuldast arvelege faktorar i samspel med livsstilsfaktorar som røyking, høgt blodtrykk, høgt kolesterolnivå og diabetes. Utbreiinga av hjarte- og karsjukdomar kan gi informasjon om befolkninga sine levevanar.

Kommentarar i høve til folkehelseoversikt 2023-2026 for Bjørnafjorden

Rapporten «Levekår og helse i Bjørnafjorden, folkehelseoversikt 2023-2026», viste at vi låg på raudt nivå for **gjennomføring av vidaregåande opplæring**, dvs. at ein mindre del elevar hos oss enn landsgjennomsnittet gjennomførte innafor ein normert tidsperiode. Utdanning og arbeid er viktig for eit godt vaksenliv og sentralt for å lukkast i arbeidet mot familiefattigdom.

Både våre data og landsgjennomsnittet endrar seg over tid. Resultata i folkehelseprofilen frå FHI for 2024 viser at vi no er tilbake på gult nivå når det gjeld gjennomføring av vidaregåande opplæring for elevar busett i Bjørnafjorden. Gult nivå tyder at ein ikkje kan seia med sikkerheit om verdien ligg dårlegare eller betre an enn landssnittet.

Personal og organisasjon

Medarbeidar

Arbeidsgivarstrategi

Bjørnafjorden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

- som er nyskapande og endringsdyktig
- som har leiarar som viser veg og legg til rette for meistring
- som har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og riktig kompetanse

Strategiar:

1. Vi nyttar oppdatert kunnskap om beste praksis og driv eit systematisk utviklingsarbeid.
2. Vi er løysingsorienterte og serviceinnstilte.
3. Vi gjennomfører eit digitalt løft i heile organisasjonen.
4. Vi vågar å prøve noko nytt og bruker erfaringane til forbetring.
5. Vi satsar på tverrfagleg samarbeid og samskaping for å finne nye løysingar.

Leiarane set innbyggjarar, medarbeidarar og nyskaping i fokus, viser veg og legg til rette for meistring. Vi har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og riktig kompetanse. Det er meningsfylt og kjekt å jobbe i Bjørnafjorden kommune.

Tal på medarbeidarar

Mål: Å halde talet på innbyggjarar fordelt på årsverk likt, eller helst noko høgare år for år, slik at folkeveksten gjev oss rom for naudsynte investeringar.

Pr 31. desember 2023 var det 1734 fast tilsette i kommunen fordelt på 1382,39 årsverk.

Årsverk pr tenesteområde – og innbyggjarar pr årsverk

Sektor	2020	2021	2022	2023
Fellesutgifter	5,70	4,30		
Stab	68,69	65,30	40	37,20
Oppvekst	585,81	589,23	567,09	575,50
Helse og velferd	632,11	651,94	665,10	639,40
Samfunnsutvikling	125,33	123,68	128	130,29
Sum	1417,64	1434,45	1400,19	1382,39
Innbyggjarar	25049	25213	25596	26080
Innbyggjarar pr årsverk	17,66	17,57	18,28	18,86

Tal fast tilsette

Sektor	2020	2021	2022	2023
Stab	75	71	41	38
Oppvekst	664	665	656	638
Helse og velferd	914	925	955	892
Samfunnsutvikling	161	159	180	171
Sum	1814	1820	1827	1734

Tilsette fordelt på alder

Alle tilsette, uansett stillingstype, fordelt på 10 årig aldersgruppe

År	Aldersgruppering 10 år	Tal tilsette	Prosent
2023	<25 år	162	7,74
2023	25-34 år	406	19,04
2023	35-44 år	488	23,32
2023	45-54 år	572	27,33
2023	55-64 år	415	19,83
2023	>64 år	50	2,39

Likestilling og lønn

Fordeling av kvinner og menn i kommunedirektøren si toppleiargruppe er 3 menn (43%) og 4 kvinner (57%).

Kommunestyret består av 25 menn og 10 kvinner totalt 35 representantar. Totalt er kvinneandelen i kommunestyret 28,5%.

Formannskapet har totalt 9 medlemmer hvorav 6 er menn og 3 kvinner. Toalt 33,3 % kvinneandel.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Likestillingsarbeidet skal omfatte heile grunnlaget for diskriminering i lovverket. Dette skal skal vere knytt til rekruttering , lønns – og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmogelegheit, tilrettelegging og mogelegheit for å kombinere arbeid og familieliv, arbeid mot trakassering og seksuell trakassering og kjønnsbasert vold.

Likestillingsarbeidet er forankra i kommunen sin overordna strategi og hensynet til likestilling og ikkje-diskriminering er inkludert i personalpolitikken.

Likestilling mellom kjønna er eit mål innanfor yrkesgruppene kommunen sysselset. Likestilling skal vurderast ved alle kunngjeringar og tilsetjingar. Tilsette og leiarar skal aktivt fremje likestilling mellom kjønna.

Kommunen har retningslinjer gjeldande for alle tilsette som skal sikra arbeid for mangfald, likestilling og inkludering.

Lønn

I kommunal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Dette skuldast i hovudsak ulik stillingsplassering og utdanning. Lokalt er kvinner si løn 93,3 % av menn si lønn når vi ser på fortjeneste pr måned (grunnløn, faste og variable tillegg) og 94,3 % når vi ser på grunnløna. Samanlikna med dei føregåande åra minskar ulikheitene noko.

Kommunen nyttar PAI-statistikk ved samanlikning av lønnsnivå og lønnsutvikling. Statistikken er basert på pålagt innrapporterte tal til KS 15. desember kvart år.

Lønnsforhold justert for ulike faktorar – Bjørnafjorden kommune

Tabellen på neste side syner gjennomsnittleg fortjeneste pr månadsverk og gjennomsnittlig grunnløn månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn.

Justert for	Årstall					
	2021		2022		2023	
	Kvinner månedstjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedstjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns	Kvinner månedstjeneste i prosent av menns	Kvinner grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	93,2	93,3	92,4	92,6	93,3	94,3
Alder	93,2	93,3	92,4	92,6	93,3	94,3
Stillingsgruppe	97,6	99,0	96,3	97,7	96,4	98,3
Stillingskode	101,4	99,0	100,1	97,9	101,5	98,8
Utdanning	95,7	96,0	95,0	95,2	94,7	96,9

Tala viser kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore om dersom kvinner og menn hadde hatt same fordeling av årsverk innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør ein bruka som mål på kjønnsforskjell i løn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som er knytt til ulike yrkesval.

Heiltidskultur

Heiltidskultur er avgjerande for å kunne møte framtidens kompetansebehov. Vi har mykje forskning som viser at heiltidskultur og store stillingar er positivt både for arbeidsgjevar, arbeidstakar og ikkje minst for brukarar/innbyggjarar. Å utvikle heiltidskultur handlar om meir enn turnusordningar og å få helgene til "å gå opp". Det handlar om haldningar, forankring, normer for "korleis vi har det/gjer det hos oss". Å utvikle heiltidskultur handlar om organisasjonsendring med politisk vilje, tydeleg leiing, engasjerte tillitsvalde og tilsette som arbeider for same mål i same retning. Arbeid med heiltidskultur er ein langsiktig og kontinuerleg prosess som også inneber store omstillingar. Helse og velferd har arbeidd godt med dette temaet og kan vise til auke i stillingsstorleik ved fleire tenester. Eit eksempel på dette er Lurane kor ein på alle nivå har hatt fokus på temaet og kan vise til ein jamn auke i stillingsstorleik dei siste åra. Lurane har i dag ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 82,8%, noko som ligg langt over stillingsstorleik på organisasjonsnivå.

Gj.snittlig stillingsprosent sektor og samla

	2021	2022	2023
Stab	98	89,7	88
Helse og velferd	71	69,3	69
Oppvekst	89	88,8	87,8
Samfunnsutvikling	78	75,4	75,6
Samla	79	78,3	77,9

Gjennomsnittleg stillingsstorleik gir eit overordna tal for heile kommunen der alle stillingar er tatt med, også helgestillingar. Biletet er meir nyansert når vi ser på ulike stillingsgrupper og ulike einingar. Omfanget av deltidsarbeid er ulikt mellom kjønn, aldersgrupper, utdanningsnivå og sektorar. I Bjørnafjorden kommune er det først og fremst kvinner som jobber deltid, til liks med landet for øvrig.

Kommunen har lokale retningslinjer for heiltidskultur. Retningslinjene er integrert i rekrutteringsprosessen og skal vera eit naturleg vurderingspunkt i behovsanalysen før utlysing av ledige stillingar.

Nærvær og sjukefråvær

Mål: Sjukefråværsprosent på 6,5 prosent

Sjukefråværet i Bjørnafjorden kommune var i 2023 på 11,01 prosent. 3,41 prosent er fråvær på 1-16 dagar, innanfor arbeidsgjevarperioden dagar, og 7,61 prosent er fråvær over 17 dagar , utanfor arbeidsgjevarperioden.

Sjukefråvær pr kvartal i 2020-2023

Kvartal	2020	2021	2022	2023
1. kvartal	8,77	9,54	12,48	12,07
2. kvartal	7,79	8,55	9,07	10,93
3. kvartal	7,02	7,11	7,71	8,68
4. kvartal	9,29	10,63	11,50	12,77
Årsbasis	8,21	8,95	10,19	11,01

Sjukefråvær 2023 fordelt på tenesteområda

	Stab	Oppvekst	Helse og velferd	Samfunns-utvikling	Samla
Samla	6,64	9,20	13,12	10,07	11,01
Kvinner	7,46	9,55	14,41	12,08	11,99
Menn	5,01	7,23	5,10	8,28	6,66

Sjukefråvær er fast tema på blant anna AMU møter og møter i Administrasjonsutvalet.

2023 har hatt eit høgt sjukefråvær som dessverre er noko aukande totalt sett samanlikna med tidlegare år. Kortidsfråværet, innanfor arbeidsgjevar perioden 1-16 dagar, er gått ned frå fjoråret, medan langtidsfråvær har auka. Både kortidsfråvær og langtidsfråvær er høgarare enn før pandemien. Fråværsbiletet for vår kommune er likt med samanliknbare kommunar, både knytt til prosent og fråværstype. På landbasis ser ein den same trenden, og for kommunesektoren ligg fråværet på 9,9% i 4 kvartal 2023 og 8,85 % i snitt for året. Utrekningane er også gjort utan sesongjusteringar.

KS melder at sjukefråværer sjeldant har vore over 7% og ein må tilbake til svineinfluensaperioden i 2009 for å finna høgare tal, som var på 7,2% i snitt. Dei siste fem åra før pandemien var snittet på landsbasis, for alle sektorar, i snitt 5,7% og ikkje i nokre av kvartala over 6%.

I vår kommune er det retta eit høgt fokus på førebygging og tilrettelegging for å auke nærværet. Konkrete tiltak er opplæring og vedlikehald for leiarar knytt til førebygging og tilrettelegging i eigen teneste, opplæring i oppfølging av eit sjukefråvær og opplæring i verktøy for leiarar knytt til tallmateriale og monotorering av fråvær, årsverk og bemanningsplanlegging.

Ein nyttar i stor grad tiltak og ressursar hos til dømes NAV arbeidslivsenter. Bedriftshelsetenesta er brukt både på individ og systemnivå, saman med interne ressursar til dømes knytt til arbeid med arbeidsmiljøproblematikk.

AMG (arbeidsmiljøgruppe) er eit viktig tiltak lokalt i kvar teneste knytt til arbeid med miljø og tilrettelegging. Gruppa arbeider etter ein struktur kor tema som skal styrke nærværet er fast på agendaen. Gruppa er partssamansett av verneombod, tillitsvalt og leiar.

Omstilling og sjukefråvær

Når kommunen står i store omstillingar og har gjort dette over tid er det naturleg å spørje korleis dette påverkar sjukefråværet. Om ein ser til forskning på dette feltet er funna fleirtydige og peikar ikkje spesielt på auka fråvær. Det ein ser er at usikkerheit og uro kan påverke arbeidsmiljøet og fråværet med dette kan auke. Samstundes finn ein at effekten av omstilling kan vere at dei tilsette opplever usikkerheita rundt jobbane sine på ein slik måte at fråværet blir redusert. Dette kan vere todelt, nokre opplev at dei må ta i eit ekstra tak og nokre hevar lista knytt til kor tid ein er borte frå jobb. Det første kan vere uheldig over tid om ein går på akkord med sin eigen kapasitet, mens det siste kan vere positivt.

Hovedfokus er at arbeidsgjevar er medviten dei negative faktorane som kan kome i ei omstilling og arbeider i eit førebyggjande perspektiv rundt dette. Lokalt i våre tenester kjenner ein igjen funna frå forskinga og har over tid arbeidd med kompensierende tiltak i høve endring omstilling. Leiarfokuset her er svært viktig, men det er ei oppgåve som krev både kompetanse og mykje innsats. I leiaropplæring - og utvikling har slik kompetanse og kunnskap vore tema sidan oppstarten av 2020 og ein fortset og arbeidd i denne retninga.

Gravide i jobb

Jobb-jordmor er eit tiltak som skal legge til rette for at gravide kan stå i arbeid gjennom graviditeten gjennom individuell tilrettelegging. Den gravide, leiar og jordmor kjem gjennom felles samtalar fram til tiltak som kan støtta den gravide i jobb-kvardagen.

I 2023 har jobb-jordmor fulgt opp 41 gravide tilsette, av desse har 10 hatt oppfølging over årskiftet 22/23. Dei tilsette arbeidd i skule, barnehage, bufellesskap, sjukeheim, Familiens hus og adminstrasjon. Dei tilsette tilhørde tenester både på Fusa sida og Os sida av kommunen. Det er gjennomført 90 planlagde trepartssamtalar, som er eit av tiltaka i jobb-jordmor tenesta.

HMS

Helse, miljø og sikkerheit

Forbetringsportalen – er Bjørnafjorden kommune sitt system for avvik og forbetringsforslag. Det blei meldt inn 3748 avvik i 2023, av desse var 25 knytt til personvern og informasjonssikkerheit, og 74 saker blei meldt som forbetringsforslag.

Total pr 31.12.23	
Lukka	3150
Ny melding	484
Under behandling	113

Oppfølging av avvik

I oppvekst blei det i 2023 oppretta ei arbeidsgruppe bestående av fagsjef skule, kommunalsjef, representantar frå barneskular og ungdomsskular, representant frå fagforeininga Delta, ungdomsteamet og HVO. Arbeidsgruppa skal gjera analysar av avvika knytt til vald og truslar.. Arbeidet favnar om både barneskule og ungdomsskule. Basert på analyse av data, og erfaringar frå skulekvardagen, skal arbeidsgruppa komma med forslag til korleis ein kan arbeide for å få ned tal hendingar knytt til vald og truslar i skulekvardagen.

Dette arbeidet heng saman med AMU sitt arbeid knytt til oppfølging av avvik og forbetningsforslag og gjeld både Helse og velferd og Samfunnsutvikling. På dei sistnemde sektorane skal ein også setje ned ei gruppe som skal arbeide tilsvarande Oppvekst.

HMS rapportering frå tenestene

I januar kvart år skal leiarane via si arbeidsmiljøgruppe (AMG) rapportere HMS status frå einingane. Rapporten er eit verktøy for å sikra det systematiske HMS arbeidet i kommunen. Kommunedirektøren sikrar gjennom dette ansvaret for at internkontrollforeskrifta er fulgt, og kan dokumentere at pålegg i forskrifta blir utført. Det er AMU som behandlar den samla oversikta frå årsrapportane. For 2023 er det levert 45 rapportar frå tenestene. Totalt har ein 70 verneområder som skal rapportere. Rapportane fordeler seg slik:

Helse: 20 Oppvekst: 19 Samfunnsutvikling: 5 og Stab: 1

Talet er framleis ikkje tilfredstillande og krev oppfølging og opplæring i leiarlinja for 2024. AMU har behandla årsrapporteringa på HMS og har gjort vedtak på forbetningsarbeid vidare inn i 2024. Forbetningsarbeidet er påbegynt av HMS-rådgjevar, og vil i 2024 verta ei partssamansett arbeidsgruppe med HMS-rådgjevar, HVO og HTV. Arbeidsgruppa vil ha fokus på forenkling av AMG systemet, og elles samanheng med det andre internkontrollarbeidet knytt til HMS. Arbeidsgruppa vil ha ansvar for nyimplementering av systemet for AMG, samt informasjon og kunnskap ut i organisasjonen.

AMU - Det blei gjennomført 5 møter i AMU i 2023. Det blei behandla 46 saker, 15 av disse er; «godkjenning av referat», «godkjenning innkalling/saksliste» og «anna» som blir tatt opp i kvart møte. 25 saker er lagt fram av arbeidsgjevar (inkludert BHT) og 6 saker er lagt fram frå arbeidstakersida.

Grunnopplæring i HMS – det er ikkje gjennomført opplæring for verneombod i 2023, då det blei gjennomført kurs i 2022. Det blei gjennomført val for verneombod vinteren 2023, for perioden 2024 og 2025. Nye verneombod vil få tilbod om grunnopplæring HMS Q2 2024. Verneomboda er valde for to år.

HMS opplæring for leiarar tilbys kontinuerleg når behov oppstår, og er organisert som digitale kurs som kan bestillast via HR Hjelpa.

Internkontroll og etikk

Styring og internkontroll



Kommunelova stiller krav om rapportering på internkontroll.

I Bjørnafjorden kommune er internkontrollen integrert i ordinær styring av verksemda. Den heilskaplege styringa av kommunen omfattar alt frå vedtekne politiske planar, strategiar og saker, til iverksetting av desse gjennom kommunedirektøren sin interne styring av verksemda. Leiingsprosesser inneber å styre verksemda slik at mål blir nådd, lover og regler blir etterlevd, og at ressursar blir brukt effektivt og hensiktsmessig. Kommunebudsjettet med mål og tiltak dannar grunnlag for leiaravtaler med tiltaksplanar og resultatoppfølging gir overordna føringar for styringa av kommunen.

Støtteprosessar er retta mot å understøtte verksemda sine tenester til innbyggjarane. Kommunen sine administrative einingar leverer tenester til kommunen sine innbyggjarar i tråd med gjeldande lover og forskrifter, strategiar og planar.

Tenester til brukarane og innbyggjarane omfattar størstedelen av kommunen sin verksemd. Staten regulerer store deler av kommunen sin verksemd gjennom lover og forskrifter, kontroll og tilsyn. Ut over dei lovbestemte oppgåver bestemmer kommunen sjølv (politisk vedtak) kva tenestetilbod kommunen sine innbyggjarar skal få. Risikostyring og god internkontroll er viktige forutsetningar for oppnå mål. Ansvar for internkontroll, risikostyring, sikkerheit og beredskap ligg i linja.

Leiingsprosessar, støtteprosessar og kjerne prosesser er dokumenterte i kommunen sitt kvalitetssystem.

I 2023 er det mellom anna gjennomført følgande tiltak for å sikre betryggande kontroll:

- Det er innført nytt digitalt skjema for risikovurdering. Alle risikovurderingar skal no gjennomførast i risikomodulen i Kvalitetssystemet, dette sikrar at kommunen har ein

samla oversikt over risikovurderingar. Det er gjennomført fysiske kurs for å sikre at alle leiarar har kunnskap om korleis ein skal bruke det nye skjemaet

- Det har vore ein prosess i løpet året for å utarbeide eit nytt og betre avvikskjema som det er lettare å bruke og som gir betre rapportar. Det nye avvikskjemaet blei tatt i bruk 2. januar 2024.
- Kontinuerleg arbeid med å få dokumentert prosessar og prosedyrar for heile kommunen i det elektroniske kvalitetssystemet
- Det er gjennomført opplæring i forskjellig funksjonalitet i Kvalitetssystemet.
- Det er kontinuerleg prosessarbeid for å utvikle oppbygginga av sidene til einingane slik at det vert opplevd logisk og lett å finne fram i kvalitetssystemet

Personvern og informasjonssikkerheit

Det overordna målet er å sikre god internkontroll kring personvern og informasjonssikkerheit i heile Bjørnafjorden kommune. For å klare dette er det viktig at alle tilsette kjenner regelverket for personvern og informasjonssikkerheit. Det er derfor innført obligatorisk opplæring for medarbeidarar og leiarar i personvern og informasjonssikkerhet. I tillegg har kommunen system for arbeid med og oppfølging av arbeidet med personvern og informasjonssikkerhet med sikkerhetsforum og arbeidsgruppe for sikkerhetsforum. Sikkerhetsforum består av toppleiinga, representantar frå områda, personvernkoordinator og personvernombod. Sikkerhetsforum har regelmessige møter kor dei gjennomgår plan for arbeid, kor langt er vi kommen i arbeidet og aktuelle personverntema. Arbeidsgruppa for sikkerhetsforum jobbar ut mot område – einingane i arbeidet med behandlingsprotokoller, risikovurderingar, DPIA og databehandlingsavtaler. I tillegg er dei ein pådriver for å auke kunnskapen om personvern blant tilsette på område.

I 2023 har fokus vore

- Auke kunnskapen om personvern og informasjonssikkerheit blant tilsette med fokus på digital opplæring
- Sikkerhetsmånaden oktober- informasjonskampanje med plakatar, informasjon på innsio, digitale kurs
- Arbeid med behandlingsprotokollar, DPIA og Ros

Vi opplever at tilsette og leiarar no har meir kunnskap og er meir opptatt av personvern og informasjonssikkerheit.

I 2023 var det meldt 25 avvik på personvern og informasjonssikkerhet, sannsynsleg er talet noko høgare. I 2024 vert nytt avviksskjema teken i bruk og det vil bli lettare å melde på rett skjema.

9 avvik ble meldt til Datatilsynet i 2024. Desse avvika omhandla t.d. dokumenter med sensitive opplysningar på postlista utan skjerming, dokumenttr med sensitiv informasjon sendt til feil mottaker, alle avvika vart lukka lokalt.

Bergen kommune avdeling personvern innehar rolla som personvernombod for Bjørnafjorden kommune. Dei gjer mellom anna råd i personvernarbeid, og ved brot på personvernet og skal godkjenne kommunen sine DPIA'er.

Etikk

Kommunen har etisk reglement for tilsette og politikarar. Reglementet skildrar kva forventingar kommunen har til dei tilsette og folkevalde når det gjeld at desse skal opptre i tråd med lover, reglar, interne retningslinjer og avtalar, samt kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak. Vidare skildrar reglementet dei tilsette sin rett til ytringsfridom, korleis forhalde seg til habilitet og interessekonflikt, møtet med innbyggjarane, forbod mot gåver og andre ytingar m.v.

Bruk av retningslinjer og fokus på etiske problemstillingar er eit kontinueleg arbeid og temaet inngår i kommunen si digitale leiaropplæring. På alle nivå i organisasjonen skal etisk refleksjon vera eit naturleg element, frå politisk nivå og ut i alle tenestene.

Kommunestyret vedtok i 2020 at Bjørnafjorden kommune skal vere medlem i Transparency International Norge. Dette var ei vidareføring av medlemsskapet Os kommune hadde i organisasjonen. Medlemskapet er eit godt supplement til dei etiske retningslinjene og gir eit godt grunnlag som ein del av det kontinuerlege kvalitetsarbeidet i kommunen.

Oppfølging av klima


Arbeid med klima og miljø i Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden kommune har ein klimavisjon om å bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Kommunen skal jobbe systematisk for klima-, miljø- og samfunnsansvar i sine anskaffingar/grøne innkjøp. Ønska effekt er å få en bevisst strategisk bruk av anskaffingar for å bidra til at kommunen når dei mål som er sett knytt til klima og miljø, arbeidslivskriminalitet og sosialt ansvar. Samt bidra til å velje løysningar som er berekraftige, og oppretthalde og byggje vidare på eit godt omdøme så tilliten til den nye samla kommunen ikkje svekkast. Kommunen vil mellom anna ha fokus på klima, energi og miljø gjennom energireduserande tiltak i kommunale bygg og anlegg, leggja tilrette for miljøvenlege transportformar som kollektiv, sykling og gange, stille krav om klimavenlege løysingar i utviklingsprosjekt kommunen deltar i, og stimulere til grøn næringsutvikling.

I denne årsrapporten har kommunedirektøren vald å fokusere på to av dei største, konkrete klimatiltaka kommunen sjølv har gjort, og sett effekt av i 2023, nemleg straumproduksjon via solcellepanel på Borgafjellet barneskule og Jettegryto Barnehage.

Borgafjellet barneskule

Borgafjellet barneskule sto ferdig til skulestart august 2021 og er bygd med solcelleanlegg på taket. I 2023 produserte dette anlegget totalt 90 458 Mwh. Årsforbruket av straum ved skulen var i 2023 på 252 415,92 Kwh. Den høgste produksjonsmånaden var ikkje overraskande juni, kor anlegget hadde ein overproduksjon (som blei seld i straumnettet) på 8 150,88 Kwh.



Illustrasjonen syner solcelleanlegget på Borgafjellet barneskule sitt bidrag til klimaet.

Jettegryto Barnehage

Jettegryto Barnehage sto ferdig etter nybygging i april 2023. Samstundes har det vore nokre utfordringar med innkøyring av anlegget og bygget. Det er difor noko usikkerheit knytt til tala, men dei tala som er tilgjengeleg fortel at anlegget har produsert 32 274,1 Kwh i periode april-desember 2023. Som for Borgafjellet barneskule var juni den høgste produksjonsmånaden. Jettegryto hadde då ein så høg produksjon at dei selde 3 674,83 Kwh, tilsvarande selde dei 3 308,44 Kwh i juli.



Illustrasjonen syner solcelleanlegget på Jettegryto barnehage sitt bidrag til klimaet.

Det øvrige klimaarbeidet

Bjørnafjorden kommune er del av klimapartner Vestland, men har i den økonomiske situasjonen kommunen finn seg i ikkje eigne tilsette som jobbar eksklusivt med klima- og miljø saker. Kommunen har heller ikkje prioritert å kjøpe tilsvarande tenester frå eksterne aktørar.

Dette tyder ikkje at det ikkje blir jobba med klima- og miljø i organisasjonen. Til dømes blir det i større byggprosjekt sett krav til og vurdert ulike klima- og miljøkrav, slik som solceller og LCD-berekingar. Krav vert innarbeid i funksjonsbeskrivelse, mange krav ligg i forskrifter og ved bruk av standardar. Vidare er klima- og miljø eit sentralt vurderingspunkt i planarbeidet i kommunen.

På skule- og barnehageområdet står miljø- og klima høgt på dagsorden. Til dømes er arbeidet på skuleområdet tett kopla mot overordna del i LK20:

«Bærekraftig utvikling som tverrfaglig tema i skolen skal legge til rette for at elevene kan forstå grunnleggende dilemmaer og utviklingstrekk i samfunnet, og hvordan de kan håndteres. Bærekraftig utvikling handler om å verne om livet på jorda og å ta vare på behovene til mennesker som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoners muligheter til å dekke sine behov. En bærekraftig utvikling bygger på forståelsen av sammenhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Menneskehetens levesett og ressursbruk har konsekvenser lokalt, regionalt og globalt.»

Blant anna er elevane miljøagentar som driv kildesortering og rydding i nærmiljøet, det blir fokusert på gjenbruk og re-design og ein fokuserer på matsvinn i mat og helse.

Samfunnsikkerheit og beredskap

Det overordna målet for SSB-arbeidet er at Bjørnafjorden kommune skal vera ein trygg og robust kommune å bu, arbeida og opphalda seg i. Frå fullskalakrigen starta i Ukraina i 2022 har vi fått merka at verda rundt oss har blitt meir uføreseieleg, og kommunane har fått fleire beredskapsoppgåver knytt til mottak av flyktningar og til den sikkerheitspolitiske situasjonen. Samtidig har vi òg merka auke i ekstremvêr, men Bjørnafjorden har så langt vore heldig og ikkje opplevd dramatiske hendingar knytt til dette.

Kompetansepåfyll – øvingar, opplæring og møte

Arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap er for ein stor del førebyggjande arbeid for å hindra at alvorlege hendingar skjer (kriseførebygging), og førebuing til korleis vi skal handtera uønskte hendingar viss og *når* dei skjer. Kompetansepåfyll, opplæring og øvingar er difor viktig.

Det har vore fire kompetansepåfyllssamlingar for kommunal kriseleiing med varafolk i 2023. Tema har vore koronaevaluering; oppdatert overordna beredskapsplan; befolkningsvarslingsambandsøving og krisestøtteverktøyet CIM, og PLIVO-hendingar (pågåande livstruande vald).

Vi gjennomførte 11 varslings- og oppfriskingsøvingar i krisestøtteverktøyet CIM («Månadens CIM-trim») for KKL med vara, krisestab og psykososialt kriseteam. Responsen har vore oppe i 100 %. 27.11.2023 gjennomførte KKL med varafolk ei diskusjonsøving knytt til ROS-scenariotet PLIVO, i samarbeid med Atle Birkeland frå Bjørnafjorden politistasjon. Ei nyttig øving for alle paratar. Representantar frå kommunal kriseleiing har elles deltatt på sambandsøvingar for kommunane, i regi av Statsforvaltaren i Vestland (SFVL), der vi har øvd på bruk av nødnett mellom kommunar og i kommunikasjonen med SFVL. Ei nyttig førebuing til ev. bortfall av straum og e-kom.

Bjørnafjorden kommune har deltatt på SFVL sine faste digitale kommunemøte kvar månad. Der er aktørar frå politiet, PST, forsvaret, direktoratet for strålevern og atomberedskap, UDI og IMDi, nasjonal sikkerheitsmyndigheit, nettselskap og teleselskap med og informerer om kva kommunane til ei kvar tid må vera ekstra obs på. I tillegg til den sikkerheitspolitiske situasjonen gjeld det særleg auka merksemd på naturfare og hendingar som følgje av ekstremvêr (ras/skred, flaum/overvatn, kvikkleire).

Beredskapskontakten har fast plass i den tverrfaglege flyktningekoordineringsgruppa i Bjørnafjorden, som har møte annankvar veke. Og vi har deltatt på fleire digitale ministermøte om flyktningesituasjonen med arbeids- og inkluderingsministeren og representantar frå diverse andre instansar for informasjon og erfaringsutveksling knytt til mottak av flyktningar.

Korleis kan vi alle bidra til å gjera samfunnet trygt og sikkert i ei usikker tid?

Bjørnafjorden var representert ved beredskapskontakt på SFVL si årlege fagsamling for samfunnssikkerheit og beredskap for alle kommunane i Vestland. Den vart i 2023 skipa til i Førde 24.-25.10. Hovudtemaet var utfordringar innan arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap framover. Fylkesberedskapssjefen peika på den kraftige auken i tal flyktningar som kommunane må handtera, og som stiller krav til tenestene våre. Samtidig stiller eit klima i endring auka krav til førebygging og dimensjonering av beredskapen i kommunane, og til eigenberedskap hjå innbyggjarane.

Prof. Odd Jarl Borch frå Totalberedskapskommisjonen presenterte NOU 2023:17 «Nå er det alvor. Rustet for en usikker fremtid» og dei utfordringane kommunane står overfor framover ut frå den rolla vi har som den grunnleggjande byggesteinen i beredskapen her i landet. Han var klar på at det lokale beredskapsarbeidet difor må styrkast.

Risiko- og sårbarheitsanalysar som grunnlag for beredskap og planlegging, forsyning av nødvatn og samarbeid med næringslivet stod òg på dagsorden. Korleis kan vi alle bidra til å gjera samfunnet trygt og sikkert i ei usikker tid? Oppmodinga til kommunane frå innleiarane på fagsamlinga var klar: Vi må diskutera og utvikla totalforsvaret på lokalt nivå framover.

Planarbeid

Vi har gjennomført årleg oppdatering av overordna beredskapsplan, og elles oppdatert smittevernplanen og pandemiplanen vår etter at koronaevalueringa var ferdig. Dei var oppe til politisk behandling i kommunestyret 30.3.2023 (K-sak 42/2023). Målet er å ha eit beredskapsplanverk som set oss i stand til å handtera eventuelle nye pandemirundar.

Vi har òg laga atomberedskapsplan for Bjørnafjorden kommune – etter oppmoding frå nasjonale styresmakter i samband med den endra sikkerheitspolitiske situasjonen. Den vart godkjend av kommunestyret 11.5.2023 (k-sak 64/2023).

KommuneROS Bjørnafjorden

På forsommaren 2023 starta vi arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Bjørnafjorden kommune.

Bjørnafjorden beredskapsråd sitt årlege møte vart avvikla 13. juni, denne gongen på brannstasjonen på Moberg. Målet var å få innspel til arbeidet med KommuneROS 2024. HV-09, politiet, Framo Fusa, Fusa kraftlag, BKK Nett, Sivilforsvaret (HSFD), Bjørnafjorden brann og redning, kyrkja, Røde Kors-lokallaga frå Os og Fusa og sanitetsforeiningane er med i Bjørnafjorden beredskapsråd. Dei ulike beredskapsaktørane kom med mange viktige innspel. Fleire av dei opplever å stå i ein vanskeleg ressursituasjon, og ut frå innspela i beredskapsrådet, er risikoen for svekka grunnberedskap i Bjørnafjorden vald ut som eitt av 18 ROS-scenarior.

Det vart òg sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe, som har vore i aksjon i løpet av hausten-23 og utover vinteren-24 for å velja ut og analysa dei potensielle uønskte hendingane som får plass i KommuneROS. Det endelege KommuneROS-dokumentet skal til politisk behandling før sommaren.

Beredskapssamarbeid

Kommunen har ei pådrivarrolle for samarbeid med andre beredskapsaktørar. Beredskaps-rådet er hovudforumet for det tverrsektorielle samarbeidet. Vi deltar elles i regelmessige møte i politirådet, og har hatt fleire samarbeidsmøte med politiet også utover det.

I 2023 hadde vi òg møte med HV 09-202 Bergen sør, som no er samarbeidspartnaren vår for ossida av kommunen. Fusasida er del av HV 09-209 Ytre Hardanger.

Bjørnafjorden kommune har beredskapsavtalar med dei to Røde Kors-lokallaga og dei åtte lokallaga av Norske kvinners sanitetsforening her i kommunen, om m.a. omsorgsberedskap i ein krisesituasjon. Vi deltok på møte med desse samarbeidspartnarane i løpet av 2023.

Tilrettelegging for eigenberedskap og trygge innbyggjarar

Vi markerte også i 2023 den årlege Eigenberedskapsveka. Målet er å gi innbyggjarane råd og verktøy til betre eigenberedskap. Denne gongen samarbeidde vi med Røde Kors-laga og sanitetslaga om informasjonsstand både på Amfi Flåten og Fjord'n nærsenter. Dei delte ut

eigenberedskapsbrosjyrer på fleire språk og det vart mange gode beredskapssamtalar. Tema i år var øving i heimane. Vi hadde ein infokampanje på heimesida, Innsio og i sosiale medium med daglege øvingar som innbyggjarane kunne gjera på mobilen: korleis halda varmen, lagra vatn, ordna betalingar eller få tak i informasjon viss straum og nett er ute av drift.

Vi har òg tatt i bruk ein varslingsmodul som gir oss høve til å senda ut lokasjonsbasert varslings ved akutt fare for liv og helse innanfor eit gitt geografisk område, for å styrka befolkningsvarslinga vår. Med den skal vi kunna nå ikkje berre dei som bur her, men alle med mobiltelefon som *oppheld* seg innanfor det gitte området på hendingstidspunktet. Vi har laga retningslinjer for bruken i samarbeid med politiet.

Oppfølging politiske tiltak

Sektor	Status	Kort tekst
<u>Stab/Fellesområde</u>		
Tertialrapportar		Utført
Økonomirapportering		Utført
Mal økonomirapportar (PWC-tiltak)		Utført
Avtale med Kaukus - oppseiing		Ikkje gjennomført, har ikkje fullgodt alternativ
Rapportering innbyggjarar per årsverk		Utført
Arbeid med refusjonskrav NAV sjukefråvær		Utført
<u>Oppvekst</u>		
Tiltaksplan PWC-rapport		Sak vedtatt i kommunestyret
Skyss til og frå gudsteneste		Utført
<u>Helse og velferd</u>		
Tiltaksplan PWC-rapport		Sak vedtatt i kommunestyret
Bemanningssentralen		Evaluering gjennomført, blir følgd opp i 2024
Legevaktsamarbeid		Pågåande
<u>Samfunnsutvikling</u>		
Tiltaksplan PWC-rapport		Sak vedtatt i kommunestyret
Parkeringsløyising Osøyro		Utført
Vegvedlikehald		Sak vedtatt i kommunestyret
Avtale om Fjellheim		Arbeidet avslutta

Årsmelding 2023

Evaluering og trygge opphaldsstader		Fullført
Innfartsparkering Venjaneset og Eikelandsosen		Utført
Vidare utvikling av Os hamn m.v.		Pågåande arbeid
Felles takstsone kollektivtrafikk		Pågåande arbeid
Areal i Eikelandsosen - potensiale og behov		
Prosjektrapportering VA		
Utvikling og sal av eigedom - organisering		
Kontraktstrategiar		
Økonomisk ramme store prosjekt		

Organisasjonen

Her finn du korleis Bjørnafjorden kommune er organisert administrativt og politisk.

Politisk organisering og styring

Kommunestyret er det øvste organet i Bjørnafjorden kommune. Kommunestyret består av 35 representantar og blir leia av ordføraren.

Ordføraren i Bjørnafjorden kommune var Trine Lindborg frå Arbeidarpartiet fram til det konstituerande møtet etter valet hausten 2023. Harald Lekven (uavhengig) var varaordførar i same periode.

Etter valet, og det konstituerande møtet, blei Terje Søviknes frå Fremskrittspartiet valt til ny ordførar. Marie Elisabeth Lunde Bruarøy frå Høgre blei vald til varaordførar.

Bjørnafjorden kommune har i 2023 hatt fem faste politiske utval:

- Formannskap
- Administrasjonsutval (partssamansatt utval)
- Eigedomsutval
- Plan-, bygnings- og miljøutval (utgjer også trafikksikringsutval)
- Kontrollutval

Etter valet blei Tenesteutvalet gjenoppretta, men utvalet starta ikkje sitt virke før i 2024.

I tillegg er det tre lovpålagte brukarråd med politisk representasjon:


- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsett funksjonsemne
- Ungdomsråd


Administrativ organisering og styring


Christian Fredrik Fotland var kommunedirektør og den øvste administrative leiaren i Bjørnafjorden kommune. Fotland sa seg opp hausten 2023 med verknad frå 1.1.2024. Torgeir Sæter blei konstituert i Fotland sitt fråvær.

Med seg i leiargruppa har Fotland hatt kommunalsjef for oppvekst Line Rye, kommunalsjef for Helse og velferd Monica Totland Melvold (konstituert kommunalsjef Torgeir Sæter, våren 2023), kommunalsjef for samfunnsutvikling Runar Lunde, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik og kontorsjef Andris Hamre.

Sjå organisasjonskart for meir detaljert organisering.







Plan- og styringssystem

Bjørnafjorden blir styrt etter ein planstrategi som omfattar alle sektorar og områder.

Kommunen sin planstrategi er styrande for alt vi gjer. Budsjett og økonomiplan er ein sentral del av dette og lovpålagt å ha. Kravet til økonomiplan er at den skal strekke seg fire år fra i tid, men vi har vald å sjå ti år fram når vi har laga økonomiplanen.

Bjørnafjorden kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen blei vedteken av kommunestyret 3. november 2022. Den legg rammene for tenester, planarbeid, samfunnsutvikling og arealbruk.

- [Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune 2023-2035 \(PDF, 4 MB\)](#)

Visjon og verdier

Visjon:

Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping.

Misjon:

Det gode liv for alle.

Verdier:

- Vi lyttar med respekt.
- Vi finn smarte løysingar.
- Vi gjer det vi seier.
- Vi er inkluderande.

Satsingsområde:

Folk: Vi skal legge til rette for trygge, stolte, likeverdige og engasjerte innbyggjarar og medarbeidarar.

Fellesskap: Vi skal bygge nye fellesskap - små og store, internt og eksternt.

Framtidsretta: Vi skal vere nytenkande, endringsvillig og yte treffsikre tenester.



Kommunen sine tenesteområde

Fellesområde

Skildring av tenesta

Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Tillitsvalde, Fellesutgifter og Pensjon. Området har har fleire løyvingspostar og avrekningspostar som omfattar heile kommunen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	59 015	-16 759	-70 320	-53 561	-76,2 %

Kommentar til status økonomi

Avviket for Fellesområde knyter seg i hovudsak til pensjon. Lønsoppgjeret for tilsette og pensjonistar blei langt høgare enn det pensjonsleverandørane og dermed kommunen la til grunn for 2023, og meirutgiftene er ført på Fellesområde. Det står meir om pensjon i avsnitta om økonomi.

KOSTRA Nøkkeltal

Prioritet	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2023	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	247	291	429	510

**) Justert for utgiftsbehov

Stab

Skildring av tenesta

Sentral leiing

Kommunedirektørens stab omfattar løn og driftsutgifter til kommunedirektør og kontorsjef.

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga skal gjennom sitt arbeid bidra til at kommunen sin økonomiske handleevne blir ivarettatt. Målet med økonomistyringa er å sette kommunen i stand til å gje innbyggjarane stabile og gode velferdstenester på kort og lang sikt.

Økonomiavdelinga omfattar fagområda rekneskap, innkjøp og økonomistyring.

Rekneskapsavdelinga fører rekneskapen for kommunen og kommunale KF m.v. Innkjøpsavdelinga har spesialkompetanse på offentlege anskaffingar og hjelper einingane

med dette. Faggruppe økonomistyring skal med utgangspunkt i kommunedirektøren sine styringssignaler fungere som ein rådgivar, pådrivar og utfordrar i høve økonomisk styring. Kvar eining har ein fast økonomirådgivar.

HR

HR har tre avdelingar og omfattar fagområda IT, personal, lønn, HMS, organisasjonsutvikling personvern og kvalitet.

Avdelinga har ansvar for utvikling og tilrettelegging av gode HR prosessar – og rutiner og skal gje leiarstøtte ute i tenestene på desse områda.

HR skal koordinere det overordna arbeidet med kompetanseutvikling – og styring.

HR skal levere strategiske beslutningsgrunnlag til kommunedirektøren, innafor avdelinga sine fagområder.

Utvikling og utfordringar

Økonomiavdelinga

Stab fekk i 2023 eit innsparingskrav på kr 700.000. Då ein økonomirådgivar sa opp stillinga si blei årsverket trekt inn. Dette kjem i tillegg til årsverk som tidlegare er trekt inn i samband med prosjekt Bjørnafjorden 22. Endringane har ført til meir arbeid og litt andre oppgåver for tilsette i avdelinga, men framleis vil vi kunne yte økonomirådgivings tenester på eit forsvarleg nivå. Avd. for offentlege anskaffingar består berre av eit årsverk, og dette er på grensa til det forsvarlege.

HR

HR har gjennom 2023 hatt eit høgt fokus på forbetring av arbeidsprosessar, forenkling og digitale løysingar. Ein har tatt i bruk funksjonalitetar i eksisterande systemportefølje og samtidig supplert med nye applikasjonar. Dette har gjort store kvalitets -og tidsbesparande endringar i leiararane sin arbeidskvardag.

Endringsstakten til kommunen er stadig aukande og dette krev gode prosessar og effektive verktøy for å finna nye måtar å levere tenester på. HR avdelinga har fasilitert og gjennomført ei rekkje prosessar knytt til omstilling ved nedtrekk av årsverk, omorganisering av tenester og prosessanalyser.

Prioritering av oppgåver knytt til behovet i organisasjonen er stadig utfordrande og ein ser at behovet, spesielt knytt til organisasjonsutvikling og opplæring ikkje er godt nok dekkja.

Utvalde resultat

Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga arbeidde i starten av året tett med konsultentselskapet PWC som var hyra inn for å kome med kostnadsreducerande tiltak i tenestene. Avdelinga har i 2023 hatt endå større fokus på styringsinformasjon økonomirapportering, og jobbar aktivt mot einingsleiarar og kommunalsjefar med dette.

HR

DigiVestland gjennomførte i 2023 ein ROS analyse knytt til organisering og status på ulike område innanfor IT i kommunen. Analysen viste at totalsituasjonen for fagområdet er bra, men

fleire einskildområder må vidareutviklast eller byggast frå grunn for å halde god kvalitet framover. Bemanninga på analysetidspunktet var eit av områda som fekk grønt lys. Analysen inneheldt framlegg til forbetringstiltak som er tatt inn i ein handlingsplan som avdelinga arbeider strukturert med, saman med blant anna organisasjonsutvikling. Døme på områder som er prioriterte i handlingsplanen er dokumentasjon i høve internkontroll, personvern og informasjonssikkerheit.

Sikkerheit er høgt prioritert og skal vere det for framtida, og gjennom 2023 er fleire tekniske sikkerheitstiltak er innført.

Fleire av systema våre er i 2023 flytta til frå lokal drift til leverandørane si skyløysing som ein del av skystrategien til kommunen. Dette har gjort at vi har fått moderne applikasjonar som leverandørar kan oppdatere og rette feil fortare enn tidligare.

Bytte av leverandør for Identitetsløysing har ført til betre lisensstyring og kontroll på tilgongar. Løysinga har også forbetra prosessen for tildeling av påloggingsinformasjon for nytilsette som gjer jobben for leiarar enklare ved nytilsetting.

Det er oppretta eit nytt IT og Digitaliseringsreglement som fortel korleis tilsette skal nytta IT i kommunen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
15-Sentral leiging	4 066	3 825	4 240	415	9,8 %
16-Økonomi	11 437	10 936	11 493	557	4,8 %
17-HR	40 068	41 121	40 732	-389	-1,0 %
Sum	55 571	55 882	56 465	583	1,0 %

Kommentar til status økonomi

Sentral leiging

Sentral leiging har drifta innafor tildelte rammer i 2023.

Økonomi

Økonomiavdelinga fekk eit positivt resultat også i 2023. Hovudårsaka til det var at ein medarbeidar hadde u-løna permisjon våren 2023 slik at avdelinga dermed fekk mindre lønsutgifter enn budsjettert.

HR

HR kom ut med eit meirforbruk knytt til auka kostnader på driftsavtaler i systemporteføljen og innkjøp / oppgradering av IT utstyr.

Skybaserte løysingar for mastersystema våre blei impelmentert i 2023, som ein naudsynt del av utviklinga , spesielt knytt til sikkerheit og kvalitet. Samstundes har vi ein IT park som treng oppgradering i form eksempelvis av pc'er.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Etablere Brukarstøtte for økonomi på Innsio	I løpet av 2023	100,0 %	100,0 %	✓ Brukarstøtte for økonomiavdelinga blei etablert våren 2023.
	HR hjelpa har gjennomsnittlig sakshandsamingstid på 6 dagar	Del saker handsama på gjennomsnittleg 6 dagar	90,0 %	75,0 %	!
	IT-hjelpa har sakshandsamingstid på gjennomsnittleg 6 dagar	Del saker handsama på gjennomsnittleg 6 dagar	90,0 %	86,0 %	–
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Bjørnafjorden er ei attraktiv lærebedrift gjennom målretta tiltak for rekruttering av lærlingar	Samla tal lærlingar	42	38	!
	Bjørnafjorden kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar gjennom aktiv bruk av rekrutteringsstrategien				
	Vi arbeidar målretta med nærværsarbeid gjennom leiaropplæring	Samla sjukefråvær	6,5 %	11,0 %	!
	Vi har fokus på helse, miljø og sikkerheit i alle einingar	Gjennomførte AMG-rapportar	100,0 %	63,0 %	!
	Vi har heiltidskultur og brukar system for heiltidsarbeid i rekrutteringsprosessen	Gjennomsnittleg stillingsstorleik	85,0 %	77,9 %	!
Vi leverer treffsikre tenester	Rullering av finansreglementet	Gjennomføres 2023	100,0 %	0,0 %	! Finansreglementet blei ikkje rullert i 2023 som planlagt på grunn av manglande kapasitet.

KOSTRA Nøkkeltal

Prioritet	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2023	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	2 740	2 907	4 324	4 923

**) Justert for utgiftsbehov

Oppvekst

Skildring av tenesta

Oppvekstområdet består av barnehagar, skular, Familiens hus og fagstab.

Oppvekst - Fagstab og felles satsingar

Stab for barnehagemynde og barnehageutvikling og stab for rådgjevarer (2) og SLT-koordinator.

Fagstaben har felles oppgåver for heile oppvekstfeltet og det ligg fleire større utviklingsarbeid til staben. Fagsjef skule og barnehage har ikkje eigne staver og årsverka i fagstaben blir mellom anna nytta til systemforvaltning, saksbehandling og vedtak. I staben ligg ansvar for området sine IKT-system og personvern/informasjonsikkerheit. SLT-koordinator jobbar med rus og kriminalitetsforebygging inn mot heile kommunen og er i tillegg knytt til Ungdomsteamet i Familiens hus.

Barnehagemynde skal sikre at kommunen ivaretek rolla som barnehagemynde og sikre at lov og forskrift for barnehagefinansiering vert følgd. Barnehagemynde følgjer opp alle kommunen sine barnehagar. I tillegg kjem oppgåver knytt til opptak, saksbehandling og vedtak, behandling av klagesaker, generell brukarkontakt, dialog med føresette og ei rekkje andre oppgåver som går på tvers av barnehagane i kommunen.

Skular

Opplæringslova set rammar for drifta. Organisatorisk omfattar tenesteområdet alle ordinære kommunale grunnskular (17), samt Bjørnafjorden vaksenopplæringa og Bjørnafjorden kulturskule. Vi har 14 kommunale barneskular og 3 ungdomsskular.

I Bjørnafjorden er det 3 private grunnskular som er underlagt Utdanningsdirektoratet, og som i tillegg til ovannemnte lovverk blir regulert av friskulelova.

Fagsjef for skule har linjeansvar for dei 19 kommunale einingane som høyrer under skuleområdet. Det er inga eiga stab knytt til skuleområdet. Ressursar frå fagstab har oppgåver på skulefeltet.

Familiens hus

Familiens hus har samorganisert alle fagtenestene til barn, unge og familiar under felles leiar.

Familiens hus består av: Forebyggjande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste og flyktningehelseteneste), Barneverntenesta og Eining for barn, unge og familier.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er sentrale omgrep i organisasjonsmodellen. Familiens hus definerer tidleg innsats som «tidleg inn i problemutviklinga», slik at barn, unge og familiar kan få rett hjelp til rett tid. For å lukkast med forebygging og tidleg innsats er vi avhengig av at alle som møter barn, unge og familiar samarbeider. Samarbeidsmodellen tar utgangspunkt i barnet og familien sine behov. Tidleg oppdaging og ivaretaking av utsette barn og unge er eit fellesansvar. For å få dette til er det særleg viktig å «løfte blikket» og sjå oppvekstfeltet under eitt og etablere samhandlingsarenaer med andre både i og utanfor kommunen

Barnevern

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståing og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår (jf. Lov om barneverntenester § 1-1).

Barn, unge og familiar

Eining for barn, unge og familiar har 5 avdelingar: Flyktingtenesta, Ungdomsteam, Pedagogisk fagsenter, PPT og Familieteamet. Frå 01.01.24 blir Pedagogisk fagsenter organisert under barnehageområdet.

Eininga er kompleks med samansette fagfelt og fleire lovverk. Fokuset er å gi heilskaplege tenester, rett hjelp til rett tid, tidleg innsats og sikre/bidra i tverrfagleg samarbeid.

Førebyggjande helsetenester

Førebyggjande helseteneste skal vere eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod med fokus på tidleg innsats og universelle tiltak retta mot enkeltindivid og befolkning.

Førebyggjande helseteneste sitt mandat handlar om å fremme folk si helse - både psykisk og fysisk, redusere risiko for sjukdom og bidra til at helsa er ein positiv ressurs i kvardagen for den enkelte - gjennom heile livet. Førebyggjande helseteneste utgjør grunnmuren i det førebyggjande arbeidet for gravide, barn, unge og foreldre.

Førebyggjande helseteneste møter alle barn og unge i Bjørnafjorden kommune gjennom faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. Vi tilbyr jordmøtenester både i svangerskapet og i barseltida, og har helsestasjon på begge sider av fjorden. I tillegg er vi til stades på alle skulane i kommunen, både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Flyktinghelsetenesta tilbyr helsetenester til flyktingar og asylsøkarar i kommunen. Vi samarbeider med kommuneoverlegen i folkehelsearbeid, smittevern og tuberkuloseoppfølging.

Barnehagar

Tenesteområdet omfattar alle private og kommunale barnehagar. Barnehagesektoren er regulert av Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Kommunen er barnehagemyndig for alle barnehagane og eigar av dei kommunale barnehagane.

Vi har 22 barnehagar (8 kommunale, 14 private) og 1 open barnehage.

Fagsjef kommunale barnehage har linjeansvar for dei 8 kommunale barnehagane. Det er ikkje merkantil ressurs på barnehageområdet så denne type oppgåver blir løyst av fagsjef saman med styrarane.

Barnehagemyndig er omtala under fagstab.

Utvikling og utfordringar

Den krevjande økonomiske situasjonen har satt sitt preg på drifta gjennom året og vi arbeider kontinuerleg med å finne betre og meir effektive tverrfaglege løysingar. Dette er nødvendig for å sikre at kommunen kan klare auke i oppgåver og ansvar som den nasjonale oppvekstreforma krev av oss og sikre mest mogeleg stabile tenester til innbyggjarane i ei krevjande økonomisk situasjon. Oppvekstreforma (nasjonal barnevernsreform) og det nasjonale Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er fortsatt under implementering.

Kommunen sin samfunnsdelplan blei vedteke hausten 2022 og er lagt til grunn i arbeidet i 2023:

“Treffsikre og framtidsretta tenester til barn, unge og familiar: Vi må legge tilrette for gode og trygge oppvekstmiljø for den oppveksande slekt gjennom målretta, tverrfagleg og tidleg innsats. Vi skal ha gode barnehage- og skulebygg, uteområde og nærmiljø- og idrettsanlegg slik at vi sikrar god folkehelse og at barn og unge tileignar seg nødvendig kompetanse for å fremma berekraftig utvikling, fred og demokrati.”

Nedanfor er utvikling og utfordringar som har prega året trekt fram. Det blir og vist til tabell for mål og resultatstatus. Området har nådd dei fleste måla i måltabell.

Oppvekst - Fagstab og felles satsingar

Dei fleste tema som staben arbeider med er omtala under dei andre fagområda. Her nemner vi spesielt:

Lærlingar:

6 av 6 lærlingar gjennomførte fagprøven, fekk bestått og var ferdig som lærling i perioden mai-august 2023. I august hadde vi 6, 2. årslærlingar og 6, 1.års lærlingar, til saman 12. Vi hadde ikkje klart å rekruttere til alle 14 lærlingplassane vi har på oppvekst. Dessverre var det 3 av dei nye lærlingane som valde å avslutte læreløpet rett etter oppstart. Det har ikkje vore mogleg å erstatta dei med andre aktuelle kandidatar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere og det er ei utfordring at færre vel påbygg framfor å gå ut i lære. Det er planlagt fleire besøk på dei vidaregåande skulane i kommunen for å rekruttere fleire kandidatar til lærlingestillingane fram i tid, men det er ei utfordring i fleire kommunar å fylle opp læreklassane.

Gjennom året har det vore fleire møter og fagsamlingar for alle lærlingane på Oppvekstfeltet.
SLT:

Det er gjennomført møter i SLT modellen: 6 møter på utførande nivå, 3 møter på koordinerande nivå og 2 politiråd. Vi har også gjennomført 2 møter i ungdommens politiråd, som blei etablert i 2023.

Det blir meldt om at ulike hendingar som vi før såg på t.d. ungdomsskulealder, no skjer ned i barneskulealder. Nokre skular meldte om negative hendingar på nett, også hendingar med bruk av vald. Det blir meldt om ungdommar som slit psykisk, med mellom anna høgt skulefråvær, eteforstyrringar og utfordringar med søvn. Fleire krev tilrettelegging, og det er meir komplekse saker.

På slutten av 2023 blei det meldt om uro i Os sentrum rundt Coop extra, busshaldeplassen og kyrkja, spesielt på onsdagane. Ungdomsteamet, politiet, natteramnane med fleire mobiliserte for å møte ungdommane.

På nokre skular blir det meldt om bruk av vape (E-sigarett) i skuletida. Ulike tenester har tidleg i 2023 omtala ei normalisering av haldningar knytt til ulike narkotiske stoff. I SLT møta blir også rusbruk blant unge diskutert og dette uroar oss. Det er per i dag få nye tal å vise til, men når ny UngData undersøking kjem i 2024 vil vi få nye tal rundt denne tematikken for vår kommune og for Vestland. “Føre Var”-rapporten frå KORUS Bergen (kompetansesenter rus) frå haust 2023 gir oss noko kunnskap om utviklinga av rusmiddelrendar og konsekvensar av rusmiddelbruk i Bergen og Vestland. Nokre av hovudfunna i denne rapporten seier oss at det er ei auke i bruk og tilgjengelegheit av t.d. cannabis og kokain.

Gjennom sitt breie nedslagsfelt bidreg SLT til breddeaktivitet og er aktiv i å skaffe ekstern finansiering. Døme på dette er at INTRO DM har gratis hallaktivitet i Os aktiv onsdagar, Fjorden Arena onsdagar og etter ferien set vi i gang med aktivitet i Nore Neset arena på måndagar. I tillegg er de samarbeid med CrossFit måndagar. Vi har fått midlar frå Bufdir til å halde desse gratis aktivitetane ut 2024.

Personvern og IKT:

Arbeid med oppfølging av personvern og IKT i skule og barnehage tar mykje tid. Vi samarbeider med andre kommunar og deltek i Digi Vestland.

Retningslinjer for universell utforming: I 2023 er det arbeida med einingane sine nettsider. Eldre innhald er avpublisert, bilete skal ha tekst og innhaldet på sidene skal generelt følgje UU-tilsynet (universell utforming) sine retningslinjer.

2 halvårlege faste møter med IKT-ansvarlege .

Skular

Pr. 1. oktober 2023 hadde vi 3422 elevar i kommunale skular. 1. oktober 2022 hadde vi 3393 elevar. Vi har hatt ei auke på 29 elevar sidan 2022. I dei 3 private barneskulane er elevtalet 112. I oktober 2022 var elevtalet 113.

Oppdatert 01.10.23 Skuleåret 23/24	
Skule	Elevtal
Halhjem barneskule	104
Borgafjellet barneskule	264
Kuventræ barneskule	323
Lysekloster barneskule	172
Strøno barneskule	51
Os barneskule	193
Lunde barneskule	328
Søre Øyane barneskule	121
Nore Neset barneskule	311
Søfteland barneskule	244
Ådlandsfjorden barneskule	44
Eikelandssosen barneskule	72
Baldersheim barneskule	19
Fusa barneskule	47

Kommunale barneskular	2293
Private barneskular	112
Nore Neset ungdomsskule	507
Os ungdomsskule	486
Fusa ungdomsskule	136
Ungdomsskular	1129
Elevtal kommune skular	3422
Samla elevtal	3534

Skulestruktur:

Det blei i 2023 lagt fram eit forslag til endring i skulestruktur for å bidra til å ta ned dei økonomiske rammene i oppvekstområdet. Dette var ei direkte oppfølging av tilrådingane i PwC-rapporten. Kommunestyret bad om ei konsekvensutgreiing av å endre skulestruktur. Administrasjonen la fram forslag om å endre skulestrukturen ved å leggje ned tre barneskular. Saka var til politisk handsaming i haust og det blei beslutta å oppretthalde dagens struktur.

Kvalitetsmelding:

Området legg årleg fram kvalitetsmelding for oppvekst (barnehage og skule). Kvalitetsmeldinga inneheld fakta og vurderingar knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, samt ein rekke andre faktorar. Kvalitetsmeldinga blir lagt fram i juni kvart år.

Elevar med særskilde behov:

Vi fekk ei auke i barn med særskilde behov skuleåret 2023-2024 ved at det var fleire skulestartarar med behov for større tilretteleggingar. Fleire med behov for tilrettelegging kom inn enn dei som gjekk ut etter 10 trinn. Dette er krevjande knytt til økonomiske rammer, men og til måten ein må tilretteleggje opplæringa på. Det blir arbeida godt ved skulane for å sikre ei god start for denne elevgruppa. For å gi kvalitet i opplæringstilbodet og oppfylle retten den enkelte eleven har, er det avgjerande at ein arbeidar i eit heilskapleg perspektiv, saman med andre aktuelle tenester. Skulane, skuleeigar og PP tenesta arbeidar saman med fokus på nasjonale satsingar og forskingsbaserte metodar spesielt inn mot denne gruppa, men også for alle elevar.

Vi har også auka utgifter til barn som treng anna form for tilrettelegging. Det kan vera barn som står i vanskelege situasjonar i familien, eller barn som er under utgreiing av spesialisthelsetenesta. Sakene er komplekse og krev ekstra ressursar. Budsjettet har ikkje hatt ein slik fleksibilitet. I enkelte tilfelle er det gjennom året sett inn ekstra tiltak i heilt naudsynte tilfelle og dette har bidrege til meirforbruk.

Komplekse fråværsaker:

Vi har mange komplekse fråværsaker i skulane som krev ressursar og systematisk oppfølging. Dette skjer i eit tett samarbeid mellom skulane og Familiens hus. Vi har vore med forskingsprosjektet Back2School (B2S) og temaet blir følgt opp via Verd-sett.

Det er arbeida med handlingsplan for skulefråvær. Denne er nesten ferdig og skal inngå i BTI (Betre tverrfagleg innsats). Vi har nytta prosjektmidlar til frikjøp av B2S teamet til arbeidet. Dette arbeidet er eit samarbeid mellom prosjekt VERD-SETT og Kompetanseløftet der NORCE rettleiar oss i arbeidet.

Vald og trusslar:

Både lokalt i vår kommune og nasjonalt er vald og trusslar i skulane eit aukande problem. I arbeidet med vald og trusslar er førebygging, handtering og korleis vi følgjer opp alvorlege hendingar sentralt. Det blir arbeida systematisk med relasjonskompetanse og kommunikasjon hos dei vaksne i skulane. Skulane jobbar med å lage tydelege rammer og vera i forkant av situasjonar for å unngå situasjonar som kan føre til vald eller trakassering. Det er i fleire samanhengar peika på at meir tverrfagleg kompetanse inn i skulane hadde vore ei styrke for å takle desse utfordringane. Dette er det vanskeleg å få til med dagens ressursrammer. Ungdomsteamet er ein viktig samarbeidsaktør i ungdomsskulane. Men denne type avvik blir i større grad og meldt i barneskulane.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe kor leiarar, tillitsvalde og verneombod saman skal kome med forslag til korleis vi kan arbeide betre for å få ned tal hendingar knytt til vald og trusslar i barnehage – og skulekvardagen.

Flyktningar:

Vi har pr no 8 skular som har teke i mot barn frå Ukraina. Vi har også fått auka tal elevar frå andre deler av verda, blant anna syriske familiar. Dette utfordrar tilrettelegging av undervisninga og påverkar utgifter til særskilt språkopplæring, §2-8. Utgiftene blir sett samanheng med integreringstilskottet som kommunen får og blir dekkja via desse midlane.

LK20 og auka utgifter:

Kunnskapsløftet for læreplanverk (LK-20) førte med seg at alle læreplanar for fag i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blei fornya. LK-20 inneber auka utgifter i skulane, men det har ikkje vore midlar til å utvide skulane sitt rammebudsjett. Dette går utover tilbodet vi kan gi i forhold til blant anna overnattingsturar, oppdatering av lisensar, våtdrakter og nytt av-utstyr osv.

Når det gjeld kravet om overnattingsturer for elevar på ungdomsskulen vil det koste ca 150 000 pr skuleår og gjennomføre overnatting på eit trinn. Kvar ungdomsskule må gjere prioriteringar i høve dette. Tilbakemeldinga frå skulane er at dette er krevjande å få til fordi det går på bekostning av innkjøp eller at ein må halde igjen på andre utgifter.

Vi har fått tilskot frå Udir på ca 600 000 som blir brukt til trykte læremidlar i grunnskulen. Summen er fordelt til skulane ut frå elevtal.

Kvar skule har søkt midlar frå kulturfondet til bøker på skulebiblioteket. Skulane som har fått innvilga søknaden sin og får kulturfondbøker er: Lysekloster, Borgafjellet, Ådlandsfjorden, Lunde, Kuventræ og Halhjem. Dette er omtala under viktige hendingar.

SFO:

I samband med utvidinga av gratis kjernetid på SFO (nasjonal ordning) har kommunen gitt tilbod om nye plasstypar og rabatterte prisar på SFO for alle elevar på 1. og 2. trinn frå august 2023.


Som oppfølging av PwC-rapport og som del av Omstilling 25 er foreldrebetalinga i SFO auka frå haust 2023 (jfr eige politisk sak).

Sjukefråvær:

Vi har i 2023 hatt høgt sjukefråvær på skuleområdet. Auke i korttidsfråværet gir utslag økonomisk. Fråvær i arbeidsgivarperioden (1-16 dagar) blir belasta rekneskapen til skulane.

Utgifter knytt til fråværet er ei av årsakene til at fleire skular har utfordringar med budsjettramma. Dette fører også til meir ustabile forhold for elevane og mindre forutsigbarheit i utviklingsarbeid på skulane.

I siste tertial 2023(01.09 til 31.12) var fråvær 10,47%:



Som ein kan sjå av grafen var det ei stor auke i fråvær i november (13,19%). Det var ei blanding av influensa, omgangssjuka, covid og andre sjukdommar som var årsak til denne auken.

Enkelte dagar har det har vore svært krevjande å halde drifta i gang. Det er lite vikarar tilgjengelege i arbeidsmarknaden. Det blir vurdert om vi bør tilsette ekstra årsverk på dei største skulane for å unngå mangel på personale.

Det blir arbeida systematisk med tiltak knytt til utfordringsbilete:

- skulane søkjer om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke
- få inn refusjon for sjukemeldte
- omstillingsprosessar
- felles fokus på arbeidsmiljø i AMG (arbeidsmiljøgruppene)

Hæververk på skule-anlegga:

Fleire skular har gode uteområde og nærmiljøanlegg. Diverre har det vore eit aukande problem med hæververk på fleire av desse anlegga, spesielt i helgane. Vi opplever innbrot med påfølgjande hæververk som utfordrar budsjetta. Utgift til reparasjon ligg til skulen, men det er ikkje sett av egne midlar til dette.

Saksbehandling, dokumentasjonskrav og tilsyn:

Vi har fem saker om skulemiljø som har gått til Statsforvaltaren. Pr dags dato (mars 2024) er desse retta opp i og sakene er lukka.

Tilsyn på alternativ opplæringsarena:

Det blei gjennomført tilsyn med alternativ opplæringsarena på ein skule. 02.05.23 fekk vi rapport med vedtak om brot på opplæringslova, på desse punkta:

- at dei sakkunnige vurderingane ikkje inneheld ei utgreiing av og tilråding om kva opplæringsmål som er realistiske for elevane.

- at det ikkje er fastsett i vedtaka at elevane skal ha opplæring på ein alternativ opplæringsarena, og at vedtaka ikkje inneheld tilstrekkelege opplysningar om korleis skulen skal organisere spesialundervisninga.

Vi har jobba godt med innhaldet i rapporten, og den er til hjelp for oss slik at vi kan forbetra tenesteområdet. Vi har blant anna laga nye rutinar, sett på eigen praksis, drøfta i grupper og gjennomgått rapporten i si heilheit. Svarfrist på å rette opp feil og manglar var 01.09.23. Tilsynet blei lukka i oktober.

Tilsyn på lærarnorm:

Vi har hatt tilsyn på om Bjørnfjorden kommune innfrir på lærarnorm i skulane.

Vi har fått brot på lærarnorma ved to av skulane. Det er Kuventræ og Nore Neset barneskule. Frist for å rette opp i dette er oktober 2024 når vi rapporterer i GSI. Vi skal ved oppstart av nytt skuleår innfri på lærarnorm på alle skulane.

Tilsyn på internkontroll og skulemiljø:

Bjørnafjorden kommune fekk tilsyn 14.12.23 på tema for å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

1) om kommunen sikrar at plikta til å undersøke i skulemiljøsaker blir oppfylt jf opplæringslova §§ 9A-4 og 9A-5

2) om kommunen sikrar at plikta til å setje inn tiltak i skulemiljøsaker blir oppfylt, jf. Opplæringslova §§9A-4 og 9A-5

Tilsynet er unnateke offentlegheita då det kan identifiserast resultat på klasse og gruppenivå.

Det blir jobba med oppfølging av dette tilsynet og det vil bli rapportert i 1 tertial 2024.

Oppfølgingsordninga:

Vi har stort fokus på oppfølgingsordninga og er ferdige med analyseåret. Oppfølgingsordninga er initiert av Udir og Statsforvaltar. Bjørnafjorden er med fordi vi har sprik i resultat. Det er eksterne midlar til gjennomføring. Søknad for dei to neste åra blei godkjent av statsforvaltar i Vestland, og vi fekk tildelt ca 3,4 millionar til arbeidet vidare dei to neste åra. Dette er vi veldig nøgd med, og vi vil bruke NHH i arbeidet vidare. Vi har fokus på analysearbeid, tiltak kring læringsmiljø og organisasjonsleining. Oppfølgingsordninga er grundig omtala i Kvalitetsmeldinga som vart behandla i juni i Kommunestyret.

Status Chromebooks og programvare i skulen:

Det blei sett av 2 millionar til chromebooks i investeringsbudsjettet. 8 trinn fekk nye chromebooks og vi har skifta ut dei som er øydelagt. Skulane har chromebooks til alle elevane.

I 2023 har vi vidareført programvareavtaler med Gyldendal, for 1. - 7. trinn og Aschehoug for 8. - 10 trinn, som basisprogramvare for alle skular. Vi har oppdatert programvare i alle fag etter ny læreplan.

Vidareutdanning og nyutdanna nytilsette lærarar

Vi har ca 20 lærarar som tek vidareutdanning. Dei fleste tek vidareutdanning i basisfag, for å vera kvalifisert jf nye reglar som trer i kraft i 2025. Vi har også lærarar på vidareutdanning innan spesialpedagogikk og andrespråkspedagogikk.

Vi har 5 leiarar som går siste del av rektorutdanninga og to leiarar som starta på rektorutdanninga i august.

Det er 22 nyutdanna nytilsette lærarar i Bjørnafjorden kommune. Det er 6 stk som er nyutdanna på 2.året, medan resten nettopp har starta sin yrkeskarriere. Dei nytilsette nyutdanna får mentor på kvar skule, samt nettverk på tvers av skular i kommunen. Det er rådgjevar og Fagsjef skule som gjennomfører nettverk.

Familiens Hus

Familiens hus har gjennom 2023 fått på plass betre og tydelegare strukturar for tverrfagleg samarbeid. Det er etablert ein positiv haldning hos dei tilsette knytt til samarbeid, og fleire og fleire ser nytten av slikt arbeid. Familiens hus har vidareutvikla tilbod til barn, unge og familiar på tvers av avdelingar og einingar, som ulike gruppetilbod, fagutvikling til tilsette og nye tilbod som lågterskel familieråd og rask psykisk helsehjelp til ungdom.

Ein ser ein auke i ungdoms-saker gjennom 2023. Sakene er komplekse og krev innsats på fleire områder, som Familiens hus, skule og andre tenester. Her må vi framover etablere eit tettare samarbeid med skulefeltet. Det er utfordrande at vi manglar ressursar i "tiltakstrappa" knytt til desse sakene.

Organisasjonen har siste tertial vore påverka av budsjettprosess og usikkerheit knytt til nedtrekk i organisasjonen. Det er usikkert korleis dette vil slå ut i 2024 både knytt til sjukefråvær, venteliste og kapasitet.

Sjukefråvær:



Familiens hus har framleis lågt sjukefråvær knytt til korttidsfråvær, men samla sett vert sjukefråværet høgt då vi har fleire langtidssjukemeldte i oppfølging.

Barnevernstenester

Frå 1. januar 2023 trådte ny barnevernslav i kraft. For tenesta betyr dette nye/endra lovparagrafar og større endringar i enkelte område som barns medverknad og oppfølging av barn i fosterheim. Lova forsterkar også kommunen sitt ansvar for å gje opplæring og rettleiing til tilsette i barneverntenesta. Tenesta har endra rutinar og malar for å tilspasse seg nye lovkrav.

Barnevernet leverer tilstandsrapport årleg. Tilstandsrapport 2022-23 blei behandla politisk i september.

Barnevernstenesta har hatt høgt sjukefråvær, vakante stillingar og manglande avdelingsleiar første halve året. Det har vore utfordrande å rekruttere til stillingar og spesielt har det vore vanskeleg å få personar med erfaring frå barnevernsarbeid.

Året har vore prega av mange alvorlege saker som omhandlar vald, overgrep, utfordrande/negativ åtferd hos ungdom og foreldrekonfliktar/samlivskonfliktar. Ungdom med negativ, utfordrande åtferd har auka siste året. Dette påverkar både ungdommen og alle rundt, som foreldre, skule og fritid. Noko som fører til behov for tiltak på mange områder.

Tal meldingar har auka noko i 2023 i forhold til året før: 423 (mot 416 året før). Det blir gitt nærmare greie for tala i den årlege tilstandsrapporten. Det er gjennomført litt færre undersøkingar enn året før, noko som inneber at fleire meldingar blei henlagt i 2023. Nokre av desse har blitt henvist til lavterskel hjelp i Familiens Hus, andre er blitt invitert til samtale med råd og veiledning.

Vi ser også at meldingane blir meir komplekse. Familiar treng meir omfattande tiltak for å snu ei negativ utvikling, og over lengre tid. Det at sakene er meir komplekse inneber at det er behov for hjelp frå fleire tenester og tett samarbeid for å få til endring. Tiltaka blir meir omfattande og fleksible enn tidlegare.

Barneverntenesta har over lang tid brukt private aktørar for å gje gode og omfattande nok tiltak i heimen. Omorganiseringa til Familiens Hus i 2022 har ført til at vi brukar eigne tenester først. Mange familiar får hjelp frå familieveilederne og andre tenester i Familiens Hus. Det er framleis slik at vi ikkje klarer å gje omfattande og fleksible nok tenester i ein del sakar. Dette handlar om familiar/barn med utfordringar på fleire nivå, som fører til at det er behov for langvarig og omfattande hjelp både til foreldre og barn.

Det var i 2023 fleire barn som flytta ut av heimen etter langvarige tiltak som ikkje hadde ført til god nok endring. Samtidig var det også nokre barn som flytta heim eller ut frå institusjon og fosterheim, slik at tal barn på institusjon og fosterheim er relativt stabilt. Vi ser likevel ei tendens til at foreldre og barn ber om meir omfattande tiltak som deltid fosterheim/mykje avlastning eller institusjonsplass til barna.

Vi opplever aukande utfordringar med å finne fosterheime, akuttheimar og avlastar heimar. Dette kan føre til at våre barn må flytte langt bort frå kommunen når dei ikkje kan bu heime lengre. Konsekvensar av dette er at barna mister tilhøyrsele til vener, nettverk og kjente omgjevnader. Det fører og til auka kostnader og tid for barneverntenesta i oppfølginga av barna.

Barn, unge og familiar

Gjennom 2023 har eininga Barn, unge og familiar jobba målretta med å bli ei endå meir samla eining der tilsette kjenner kvarandre og dei ulike fagfelta godt. Med utgangspunkt i at eininga består av fem avdelingar med ulike ansvarsområde og ulikt lovverk, har vi hatt fokus på samhandling og forståing på tvers. Dette har vore heilt nødvendig for å sikre heilskapleg tilnærming til barn, unge og familiar. Eininga har no vore i drift i to år og mykje, både rutinar, system og felles forståing er meir etablert og vi driftar meir treffsikkert enn tidlegare. Vi har fått på plass avdelingsleiarar i alle avdelingane i Barn, unge og familiar, noko som er svært viktig for å sikre utvikling og leiing som er tett på praksisfeltet.

Mange av sakene vi jobbar i er komplekse, og særleg vanskeleg å lukkast med. Ofte handlar dette om at vi kjem seint inn i problemutviklinga og at situasjonen er fastlåst. Målet framover er å kome tidleg nok inn og på den måten få moglegheit til å jobbe meir lavterskel. Først då kan vi hjelpe mange på relativt kort tid og oppnå god gjennomstrøyming av saker.

I ein del saker som kjem inn til eininga, har vi lukkast med å etablere gode lag rundt barnet og familien. Fagpersonar på tvers av eininga og Familiens hus har jobba saman for å sikre god samanheng i tenestene. Det tverrfaglege fokuset i eininga bidrar til brei forståing på tvers og meir heilskaplege og saumlause tenester inn mot barn, unge og familiar som har behov for våre tenester.

Tilsette i Barn, unge og familiar deltar i mange ulike grupper og prosjekt. Døme på dette er B2S (knytt til bekymringsfullt skulefråvær), Innsatsteam mot mobbing, Rådgjevande eining for russaker, Konsultasjonsteam mot vald og overgrep, Samtalar med barn, BTI, sinnemeistring, SLT-møte og arbeidsgruppe knytt til vald og trusler. Vi har også ansvar for EFST-kurs (emosjonsfokusert ferdighetstrening for foreldre), «Vær med meg- kurs» (for Ukrainske flyktningar) og «Trygg base» (for fosterforeldre).

I samband med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, har Familiens hus gjennomført fleire fellessamlingar gjennom året. Tema har vore pedagogisk analyse, observasjon som verktøy, korleis bygge laget rundt barnet og auka forståing for- og meir kunnskap om skulefråvær og årsaker til dette. Arbeidet med Kompetanseløftet heng tett saman med eit delprosjekt i Verd-sett.

Nærmare om dei ulike avdelingane i Eining barn, unge og familiar:

Ungdomsteamet:

Jobbar miljøterapeutisk på dei tre ungdomsskulane, følgjer opp enkeltelevar frå 13-23 år og kan ha ei rolle i overgangen til vidaregåande skule. Teamet utgjer eit lågterskeltilbod, og har tett samarbeid med skular, foreldre, fastlegar og andre relevante fagtenester. Hovudfokuset er arbeid med psykisk helse, og teamet kan mellom anna kartlegge behov og motivere ungdom til å ta imot hjelp frå aktuelle hjelpetenester. Teamet deltek i samarbeidsmøte og ansvarsgrupper der også spesialisthelsetenesta er til stades. Ungdomsteamet har ansvar for å drifte Ung arena og er ein viktig bidragsytar på Fjorden arena. Begge hengeplassane har gjennom året hatt mykje aktivitet og godt oppmøte. Ung arena har hatt ope måndagar og onsdagar frå 14.30-18.00, i tillegg til open hall i regi av Intro DM. Måndagane er satt av til ungdom frå vidaregåande skule, mens onsdagane er prioritert til ungdomsskuleelevar. I tillegg til at Ung arena er ein hengeplass har lokalet vore brukt på dagtid til både enkelttreff og gruppetreff. Barneverntenesta, NAV og Flyktingtenesta har nytta lokalet. Open hall i Fjorden Arena har vore ope annakvar onsdag frå kl.14.30 – 16.30. Her har ungdommane fått tilbod om eit gratis måltid, tilbod i klatrehall, e-sport eller aktivitet med Intro DM i hallen. Dei har møtt trygge vaksne og hatt moglegheit til å vere med jamnaldrande.

Ungdomsteamet har gjennomført fleire jente- og gutegrupper med fokus på stress, press og sjølvbilete, samt vore viktige bidragsytarar og medspelarar i psykisk helseprosjektet til ungdomsskulane. I tillegg har teamet bidratt med undervisning på ein vidaregåande skule med tema psykisk helse.

Gjennom året har teamet arbeida med både individ- og systemsaker og til ein kvar tid jobba med mellom 35 og 50 individualsaker. Utfordringane teamet jobbar med er mellom anna dårleg sjølvbilete, angst, depresssive tankar, eteforstyrning, rusutfordringar og åtferdsvanskar. Siste del av året har det vore ei auke i tilviste saker til Ungdomssteamet, noko som har gjort det utfordrande å ta unna alle sakene. Auka har ført til at nokre ungdommar må vente på å få hjelp og at tid til miljødagar blir redusert.

PPT

Alle skular og barnehagar har sin eige kontaktperson i PPT som følgjer opp både på individ- og systemnivå. Kontaktpersonen ønskjer å vere tett på slik at det er enkelt å komme i kontakt med tenesta. PPT har gjennom året bidratt med systemarbeid i ulike barnehagar og skular og i fleire tilfelle hatt tett samarbeid med andre avdelingar rundt spissa problemstillingar. Vi ser at PPT har ei sentral rolle i mange alvorlege skulefråværsaker.

PPT har gjennomført mange felles læringsøktar, noko som har bidratt til kompetansedeling- og heving i heile tenesta. Det er ulike PP-rådgjevarar som har hatt ansvar for øktene og tema har mellom anna vore *eleven sin stemme i sakkunnig vurdering, deling av systemarbeid, Kompetanseløftet og aktuelle kartleggingsverktøy*. Tenesta har også utarbeida oppdatert mal for sakkunnig vurdering med utgangspunkt i Statsforvaltar-tilsyn knytt til alternativ opplæringsarena

Logopedtenesta er eit lågterskeltilbod. Tilbodet skal vere lett tilgjengeleg og bidra til tidleg innsats for enkeltbarn, samt systemstøtte via kursing og kompetanseheving, for eksempel språkpakker. Logopedtenesta har dette året utarbeidd materiell og kompetansepakkar til arbeid med spåk og uttale i småskule og barnehage (systemarbeid i form av rettleiing og modellering). Tenesta har mottatt 64 skjema med ønske om logopedhjelp og i tillegg deltatt i samarbeid rundt fleire enkeltbarn som har aktiv oppfølgingssak i PPT.

Det har vore ein del langtidsfråvær i PPT dette året, noko som samla sett har ført til fristbrot og at tenesta ved nokre høve har vore mindre tilgjengeleg for skular og barnehagar enn det vi ønskjer. I periodar har enkelte skular og barnehagar stått utan fast kontaktperson grunna sjukdom, men avdelingsleiar har organisert tilbod til desse og sørga for at andre PP-rådgjevarar har gjennomført arbeid med sakkunnige vurderingar og deltatt på aktuelle besøksdagar.

Gjennom året blei det fleire gonger lyst ut vikariat som tenesta ikkje lukkast å rekruttere i. Bemanningssituasjonen er derfor med på å forklare at PPT sitt arbeid har teke lengre tid enn vanleg. Av 191 tilviste saker var det tydeleg fristbrot i 97 saker. Det vart sett i gang tiltak for å avhjelpa situasjonen, mellom anna engasjerte vi ei erfaren PP-rådgjevar som i kortare periodar jobba med sakkunnige vurderingar.

Familieteamet

Består av kommunepsykologar, familierettleiarar og avdelingsleiar. Tilsette i Familieteamet har relevant og variert kompetanse og utfyller kvarandre med omsyn til kva hjelp teamet kan gje til barn, unge og familiar som blir tilvist. Dei har ansvar for individuell oppfølging av barn, unge og familiar på lågterskel og på vedtak frå Barneverntenesta. Familieteamet deltar i fordelingsmøte der ein fordeler saker som er tilvist, kvar veke.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta gir praktisk hjelp til busetting av flyktingar, og bistår med kvalifisering til arbeid og utdanning gjennom introduksjonsprogrammet. Flyktingtenesta omfatter eit bustad og oppfølgingsteam og eit introduksjonsprogram-team (intro-team). Rask og berekraftig overgang frå kvalifisering til fast arbeid med økonomisk sjølvstende og deltaking i samfunnet er dei viktigaste oppgåvene for Flyktingtenesta. Flyktingtenesta samarbeider tett med vaksenopplæringa, NAV, helseteneste for flyktingar og andre einingar og tenester i kommunen.

Regjeringa har nyleg gjort endringar i bestemmelsene om introduksjonsprogrammet for personar med kollektiv beskyttelse. Formålet med endringane er å sikre at fleire deltakarar får eit meir arbeidsretta innhald i introduksjonsprogrammet og at dei kjem raskare ut i arbeidslivet. Dette betyr at flyktingtenesta i samarbeid med NAV må skaffe fleire praksisplassar, arbeid på

deltid, korte yrkes- eller bransjekurs eller arbeidsmarknadstiltak i regi av NAV eller andre liknande tiltak.

Bjørnafjorden kommune fekk på slutten av året har anmodning frå integrering og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om å ta i mot nye 190 flyktningar i løpet av 2024. Saka skal til politisk behandling i januar/februar 2024. Bjørnafjorden kommune har busett 313 flyktningar dei siste to åra (2022 og 2023) og i 2023 var mottakstalet 157. Det har vore eit løft for heile kommunen og for mange av tenestene våre å ta i mot ei så stor flyktninggruppe. Det kjem eiga sak om status kring flyktningearbeidet i samband med politisk behandling av mottakstalet for 2024 (i januar 2024).

Flyktningtenesta har, i samarbeid med familieteam gjennomført foreldrerettleiing til dei som har eller venter barn. Gjennom denne rettleiinga får flyktningen informasjon om korleis det er å vere forelder i Noreg, og kva tilbod som finnes for foreldre og born i kommunen.

Vi ser at det er ei endring i flyktningegruppa som kjem til Norge ved at fleire av dei som kjem har traume, skader og sjukdommar dei har behov for hjelp til. Flyktningtenesta skal støtte flyktningane i heile integreringsfasen som er rekna som dei første fem åra etter busetting i kommune. I denne perioden, og etter at introduksjonsprogrammet er ferdig, er det nokre flyktningar som har lite behov for oppfølging, medan mange framleis er heilt avhengig av oppfølging frå tenesta. Dette kan handle om økonomi, manglande buevne, psykisk uhelse og liknande. Dette er krevjande for den enkelte flyktning og for tenesta. Flyktningtenesta si primæroppgåve i dette arbeidet er å vera brubyggar inn mot dei ordinære tenestene i kommunen og landet elles slik at flyktningen vert mest mogeleg sjølvstendig i sitt liv i Noreg.

Pedagogisk fagsenter

Pedagogisk fagsenter jobbar utøvande i barnehage med barn som har rett på spesialpedagogisk hjelp og gir rettleiing til barnahagar og foreldre. Avdelinga har vore organisert slik at spesialpedagogane er fordelt mellom eit visst tal barnehagar. Gjennom året har det vore jobba med ei betre organisering av den spesialpedagogiske hjelpa i kommunen og i haust blei det bestemt at Pedagogisk fagsenter skal flyttast ut frå Familiens hus og over til barnehageområdet. Dette vil tre i kraft 01.01.24.

Det har til tider vore lite kapasitet i Pedagogisk fagsenter grunna auke i barn som har behov for spesialbepadogisk hjelp, §31 og noko vakanse i avdelinga. Noko av auka er knytt til barn som har fått diagnosen barneautisme. Mange av desse sakene er komplekse og omfattande.

For å avhjelpe kapasitetssituasjonen i Pedagogisk fagsenter, har vi gjort avtale med barnehagar om at dei sjølv utøver §31 og fått refusjon frå kommunen.

Pedagogisk fagsenter har gjennom store deler av året mangla avdelingsleiar, og einingsleiar, saman med ei tilsett i avdelinga har hatt ansvar for drift og utvikling. I haust blei det tilsett avdelingsleiar som skal starte opp i april 2024.

Førebyggjande helsetenester

Gjennom 2023 har Førebyggjande helsetenester (FHT) jobba målretta med å drifte tenestene våre innanfor lovkrav og dei rammene vi til ei kvar tid har tilgjengeleg. Vi har saman med dei andre einingane i Familien hus jobba for å utvikle det tverrfaglege samarbeidet og ha fokus på å bygge laget rundt barnet.

Tilsette i FHT har i 2023 delteke i mange ulike prosjekt og grupper som Kompetanseløftet, Folkehelsearbeid, Sammen på vei, Back2school, EFST-kurs, Innsatsteam mot mobbing,

rådgjevande eining for russaker, arbeid mot doping, Samtaler med barn, BTI, SLT-møter, og arbeidsgrupper knytt til arbeid mot vald og sjølv mord. Vi har og vore med å drifta Treffpunkt (ein møtestad for barn og unge som har alvorleg kreftsjukdom i familien eller har mista nokon) og det gode samspel – musikk frå livets start.

Vaksinering og smittevern er viktige områder i tenesta vår. Vaksinasjonsdekninga i Bjørnafjorden har vore høg dei siste åra. Kommunehelsa sin statistikkbank viser at vaksinasjonsdekning for 2-åringar, 9-åringar og 16-åringar (dvs. barnevaksinasjonsprogrammet) ligg mellom 96 og 99 %, og dermed over landsgjennomsnittet.

I starten av 2022 starta vi opp med Digihelsestasjon som er ei meldingsteneste mellom helsestasjon- og skulehelsetenesta og innbyggjar via Helse Norge. Her kan innbyggjar på ein sikker og trygg måte sende og motta meldingar, få oversikt over avtalar, motta varslingar og få tilgang til relevant informasjon. Digihelsestasjon kommuniserer direkte med tenesta sitt fagprogram, og dette kvalitetssikrar og lettar arbeidet med dokumentasjon i brukaren sin journal. Vi har fortsett arbeidet i 2023 med å implementere Digihelsestasjon i den daglege drifta, og informerer og kommuniserer med brukarane i stadig aukande grad på denne måten.

Førebyggjande helseteneste er direkte berørt av nedtrekksprosessen i kommunen gjennom nedtrekk av stillinga koordinator for barn som pårørande. I tillegg påverkar nedtrekk i andre tenester i Familiens hus og hos andre samarbeidspartnarar som skule og helse oss. Effektivering av tiltaka vil først skje i løpet av våren 2024, men tilsette melder tilbake om at det har vore ei krevande tid med mykje usikkerheit.

Nasjonalt er det varsla stor mangel på helsesjukepleiarar og jordmødre i åra framover. I Førebyggjande helseteneste har vi siste åra hatt vanskar med å rekruttere tilsette med ønska kompetanse inn i eininga. Få søkarar til utlyste stillingar og stor konkurranse frå nabokommunar har ført til at vi ikkje har fått tilsett i alle utlyste stillingar i 2023. Dette fører igjen til stort press på tilsette som får fleire arbeidsoppgåver og større ansvarsområde.

Jordmortenesta: Det er fødd 295 nye Bjørnafjordingar i 2023, 32 i indre Bjørnafjorden og 264 i ytre Bjørnafjorden. Det gjennomsnittlege fødselstalet i kommunen frå 2018-2023 er 264 nyfødde pr. år, fødselstalet for 2023 er noko høgare enn gjennomsnittet dei siste åra.

Vi har fire årsverk knytt til jordmortenesta. Med desse årsverka har vi dei ressursane vi treng for å tilby innbyggjarane gode jordmortenester på begge sider av fjorden. I 2023 har vi tilbydd svangerskaps- og barseloppfølging på Osøyro og Eikelandsosen nærjordmorsenter, og alle som har ønska time hos jordmor har fått det. Jordmor har vore på helsestasjonen i Eikelandsosen ein dag i veka og gitt tilbod om svangerskaps-/barseloppfølging til dei gravide/barselkvinnene busett i Indre Bjørnafjorden.

Jordmortenesta har sidan mai 2023 avsett 20 % stilling til skulehelsetenesta grunna stort behov i den avdelinga.

Det er stort fokus på nærværarbeid i kommunen, og jobb-jordmor er eit viktig tiltak knytt mot gravide kommunale arbeidstakarar. Formålet er å få behalde gravide og deira kompetanse lengst mogeleg i arbeid fram mot permisjonen. Totalt 49 nye gravide har fått oppfølging av jobb-jordmor i 2023, 10 av kvinnene er vidareført frå 2022. Oppfølginga blir gitt digitalt med trepartsamtale (gravid, jobb-jordmor og leiar) der fokus er ein trygg og tilrettelagt arbeidskvardag for den gravide.

Helsestasjon: Nær alle barn og familiar i kommunen gjennomfører anbefalt program på helsestasjonen, og det er høg oppslutning rundt barnevaksinasjonsprogrammet.

I første tertial meldte vi at fråvær på helsestasjonen førte til at vi hadde ein del endra og avlyste konsultasjonar. Det var og vakant legestilling i denne perioden som i kombinasjon med anna fråvær gjorde det utfordrande å gje eit tilstrekkeleg legetilbod til barna. Frå mai 2023 har helsestasjonen vore drifta som normalt og barna har fått det tilbodet dei skal ha.

Helsestasjonen har hatt fokus på heimebesøk av helsesjukepleier til nyfødde barn innan 7 - 10 dagar etter fødsel. 82 % av våre nybakte familiar har fått dette tilbodet i 2023, dette er ei klar auke frå tidlegare år.

Skulehelsetenesta: Skulehelsetenesta var prega av langtidsfråvær og manglande rekruttering i første halvdel av 2023. Vakante stillingar førte til at skulehelsetenesta ikkje hadde den dekningsgrada vi tilstreba ut frå Helsedirektoratet sine normtal og anbefalingar. Skuleåret 2022/2023 stod nokre skular heilt utan helsesjukepleiarressurs, dette såg vi var svært uheldig for samarbeid og dialog med skulane. Det påverka og tilbodet til barn og unge, og mange hadde ikkje ein tilgjengeleg helsesjukepleier dei kunne oppsøke ved behov.

I barneskule prioriterte vi lovpålagte oppgåver som vaksinerings, skulestartundersøking og oppfølging av vekst i 3.klasse. Nokre barneskular fekk ikkje tilbod om universalførebyggjande tiltak som klasseundervisning om psykisk helse og grupper med tema grenser, trivsel og helse.

I Ungdomshelsetenesta såg ein i denne perioden dei største avvika. Ved Nore Neset ungdomsskule hadde vi helsesjukepleiar til stades ein gong i veka, og her prioriterte vi saker som ikkje kunne vente. Berre 34 av 174 (20%) av 8. klassingane ved Nore Neset ungdomsskule fekk tilbod om "helsesamtale 8.trinn" som er sterkt anbefalt i retningslinjene våre. Ved Os ungdomsskule fekk 144 av 162 (89%) av 8.klassingane same tilbod, og på Fusa Ungdomsskule fekk alle tilbod. Manglande helsesjukepleierressurs både på Nore Neset ungdomsskule og Os vgs. påverka ungdommen sitt tilbod om individuell oppfølging, og det blei ikkje gjennomført noko av dei undervisningstilboda vi ønsker gje ungdomen, bl.a. i forkant av russtid. I første tertial hadde også Os gymnas og Os ungdomsskule redusert ressurs, dette fråværet auka i 2. tertial.

Mangelen på ressursar førte til eit auka press på helsesjukepleiarane i avdelinga, og tilsette måtte bidra ekstra i avdelinga utover eigne oppgåver for å kunne gjennomføre lovpålagte oppgåver.

Hausten 2023 har tenesta hatt mindre vakanse, og dermed fleire ressursar på plass i skulehelsetenesta. Vi har samtidig jobba vidare for å finne smarte løysingar, bruke dei ressursane vi har på ein god måte og sikre kontaktpersonar der vi ikkje har fast helsesjukepleier tilgjengeleg til ei kvar tid. Ved utgangen av 2023 er det Søfteland barneskule, Os barneskule og Os vidaregåande skule som har nedtrekk i ressursar.

Helsesjukepleiarane i skulehelsetenesta rapporterer om auka alvorsgrad og kompleksitet i elevsaker, og fleire barn og unge rapporterer om plager og lidingar enn tidlegare. Det er større pågang frå barn med psykiske plager, foreldre som ønskjer rettleiing og tilsette i skulen som opplever ulike elevsaker som vanskelege å handtere utan helsekompetanse og tilstrekkeleg kapasitet.

Vi har i heile 2023 redusert opningstida på Helsestasjon for ungdom Osøyro frå to ettermiddagar i veka til ein ettermiddag i veka grunna fråvær. Dette har vi kompensert for gjennom ei god skulehelseteneste og pop-up helsestasjon for ungdom.

Avdelingsleiar har haust 2023 brukt heile si leiarstilling til drift i skulehelsetenesta. Vi har og brukt 20% jordmorstilling inn i skulehelsetenesta.

Flyktinghelsetenesta: Krigen i Ukraina og auka flyktingstraum, har ført til eit stort press på flyktinghelsetenesta. I 2023 har vi tatt i mot 139 flyktingar.

I januar 2023 fekk vi tilført ei mellombels stilling for å styrka Flyktinghelsetenesta i mottak og oppfølging av flyktingar. Dette var ei heilt nødvendig styrking for å kunne ivareta lovpålagte oppgåver for denne gruppa. Vi vidarefører denne stillinga inn i 2024.

Betre planlegging og tverrfagleg samarbeid med Flyktingtenesta og andre instansar rundt mottak av flyktingar er etablert i løpet av året. Dette ser vi fungerer godt, og fører til eit betre tilbod til flyktingane, samt ein meir oversiktleg kvardag for tilsette. Det er og svært positivt at det er etablert faste dagar i Eikelandssosen der tenestene gjev eit samla tilbod til flyktingar som bur der.

Den store flyktingstraumen har i periodar gjort det utfordrande å gje flyktingane den oppfølginga som er anbefalt. Helsedirektoratet anbefaler at alle flyktingar og asylsøkjjarar får tilbod om helseundersøking tre månader etter ankomst til landet. Dette for å kartlegge helsetilstanden deira og fange opp eventuelle oppfølgingsbehov. Flyktinghelsetenesta har klart å gje dei fleste flyktingane tilbod om denne undersøkinga, men 30 flyktingar (omlag 20%) har ikkje fått tilbodet. Dette fordi mykje av tida til tilsette i flyktinghelsetenesta framleis går med til mottak av nye familiar, oppfølging av flyktingar med ekstra behov, samt hjelpe dei som oppsøker tenesta for hjelp (drop-in). Vi ser at flyktingane som kjem frå Ukraina har større helsemessige utfordringar no enn dei som kom først. Det kjem fleire eldre og ein del med kroniske og alvorlege sjukdommar. Dette medfører meir oppfølging frå vår teneste og tettare samarbeid med fastlegekontor og andre helsetenester.

Tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta:

Førebyggjande helseteneste har sidan 2013 fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke tenesta. Tilskotet har heile vegen blitt nytta til lønsmidlar for å auke og etter kvart, oppretthalde dei auka ressursane i eininga. I 2021 fekk vi tildelt årlege midlar for 2021- 2023, men tilskotet har jevnleg blitt redusert. Dette gjorde at Førebyggjande helseteneste jamleg måtte trekke ned årsverk for å drifte innafor budsjett. Nedtrekk av årsverk påverkar tilboda vi gir til brukargruppa vår og gjer at tenesta vår stadig blir meir pressa på ressursar. I 2021 trakk vi ned 0,7 årsverk og i 2022 trakk vi ned 0,75 årsverk. I 2023, som er siste år av innvilga tilskotperiode, har vi motteke same sum som i 2022, og vi drifta derfor året utan ytterlegare nedtrekk. Ny søknad for å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta for 2024 er sendt desember 2023.

Tilskotet frå Helsedirektoratet er svært viktig for drifta i eininga og har i 2023 blitt brukt til å finansiere lønsmidlar knytt til Trygg start (auka oppfølging i svangerskap og småbarnsperiode for familiar med særlege utfordringar) og auka helsesjukepleiarressurs i barneskule.

Barnehagar

Barnetal:

Per 15. desember gjekk det 1379 barn i barnehagane i Bjørnafjorden kommune.

Tal barn pr. 15. desember 2023			
	Kom. bhg	Priv. bhg	totalt
sum tal barn	313	1066	1379
Tal barn pr. 15. desember 2022			
	Kom. bhg	Priv. bhg	totalt

sum tal barn	336	1101	1437
Reduksjon	-23	-35	-58

351 barn frå barnehagane begynte på skulen i august 2023.

Slik er barnetala fordelt i årstal i alle barnehagane:

Fødselsår	Tal barn i barnehage i Bjørnafjorden per 15.12.24	Fødselstal per år.	Tal barn busett i Bjørnafjorden per 06.02. 2024
2017	1 barn med utsett skulestart		
2018	289	267	301
2019	246	234	251
2020	277	250	284
2021	297	283	305
2022	239	252	264
2023	30	295	295
Totalt:	1379	1581	1700

Det er ledig kapasitet av barnehageplassar i kommunen og stor variasjon i søkjarmasse til den enkelte barnehage.

§31 og §37 i barnehagelova:

Hausten 2023 var det 53 barn som fekk spesialpedagogisk hjelp etter §31 i barnehagelova. Det er ei auke på 22 barn sidan hausten 2022.

Det er 30 barn som har vedtak etter §37, nedsett funksjonsevne, og dette er ei auke på 5 barn sidan hausten 2022. Det er ei auke i hjelpebehov og diagnosar.

Det er gjennom året arbeida med å sjå §31 og §37 saman for å kunne gje kvart enkelt barn eit heilskapleg hjelpetilbod. Dette arbeidet blir vidareført i 2024.

Med bakgrunn i den store auken i hjelpebehov har det vore naudsynt for kommunen å laga avtalar med barnehagane for å få utført den spesialpedagogiske hjelpa. Grunnen er at vi har hatt for få spesialpedagogar tilsett i Fagsenteret. Dette er og omtala under Familiens hus (Eining barn, unge og familiar).

Klagesaker:

Tal klagesaker knytt til vedtak barn med nedsett funksjonsevne §37: 2 saker

Tal klagesaker til Statsforvaltaren i forhold til trygt og godt barnehagemiljø: 0 saker

Minoritets-språklege barn:

Minoritetsspråklege barn	Bjørnafjorden 2023	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2021	Bjørnafjorden 2020
Tal barn	201	210	207	223

Per i dag har vi 201 minoritets-språklege barn og det er ein nedgang på 9 barn sidan 2022.

Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Redusert foreldrebetaling og Gratis kjernetid	2023	2022	2021
Tal husholdningar	99	221	128
Tal barn	119	259	151
Tal friplassar	25	22	28
Reduksjon samla sett i kroner	Kr 3 276 921	Kr 2 570 523	Kr 2 883 907

Det er nedgang i tal søknader i 2023, og det heng saman med at prisen for barnehageplass er gått ned. Det er færre vedtak, men vedtaka er større. Vedtaka blir fatta om hausten og dei varer for heile barnehageåret. Alle barn med vedtak i 2022 vert med på utbetaling våren 2023 på grunn av at alle vedtak gjeld til og med 30.06.

Tilsyn:

Alle barnehagane leverte skriftleg tilsyn i Juni. Tilsynet viser at det vert jobba veldig godt ute i barnehagane med prosedyrar, rutinar, handlingsplanar og oppfølging av barnehageloven. Det vert gjort eit imponerende arbeid av styrarane. Det skriftlege tilsynet er til dømes grunnlag for stadlege tilsyn.

Det vart gjennomført tre stadlege tilsyn hausten 2023 i Baldersheim barnehagen, Lysekloster barnehage og Espira Ulvenvatnet barnehage. Det vart ikkje funne lovbrøt. Tilsyna visar at det vert jobba godt med prosedyrar og rutinar i forkant av tilsyn, og barnehagane får rettleiing på forhold som kan bli betre. Tilsyn i barnehagar er eit samarbeid i Midthordland kompetanseregion. Rutine for tilsyn med barnehagar er kommunen som barnehagemyndede sitt arbeidsdokument. Det overordna føremålet er å sikre at barn i barnehage får eit heilskapleg, forsvarleg og kvalitativt godt tilbod. Den ønska effekten av rettleiing og tilsyn til barnehagane er å sikre at barnehagelova med forskrifter vert etterlevd.

Det er og gjennomført tilsyn etter forskrift om Miljøretta helsevern i barnehagar og skular i Ulvenvatnet barnehage, Søre Øyane naturbarnehage og nye Jettegryto barnehage, og alle vart godkjent. Forskrifta sitt mål er å bidra til at miljøet i barnehage og skular fremjar helse, trivsel, gode psykososiale - og fysiske miljø, i tillegg til å førebygga sjukdom og skade.

Kvalitetsmelding oppvekst:

Det blir årleg levert kvalitetsmelding for barnehage og skule (I juni kvart år.) I denne meldinga er det god omtale av satsingar, overgangar barnehage -skule m.m. Kommunen har vald å inkludere både barnehage og skule i same melding for å sikre samanheng og vise den raude tråden i oppveksten.

Nærmare om dei kommunale barnehagane:

Fagfokus: Vi har hatt stort fokus på psykososialt barnehagemiljø dei to siste åra: det skal vera trygt og godt i barnehagen. Kommunale barnehagar har arbeida spesielt med:

- Bærekraft
- Vanntilvenning i sjø
- Trafikksikker barnehage
- Barn sin medverknad

- Språkmiljø: det er no dagstavler i alle barnehagane.
- Drifte innanfor lovverk.

Det har vore jobba godt med det metodiske opplegget "læring gjennom lek" for førskule barn. Årshjul, idehefte og plan som er delt opp i fokusområder.

Innhaldet i månadsplaner og pedagogisk årshjul har også vore jobba godt med for å sikra fagområda og måla for 2023. I tillegg jobbar barnehagane med ulike tema/fokusområde som er relevant for barnegruppa, er initiert frå barn, og blir definert gjennom årstid, vær og hendingar. Det pedagogisk årshjulet sikrar også jamleg evaluering av ulike arbeidsområde og metodikk.

- | | |
|-------------------|---|
| • Strandvik: | Prosjekt - kjøkkenhage og trygg i trafikken, |
| • Trollskogen: | Prosjekt - kjøkkenhage og vaksenrolla i utelek. |
| • Jettegryto: | Prosjekt - språkmiljø og ny barnehage |
| • Holdhus: | Prosjekt - språk og realfag |
| • Baldersheim: | Prosjekt – teikn til tale og språkmiljø |
| • Ådlandsfjorden: | Prosjekt – Hakkebakkeskogen og språkmiljø |
| • Os: | Prosjekt – Oselvaren og språkmiljø |

Dei kommunale barnehagane hadde 15.08.23 ein halv felles planleggingsdag med fagleg påfyll og erfaringsdeling. Tema:

1. Trygt og godt barnehagemiljø. Kva rutinar har ein og forslag til tiltak.
2. Trusselsituasjon i barnehagen. Kva rutinar har ein og forslag til tiltak.
3. Korleis inspirera til kreativ lek på uteområdet.

Nye Jettegryto barnehage blei tatt i bruk august 2023. Barnehagen har fått fantastisk flotte lokalar, og leikeapparat og uteområdet er rusta opp. Første halvår i ny barnehage har vore bra og både barn, tilsette og føresette trivst i den nye barnehagen.

Bemanning: Dei kommunale barnehagane innfrir bemanningsnorm og pedagognorm med dispensasjon. Søre Fusa, Trollskogen og Holdhus har dispensasjon frå utdanningskravet om pedagognorm. Det er utfordrande å få tak i barnehagelærar. Strandvik barnehage har dispensasjon frå pedagognorm, sidan dei har ein plass meir enn norm i forskrift om pedagogisk bemanning.

Det er svært vanskeleg å få rekruttert kvalifisert arbeidskraft i barnehagane. Det gjeld overalt i kommunen, og blir løyst med dispensasjonar. Ei stor utfordring i barnehagesektoren er mangel på tilkallingsvikarar. Det er vanskeleg å rekruttera til leiarstillingar i utkantane av kommunen.

Dei kommunale barnehagestyrarane opplever at arbeidsmengda er blitt større i forhold til administrasjon. Dei har overtatt ein del oppgåver som tidlegare låg til HR og dokumentsenteret. (Nedskjeringar i desse einingane). Barnehagane har ikkje merkantil hjelp.

Sjukefråvær 2023:



Sjukefråværet i 2023 landa på 10,89%. Styrarane har stort fokus på nærvær.

Arbeidsmiljøgruppene i alle barnehagane har hatt gjennomgang av sjukefråvær og kva tiltak som kan setjast i verk for å redusera fråvær. Det har vore vanskeleg å få tak i vikarar i 2023 og styrarane har sjølve tatt mykje vikararbeid, noko som er krevjande for den samla drifta.

Andre utfordringar i barnehagedrifta:

Det er utfordrande å regulere tal tilsette etter tal barn i dei små barnehagane på grunn av lav søkjarmasse. Dette generer auka tilskot til private barnehagar på grunn av større vaksenttleik.

Det er utfordringar med bygningsmassen til Lysekloster barnehage. Dette er omtala i barnehagebruksplanen. Det er behov for oppgradering, (eventuelt ny barnehage) innan kort tid (5 år). Grunnen er lekkasje frå tak, vindauga og at det er krevjande å halde varmen i bygget når det er kaldt. I samband med utbygging av ny veg og stor utbygging av boligar er prognosane at Lysekloster barnehage kjem til å ha for liten kapasitet i framtida. Dette må vi kome tilbake til ein nærmare vurdering av i samband med neste års budsjett.

Dei kommunale barnehagane står i ein konkurransesituasjon, og uteområdet og bygg er noko av det første nye føresette legg merke til. Uteleikeplassane i dei kommunale barnehagane har behov for oppgradering av både leikeapparat og grunnarbeid. Dette er også skrevet om i barnehagebruksplanen. Det er ikkje midlar i barnehagebudsjettet til vedlikehald av bygg og uteleikeplass, så det er eit stort behov for å lage ein plan for økonomiske investeringar på dette området.

Utvalde resultat

Heiltidskultur: Gjennomsnittleg stillingsstørrelse er på 87,8% (årsbasis). Gjennom det siste året har vi hatt fleire stillingar i Stillingskontroll der deltidstilsette som har ønska det har fått auka opp stillinga i samband med vakanser i området og i den enkelte eining. Dette ser likevel ikkje ut til å endre biletet samla på oppvekst. Vi ligg på nokonlunde same nivå som i fjor.

Vi har busett 157 flyktningar i løpet av 2023. Anmodningstalet vi hadde sagt ja til var 170.

Hausten 2023 gjennomførte representantar frå Familiens hus og ressurspersonar i Verd-sett, *ei omfattande kompetanseheving inn mot alle tilsette i barnehage, på skule og i Familiens hus*. Tema var *Tidleg oppdaging av utsatte barn og unge*, ei nasjonal-fagleg retningslinje. Målet var dette var at alle som jobbar med barn og unge skal kjenne retningslinja og kunne identifisere barn og unge som lever i ein risikosituasjon. I same opplæring blei den digitale snakkesimulatoren "Snakkemedbarn.no" som er laga av RVTS på oppdrag frå Bufdir nytta. *Målsettinga med snakkemedbarn.no er å styrke vaksne sine ferdigheiter til å snakke med barn dei er bekymra for på ein måte som trygger barnet*. Erfaringar frå denne kompetansehevinga på heile oppvekstfeltet presenterte vi på ei inspirasjonssamling i regi RKBU i februar 2024.

Filmsnutt kalla «5 på gata»: Her fortalde 5 engasjerte personar om kva som var viktig for foreldra å tenkje på før sommarferien. Helsesjukepleiar, politi, MOT-koordinator/lærar, ungdomsteamet og ungdomsrådet var dei som kom med gode råd. Denne filmen blei sett av mange tusen, men også delt av fleire kommunar samt politiets nettpatrulje vest som har mange følgjarar. Filmen er ein del av VERD-SETT satsinga i kommunen.

Bjørnafjorden ungdomsråd har gjennomført 7 møter i 2023. Det er stort engasjement i ungdomsrådet og det er ein viktig arena for oppvekstfeltet for å drøfte saker som gjeld barn og unge.

Pilotprosjekt i samarbeid med Norges fotballforbund og Norges handballforbund som rettar seg mot fairplay og fellesskapet i klassane på skulen og laget i klubbane: Er evaluert. Gode tilbakemeldingar.

Vi har hatt samarbeid med politi, trafikkskulane og trygg trafikk med foredrag og rebus for alle 10 trinnselevane. I tillegg hadde vi «gla`kontrollar» 2 stader der vi gav ut informasjonsmateriell. Det same budskapet blei også formidla i annonsar i lokalavisa, både digitalt og i papirform. Over tid har vi sett at det er naudsynt å halde fokus på førebyggjande tiltak som handlar om mellom anna lette motorsyklar. Vi fekk midlar av Vestland fylkeskommune til dette prosjektet.

INTRO DM har hallaktivitet i Os aktiv onsdagar når Ung Arena er opent, her kjem i snitt 15 personar. Fusa frivilligsentral arrangerer open hall annankvar onsdag der også INTRO er med. Her kjem det mellom 20-25 personar kvar gong. Dei onsdagane INTRO arrangerer kjem det mellom 5-10 personar. I tillegg har det vore aktivitet i samarbeid med CrossFit Øyro, samt at det har vore turneringar på Nore Neset Arena. Vi har fått midlar frå Bufdir til å halde desse aktivitetane.

I haust har vi hatt *2 temakvelder i samarbeid med idrettsrådet og idrettslaga med fokus på kroppspress og doping, rus, festkultur og haldningar, samt rollemodellar, fysisk aktivitet og relasjonar*. Trenarar, oppmenn/kvinner med fleire blei invitert på desse temakveldane som fann stad på Borgafjellet barneskule og Fusa ungdomsskule.

I løpet av året er det arbeida med *førebuing til ny UngData undersøking* som skal gjennomførast i starten av 2024. UngData er ei spørjeundersøking. Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – storbyuniversitetet er ansvarleg for gjennomføringa av Ungdata-undersøkinga i samarbeid med landets sju regionale kompetansesentre innan rusfeltet (KORUS). Ungdata gir eit godt innblikk i korleis det er å vere ung i Bjørnafjorden og Noreg. Alle skulane i Bjørnafjorden kommune som har elevar frå 5 trinn og til vidaregåande skule-alder deltar, totalt 23 skular. Vi har utarbeid rutine for gjennomføring og oppfølging av resultata i Ungdata.

VERD-SETT- E-sport-satsing: Det har vore møter mellom kommune og klubbar, pluss individuell oppfølging med dei ulike klubbane. Kommunen sitt oppdrag er å bidra til at klubbane kjem i gang. 4 klubbar er i gang.

Alternativ- og supplerande kommunikasjon (ASK): Vi har etablert ei ASK-arbeidsgruppe som har gjennomført workshop for tilsette i skulane og ei fagøkt på forvaltningsmøte barnehage. Det er eit auka behov for kompetanse innan ASK-feltet på oppvekstområdet. Vi hadde ambisjonar om å få på plass ein felles ASK-rutine og ei ressurside i kommunen i 2024.

Ingen utanfor (IU): IU-satsinga for alle barneskulane i kommunen har erstatta tidlegare TL. IU er ei satsing som også er kopla opp mot Venneveko, Verdensdagen for psykisk helse, BlimE, Hopp for hjerte mm. Det er blitt gjennomført 2 nettverk for dei IU-ansvarlege på skulane og leikekurs for alle skulane. Leikekursa var lokalisert i Fjord'n arena, Os idrettshall og Nore Neset aktivitetshus. Det er bestilt grøne vestar med logo og trykk til alle IU-leiarane og IU-ansvarlege. Grøn er farge for forebygging. IU skal førebygge utanforskap og sikre eit inkluderande fellesskap.

Folkehelse – 4-årig oversiktsdokument: Arbeidsgruppa i folkehelsearbeidet har ferdigstilla det 4-årige oversiktsdokumentet om folkehelsestanden i Bjørnafjorden kommune. Oppvekst har 2 representantar i denne tverrsektorielle arbeidsgruppa. Folkehelseoversikta vil bli presentert i Tenesteutvalet, i rådsorgana og drøfta i formannskapet og i Kommunestyret i 2024 og skal gi kunnskapsgrunnlag og danne grunnlag for prioriteringar og satsingar framover.

Vi har gjennomført eksamen for 10.trinn etter ny læreplan. Gjennomføringa har gått fint i Bjørnafjorden kommune, til trass for nokre tekniske utfordringar. Det var større tekniske utfordringar i resten av landet og mest på vidaregåande skular.

Grunnskulepoeng: Grunnskulepoenga for Bjørnafjorden kommune viser som resten av landet ein nedgang. Dette var venta då det våren 2023 blei gjennomført eksamen igjen. Resultat på 42,7 for Bjørnafjorden kommune ligg over landsgjennomsnittet og ganske likt med Vestland. Dette blir nærmare omtale i Kvalitetsmeldinga.

Rammer for lesing: Det er etablert arbeidsgruppe som jobbar med "Rammer for lesing i Bjørnafjorden kommune". Vi jobbar med å utvikla digital plattform, slik at rammene for lesing når alle. Den skal gi gode rammer for korleis vi skal nå målet om å få færre barn på nivå 1 i lesing og at fleire barn skal bli funksjonelle lesarar. Vi ser god verdi i nettverk på tvers av skular.

Begynnaropplæringa: Vi har gjennomført 3 nettverk for tilsette på 1.-og 2.trinn. Tema har vore skriving i begynnaropplæringa, Uteaktivitetar og ASK.

Vi har 6 skular som får midlar frå kulturfondet. Skulane som har fått innvilga søknaden sin og får kulturfondbøker er: Lysekloster, Borgafjellet, Ådlandsfjorden, Lunde, Kuventræ og Halhjem. Desse skulane vil få bøker til biblioteket kvart år i perioden 2024-2026.

Tilsette i familiens hus har bidratt i fleire viktige systemsaker, både inn mot elevar, føresette og tilsette, ved fleire skular. Dette har bidratt til eit endå betre samarbeid på tvers av Familiens hus og skulefeltet.

På Ung arena har det i snitt vore rundt ti ungdommar kvar måndag og 50- 60 ungdommar kvar onsdag. På Fjorden arena har det i snitt vore 20 - 25 ungdommar kvar gang.

Gjennom året har PPT mottatt totalt 191 tilviste saker der 50 er knytt til barnehage og 140 til grunnskule. Tenesta har i tillegg mottatt ei tilvisning frå vaksenopplæringa. Talet på tilvisningar er høgare enn fjoråret, då vi til saman mottok 163 saker. Det er ei auke både i barnehage og på skule.

I september 2023 fekk vi på plass avdelingsleiar for Familieteamet, noko som var viktig både for teamet og for eininga. Tidlegare har Familieteamet vore organisert rett under einingsleiar.

Gjennom året har Familieteamet og Ungdomsteamet totalt jobba med i overkant av 200 individsaker, der Familieteamet har hatt ansvar for litt over 120 av desse. 64 av sakene er på lågterskel, 45 saker er på vedtak frå Barneverntenesta og dei resterande 13 sakene er rettleiing til fosterheimar. Aldersmessig får vi flest tilvisingar som gjeld barn mellom 6-12 år. I denne kategorien har vi følgd opp litt over 50 familiar. Familieteamet har pr.no ingen venteliste for oppfølging av familierettleiarar, og berre to saker på venteliste hos psykolog. Dette er svært positivt.

Etablering av Familieråd: Ein familierettleiar har hatt ansvar for tilrettelegging for opplæring i Familierådsmodellen på lågterskel. Dette er ein modell som skal bidra til at vi i større grad nyttar familie og nettverk som ressursar. Det er gitt opplæring til fem familiekoordinatorar frå ulike avdelingar i Barn, unge og familiar og laga ein plan for å informere dei ulike tenestane om dette lågterskeltilbodet. Det blir spennande å sjå kor mange familiar vi får rekruttert til dette tilbodet. Familierettleiar vil ha ansvar for organisering og drift av tilbodet i Familiens hus.

Flyktningetenesta har fått på plass rutinar og system på fleire viktige område og har drive kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Flyktningetenesta har jobba med kompetanseheving og felles forståing for integreringsarbeidet i kommunen."

Flyktningetenesta har fått ny heimeside med god informasjon om tenester vi tilbyr.

Trygg start: Totalt 42 familiar har fått oppfølging av helsesjukepleier i Trygg start i 2023. 26 av familiene er nye familiar som er rekruttert inn i 2023, medan 16 familiar er overført frå tidlegare år.

Jordmortenesta har følgd opp 56 gravide i Trygg start.

Fødselsførebuande kurs er eit populært tilbod til førstegongsfødande med partner busett i kommunen, og vi har hatt stor pågang. Det har vore avvikla ni Fødselsførebuande kurs og totalt har 156 personar delteke på desse kursa.

Alle barnehagane har levert inn skriftleg tilsyn i løpet av Juni. Tilsynet viser at det vert jobba veldig godt ute i barnehagane med prosedyrar, rutinar, handlingsplanar og oppfølging av barnehagelova. Det blir gjort eit imponerende arbeid av styrarane.

Foreldreundersøkinga 2023 i barnehagane: Utdanningsdirektoratet inviterer årleg til foreldreundersøking i alle barnehagar i Norge. Administrasjonen i Bjørnafjorden kommune oppfordrar alle å gjennomføre undersøkinga. Resultata kjem i 2024.

Viktige hendingar

Ny barnevernslov: Frå 1. januar 2023 trådde ny barnevernslov i kraft. For tenesta betyr dette nye/endra lovparagrafar og større endringar i enkelte område som barns medverknad og barn i fosterheim. Lova forsterkar også kommunens ansvar for å gje opplæring og rettleiing til tilsette i barneverntenesta. Tenesta har gjennom året jobba med å endre alle rutinar og malar for å tilpasse nye lovkrav og paragrafar.

Jettegryto barnehage har flytta inn i ny moderne barnehage ved starten på nytt barnehageår - til glede for barn, tilsette og førsette.

Kommunen har fått midlar frå Statsforvaltaren - *prosjektmidlar til stillingar til oppsøkjande verksemd opp mot barn og unge (2,9 millionar)*. Vi tilsette i stillingar i haust og "utekontakten i Bjørnafjorden" startar opp i byrjinga av 2024.

Arbeid med sektorplan Oppvekst: Sektorplanen skal leggje til rette for ei ønska utvikling og vere eit viktig grunnlag for prioriteringar og strategiske val. Sektorplanen byggjer på kommunen sitt samfunns mål: "Det gode liv for alle." Det er gjennomført arbeidsøkt med tilsette frå Familiens hus, barnehage og skule. I denne arbeidsøkta jobba dei tilsette med korleis ein skal jobbe for å oppnå måla i sektorplanen. I mai blei det gjennomført innvolveringøkt for alle som sit i SU både private og kommunale barnehagar og skular. Denne dagen blei det også gjennomført fokusgruppe intervju med elevar frå barneskule og ungdomsskule. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå begge møtepunkta. Innspela frå SU og elevane er viktige i utforminga av sektorplanen som kjem til politisk behandling i 2024.

15.08.23 vart det gjennomført felles oppstartssamling for alle tilsette i skular og barnehagar og familiens hus i Oseana. Dette er første fysiske fellessamling etter kommunesamanslåinga. Tema var «Felleskapelse» ved Atle Kaasin, og «Å høyre til – saman for eit trygt barnehage- og skulemiljø» ved mobbeombodet i Vestland.

Oppfølgingsordninga: Vi har fått midlar slik at vi kan fortsette samarbeidet med NHH i oppfølgingsordninga. Oppfølgingsordninga gir gode og samlande dagar for skulefeltet (rektorar, avdelingsleiarar og rådgjevarar). NHH er fagleg bidragsytar til innhaldet og vi jobbar med analyse av resultat for å auke kunnskap og grunnlag på feltet. Oppfølgingsordninga er omtala i Kvalitetsmeldinga.

Vi har gjennomført eksamen for 10.trinn etter ny læreplan. Gjennomføringa har gått fint i Bjørnafjorden kommune, til trass for nokre tekniske utfordringar. Det var større tekniske utfordringar i resten av landet og mest på vidaregåande skular.

Vi har starta opp igjen med *nettverk for rådgjevarar på ungdomsskulen*. Dette er i regi av regionen.

Bjørnafjorden kommune har *leiaransvaret for Midthordland kompetanseregion*.

Det er ei *auke i tal saker skulefråvær*. Arbeidet med oppfølging av skulefråvær er eit tverrfagleg arbeid, der både skule, fagstab, PPT og helsesjukepleiar er sentrale aktørar, men også andre instansar deltek om det er til det beste for saka.

Vi gjennomfører *nettverk for nyutdanna nyttilsette lærarar*. Det er inspirerende og nyttig med delingskultur og eit godt støttesystem for dei som nettopp har starta i yrket. Dei fleste av dei nyutdanna nyttilsette lærarane blir verande i kommunen.

Statsforvaltaren gjennomførte *tilsyn med barneverntenesta* februar 2023, kor det blei konkludert med lovbrøt i tenesta. Systematisk arbeid knytt til internkontroll og opplæring førte til at lovbrota blei lukka oktober 2023.

Rask Psykisk Helsehjelp (RPH): Hausten 2023 blei det bestemt at Familieteamet, frå nyttår 2024 skal tilby Rask Psykisk helsehjelp (RPH) til ungdom frå 16 år. Ein av familierettleiarane skal ta utdanninga våren 2024 og vil ha eit tett samarbeid med RPH-teamet som er organisert under avdeling Psykisk helse og rus.

TIBIR: Bjørnafjorden kommune er i løpet av 2023 blitt TIBIR kommune. TIBIR - tidleg oppdagelse av barn i risiko- er eit forskingsbasert rettleiingsprogram til barnehagar, skular og føresette. Målet med denne tilnærminga er å fange opp barn som er i ferd med å utvikle vanskar i samspel med andre på eit tidleg tidspunkt og gje "laget" kring barnet rettleiing.

BTI (Betre tverrfagleg innsats) er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og deira foreldre det er knytt undring eller bekymring til og som det er behov for å samarbeide rundt. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, betre tverrfagleg samarbeid, likeverdige tenester og brukarmedverknad. Modellen inneheld ein digital handlingsrettleiar med tilhøyrande verktoy som skal brukast på ulike nivå på tvers av tenester/einingar. Gjennom å implementere BTI og handlingsrettleiaren får vi felles retningslinjer og rutinar for korleis ein går fram dersom ein er bekymra og dersom det er behov for samarbeid med føresette og eller andre tenester kring enkeltbarn og familiar. Bjørnafjorden kommune fekk i 2022 midlar (eingongssum) frå Statsforvaltaren for å starte arbeidet med å implementere modellen. Arbeidet med implementering held fram i 2023 med kommunen sine egne ressursar. Ved slutten av 2023, er det meste klart til å starte implementeringa våren 2024

Flyktingtenesta har deltatt på fagdag om æresrelatert vold og negativ sosial kontroll med IMDIs fagteam. Formålet med fagdagen var å auke kunnskapen om fenomena, korleis ein kan avdekkje, kartleggje og hjelpe dei som er utsett.

Pop-up helsestasjon for ungdom. Grunna reduserte opningstider på Helsestasjon for ungdom har vi starta opp med pop-up helsestasjon for ungdom. Då har vi hatt stand på dei vidaregåande skulane med informasjon, tilbod om samtale, oppfølging og testing av kjønssjukdomar. Dette er blitt tatt godt i mot av ungdomane, og er noko vi ønsker å halde fram med.

Kvalitetsmelding for barnehage og skule var til politisk behandling i juni. Dette er ein felles rapport for barnehage og skule der målet er å vise den raude tråden i oppveksten til barna. "Alle barn er våre barn" er sentralt for alle tilsette som arbeider i oppvekstfeltet.

Barnehagebruksplanen vart vedtatt 16.02.23, og i same kommunestyremøte vart Holdhus barnehage vedtatt nedlagt frå 01.08.24. Holdhus barnehage har vore ressurskrevjande for barnehageadministrasjonen å halde ope, og grunnen er at både styrar og pedagogisk leiar fekk andre jobbar våren 2023. Vi klarte ikkje å rekruttera ny styrar og pedagogisk leiar, og dermed vart arbeidsoppgåvene fordelt ut på fleire

Hausten 2023 gjennomførte vi **fagsamlingar for alle tilsette i barnehagane i Bjørnafjorden kommune.** Temaet for samlingane har vore «Tidleg oppdagelse av sårbare barn og unge» og «snakke med barn». Dette er eit delprosjekt i Verd-sett.

Gjennomført kurs	Styrarar	Pedagogar	Assistentar/fagarb.
	17	75	131

Hausten 2023 starta forskingsprosjektet «*Saman mot mobbing*» opp i dei ulike tiltaksbarnehagane. 8 instruktørar har fått opplæring og det har vore gjennomført opplæring i 4 modular. Tiltaksbarnehagane som starta opp hausten 2023 er: Holdhus barnehage, Ådlandsfjorden barnehage, Trollskogen barnehage, Vinnes barnehage, Eventus Borgafjell barnehage, Søre Øyane Naturbarnehage, Os barnehage og Skorvane FUS barnehage. Kontrollbarnehagane som skal i gang hausten 2024 er: Jettegryto barnehage, Strandvik barnehage, Baldersheim barnehage, Lysekloster barnehage, Søre Neset FUS barnehage, Hjellemarka FUS barnehage, Læringsverkstedet Kuvågen barnehage, Banktjørnhaugen barnehage. Varhaug barnehage og Hegglandsdalen barnehage har gjennomført opplæringa for nokre år sidan og fekk ikkje delta i forskingsprosjektet, men har fått tilgang til det nye materialet.

Pedagogsamlingar for barnehagane: 14.02.23 og 21.02.23 gjennomførte vi pedagogsamling både på Os og på Fusa. Dette er ei samling vi gir tilbod om to gonger i året, med pedagogar i både kommunale og private barnehagar. Temaet på samlingane i vår var eit tre timars kurs i EFST. Å vere ein trygg tilsett i skule og barnehage kan vere ei utfordrande oppgåve! På tross av at alle tilsette gjer så godt dei kan, kan tilsette og barn komme inn i vanskelege samspillsmønstre eller oppleve utfordringar som påverkar tolmod, overskot og livskvalitet både for barn og tilsette. Kurshaldarane var frå Familiens Hus.

Forvaltningsmøte barnehage i regi av barnehagemynde: Det har vore gjennomført 4 forvaltningsmøter gjennom året. Tema på desse har vore «Saman mot mobbing», Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK), Opptak og «Tidlig oppdagelse av sårbare barn og unge».

Leiarsamlingar (3) i regi av Midthordland kompetanseregion (barnehage og skule):

- Tema: «Alle høyrer til – barna som utfordrar oss» ved Terje Ogden.
- Tema: Lengsla til å høyre til. Praksiserfaringar frå alle kommunane.
- Tema: Bygge laget rundt barnet. Pedagogisk analyse ved Per Olav Sørås.

Årleg tilstandsrapport (2022-23) for barnevern var til politisk behandling i haust.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
20-Oppvekst - Fagstab og felles satsingar	10 341	10 689	1 781	-8 908	-500,2 %
21-Skular	375 705	389 863	377 690	-12 173	-3,2 %
23-Familiens Hus	131 840	165 150	159 459	-5 691	-3,6 %
27-Barnehagar	238 558	268 096	256 473	-11 623	-4,5 %
Sum	756 444	833 797	795 403	-38 394	-4,8 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for oppvekst er eit meirforbruk på nærmare 38,4 millionar i 2023.

Det har gjennom heile året vore arbeid med tiltak for å redusere meirforbruket og realisere vedtekne nedtrekk på alle einingar. Vi trekker ned i tråd med tiltak i Omstilling 25, men samtidig har vi meirforbruk i andre delar av drifta. Dette heng saman med særskilte stramme rammer.

Familiens hus arbeidar med snuoperasjonar som tek tid. På barnehageområdet og på skuleområdet har vi gjennom året slitt med å halde budsjettet inn mot barn og elevar med store hjelpebehov. Dette er budsjettposter som har lagt fast på same nivå over tid samstundes som tal barn som har store og meir komplekse hjelpebehov aukar. Det blir arbeida kontinuerleg med å leite etter smarte løysingar når det gjeld ressursbruk samstundes som vi sikrar barn/elevar det dei har krav på. Dette arbeidet held fram neste år.

Gjennom 2023 drog vi med oss store nedtrekk som ikkje var realisert frå tidlegare år og som vi ikkje har klart å finne inndekking for.

Under er den økonomiske situasjon i barnehage, skule og Familiens hus gjort greie for.

Oppvekst - Fagstab og felles satsingar

Ved utgangen av året ligg det ein minus på 8,9 millionar på fagstab oppvekst. Dette er relatert til gamle innsparingskrav i oppvekstsektoren som det ikkje er funnet konkret inndekking for.

Meirforbruket er redusert noko gjennom året då vi har auka inntekter på SFO samt redusert noko på administrasjon og leing i skulane. Begge desse tiltaka er del av Omstilling 25 og i samsvar med tilrådingar frå PwC-rapport.

Skular

Skuleområdet kom ut med eit større meirforbruk enn vi har varsla tidlegare. Tilsaman er meirforbruket over 12 millionar. Det er fleire faktorar som har ført til dette. Vi har auka sjukefråvær siste del av året og har bidrege til at fleire skular kom ut med meirforbruk ved årsslutt.

Overforbruket for skulesektoren skuldast i stor grad at vi har auke i utgifter knytt til elevar med store hjelpebehov. Dette er budsjettpostar som har lagt fast på same nivå over tid samstundes som tal barn som har store og meir komplekse hjelpebehov aukar. Det blir arbeida kontinuerleg med å leite etter smarte løysingar når det gjeld ressursbruk samstundes som vi sikrar barn/elevar det dei har krav på. Skuleåret 2022/23 blei det tildelt 7 millionar meir til skulane knytt til elevar som har store hjelpebehov og dette vil følgde oss ut heile skuleåret (førte halvår 2023). Vi har saman med rektorgruppa sett på tildelingspraksis og omfang. Vi klarte ikkje å justere ned tildelinga haust 2023 då det er kome fleire barn med store hjelpebehov inn på 1 trinn og talet elevar og omfanget av behova er større enn for elevar som har gått ut 10 trinn.

Familiens Hus

Familiens hus har eit samla meirforbruk på 5,7 millionar. Meirforbruket er knytt til Barnevern. Både Einimng barn, unge og familiar og Førebyggjande helseteneste har mindreforbruk.

Det er knytt nokre generelle utgifter til Familiens hus som det ikkje er kompensert for i einingane sine budsjett. Dette omhandlar ombygging av Barnevern og Flyktningetenesta sine lokaler for å gjere lokala sikkerhetsmessig forsvarlege.

Barnevernstenester

Barneverntenesta hadde eit meirforbruk i underkant av 7,5 millionar i 2023. Noko lågare en rapportert i 2 tertial.

Tenesta har hatt eit mindreforbruk på løn grunna sjukefråvær med sjukelønnsrefusjon og vakanse på ca. 1 million.

Tiltak i heimen: Det er eit samla meirforbruk knytt til dette på ca 2,7 millionar. Dette er tiltak som er naudsynt å sette inn for å hindre at barn må flytta ut av heimen eller på institusjon. Tiltaka omhandlar kjøp av tenester då kommunen og Familiens hus ikkje sjølv har robuste nok tiltak til å avhjelpa denne gruppa pr. i dag

Plasserte barn på institusjon: Det er eit samla meirforbruk på ca 5,8 millionar. Dette har vore varsla gjennom året og er ein konsekvens av at oppvekstreformene ikkje er fullfinansiert og at kostnader til ei institusjonsplassering er kostnadsrekna til 2,2 millionar pr år pr barn. I budsjett for 2023 var det ikkje tatt høgd for auke i kostnader som følgje av barnevernsreforma.

Det er over år, gjennom PwC -rapporten og i budsjett for 2024, varsla at kommunen manglar tiltak på raudt nivå i tiltakskjeden. Dersom ein hadde etablert eit eige kommunalt team som arbeidde intensivt opp mot dei aller mest sårbare barn og unge, kunne ein moglegvis redusert overforbruket betydeleg.

Det er laga eit meir realistisk budsjett for 2024. Der tenesta får tilført midlar på budsjett som dekker dei faktiske kostnadane ein har knytt til allereie plasserte barn.

Barn, unge og familiar

Barn, unge og familiar hadde samla eit mindreforbruk i 2023 på vel 1 million. Dette skuldast integreringstilskott flyktningar. Dert har vore eit overforbruket på spesial-pedagogisk hjelp i barnehagane (§ 31) på 890 000 og det er og brukt meir driftsmidlar enn det som er budsjettert, mellom anna i Familieteamet.

Førebyggjande helsetenester

Førebyggjande helseteneste har eit mindreforbruk på ca 700 000. Mindreforbruket er knytt til ubrukne lønsmidlar grunna manglande rekruttering til sjukefråvær og vakante stillingar.

Det er brukt vel meir i driftsutgifter enn budsjettert. Hovudgrunnene til auke i driftsutgifter er knytt til auke i programvarelisensar i fagprogramma Digihelsestasjon og Hspro, samt auka kostnader til køyregodtgjersle og bruk av tolk.

Når de gjeld inntekt, har vi høgare refusjonar frå Helfo enn budsjettert – fleire går til jordmor og vi kan hente inn meir for tenester vi leverer. Men vi har lågare inntekt frå vidaregåande då vi ikkje har hatt helsesjukepleiar til utleie og dermed ikkje kan krevje refusjon. Heile tilskotet frå helsedirektoratet er inntektsført.

Barnehagar

Samla meirforbruk på barnehageområdet i 2023 er 11,6 millionar. Dette er primært meirforbruk knytt til fleire barn i barnehage enn det vi hadde budsjettert for.

Kommunale barnehagar: I 2023 kjem alle dei kommunale barnehagane ut med mindreforbruk. Barnehagane sine budsjett blir tilpassa drifta kvart år i januar og august i forhold til oppta, og det er teljing av barn både vår og haust. Barnehagane blir tildelt lønsmidlar berre til dei stillingane dei treng for å drive innanfor gjeldande bemanningsnorm og pedagognorm.

Samla mindreforbruk i barnehagane er nesten 1,3 millionar og dette skuldast for det meste utfordring med å få tak i vikarar.

Det har vore svært vanskeleg å få tak i vikarar både til korttids- og langtidsfråvær. Det har også vore periodar der stillingar har stått vakant sidan vi ikkje har klart å rekruttere i første runde. Dei vikarane vi får tak i har ofte mykje lågare lønn enn dei fast tilsette og styrarane har gått mykje meir på avdeling for å dekke fråvær enn dei skulle ha gjort. Dette har ført til eit mindre forbruk i 2023.

Felles tiltak barnehagar : Eit urealistisk innsparingskrav på 3 millionar har følgd oss i 2023 og er ført på denne posten. Dette skuldast at vi hadde lagt inn reduksjon basert på prognose om redusert barnetal. Barnetalet i barnehagane gjekk opp samla sett. Delar av innsparingskravet har vi klart å dekke ved andre innsparingar og reduksjon av tal barnehageplassar i kommunale barnehagar hausten 2023.

Det er ei stor utfordring med vekst i styrkingstiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Det har i 2023 vore ein auke i vedtak etter § 37 i barnehagelova og det er brukt nærmare 1,3 millionar meir på § 37 vedtak til både kommunale og private barnehagar enn det som var budsjettert for.

Private barnehagar: Det har gått fleire barn i privat barnehage i 2023 enn det vi hadde budsjettert for. I januar 2023 var det 51 plassar meir i private barnehagar enn i januar 2022. Auken i tal barn i barnehage var ikkje forventa og ikkje budsjettert for.

Satsane for kommunalt tilskot ligg ikkje høgt når vi samanliknar med andre kommunar sjølv om vi har mange små kommunale barnehagar. (Vi vil gjere nærmare greie for tilskotssatsane i 1 tertial.) Det er totalt fleire barn i barnehage i 2023 som utløysar meirforbruket på 9,8 millionar.

Oppsummering tiltak

Oppvekst har følgd opp tiltaka som ligg i Omstilling 25 og har følgjande måloppnåing:

	Mål 2023	Faktisk 2023	Prosentvis gjennomført 2023
Familiens hus	3,100,000	2,100,000	67.74%
Skule	525,000	1,225,000	233.33%
Totalsum	3,625,000	3,325,000	91.72%

Det har og vore arbeida konkret med å realisere/vurdere tiltak frå PwC-rapporten, mellom anna vurdering av skulestruktur. Tiltaka som er gjennomført (jft tabell) bidrar til kostnadsreduksjon/inntektsauke.

På skuleområdet er tiltaka: auka eigenbetaling i SFO (inntektsauke): 525 00, samt reduksjon i leing og administrasjon tilsvarende 700 000.

I Familiens hus er reduksjonen på 2, 1 millionar mellom anna knytt til reduksjon i årsverk. Dert har vore arbeida systematisk med å hente ut synergjar ved etableringa av Familiens hus gjennom tverrfagleg samarbeid/samhandling.

Skular

Tiltak for å ta ned meirforbruk:

- stram økonomisk styring og rettleing. Tett dialog mellom fagsjef/økonomirådgjevar og rektorane for å sikre kontroll på drifta
- interne løysingar ved ledighet i leiarstillingar. Døme: Rektorstilling ved Halhjem barneskule blei ikkje lyst ut eksternt.
- søkje om dekning for sjukefravær frå første fråversdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar
- vurderer omorganisering før ein set inn vikar
- intern omorganisering på skulene for å halde budsjettet. Konsekvens er at vikariat ikkje blir forlenga, om noko er i permisjon står stillinga vakant ein periode osv.
- stillingskontroll i alle stillingar og vurdering av om stillingar skal lysast ut.
- innkjøp: kun nødvendig utstyr

Familiens hus

I Familiens hus er det fleire utviklingstiltak som skal vere med å ta ned meirforbruket. Vi begynner å sjå effekt, men Familiens hus er inne i sitt andre driftsår og dette tek tid:

Tverrfagleg samarbeid og mindre dobbeltarbeid har vore eit ønska mål for etableringa av organisasjonen. Dette ser vi at vi får betre til no enn før, og ein har betre oversikt over kven som gjer rett hjelp til rett tid.

Vi ser og at tidleg innsats gjer seg utslag i at det er fleire familiar med barn under 10 som får hjelp på eit tidlegare tidspunkt enn før. Ved gjennomgang av meldingar til barnevern kan ein sjå ein nedgang i saker i denne aldersgruppa samstundes som det er ein auke i tal saker meldt til familieteamet.

Innføring av TIBIR (lavterskel foreldrerettleiingsprogram) i heile organisasjonen er eit tiltak som er implementert og som på sikt vil kunne gje effekt også økonomisk ved at fleire familiar får hjelp tidleg.

Utvikling av ulike gruppetilbod er også igangsett med tanke på å nå fleire utan at det vert for ressurskrevjande for organisasjonen.

For alle einingane i Familiens hus gjeld følgjande:

- stillingskontroll i alle stillingar og vurdering av om stillingar skal lysast ut.
- innkjøp: kun nødvendig utstyr
- Stram økonomistyring og kontroll på drift
- Innhente uteståande refusjonar

Det blir jobba aktivt for å redusere antal passeringar i institusjon. Dette blir gjort ved å sette inn ulike omfattande hjelpetiltak. Dette er kostnadskrevjande, men likevel billigare enn plassering. I tråd med PwC-rapporten har eit prosjekt sett på kva som skal til for å klare å snu tenestetilbodet i heile organisasjonen for å klare å hindre framtidige kostnader for barnevern. Det blei ikkje funne rom for å gjennomføre forslaga i prosjektet i samband med budsjett 2024.

Barnehagar

Alle dei kommunale barnehagane driftar innanfor tildelt budsjett (finansieringsmodell, bemanningsnorm mm)

For alle dei kommunale barnehagane gjeld:

- stillingskontroll i alle stillingar og vurdering av om stillingar skal lysast ut.
- innkjøp: kun nødvendig utstyr
- Stram økonomistyring og kontroll på drift
- Innhente uteståande refusjonar

Status målsettingar

Målsetjing

Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.

Status måloppnåing

Det er fokus på berekraftmåla i alle politiske saker som blir fremma og det blir arbeida med lokale tiltak i einingane. Barnehagar og skular har tema og tiltak på dagsorden i tråd med Rammeplan og LK20

Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune

Skulebruksplanen 2022-34 og Barnehagebruksplan 2022-34 er teke i bruk. Sektorplan Oppvekst er under arbeid og vil bli ferdigstilt i 2024

Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar

Det nyttast digitale løysingar i kommunikasjon med føresette i barnehage og skule. Familiens hus nyttar digitale skjema i kontakt med brukarane. Front Desk er tatt i bruk. BTI er under utvikling.

Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og

Alle einingar i Oppvekst (barnehage, skule, Familiens hus) arbeidar med å sikre gode oppvekstmiljø. Vi samarbeider med Helse og velferd, Samfunnsutvikling og

Målsetjing

livskvalitet

Status måloppnåing

eksterne.

Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Dei fleste leiarsamtalar og medarbeidersamtalar er gjennomført. Vi arbeider med nærvær og å redusere sjukefråværet. Omstilling25 og det betydelege nedtrekket som oppvekstområdet held på å ta ned utfordrar målet om trygge medarbeidarar

Vi leverer treffsikre tenester

Alle einingane arbeider med å gi treffsikre tenester til barn, unge og familiar ut frå tilgjengelege ressursar. Familiens hus har utvikla system og rutinar for "ei dør inn"

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Alle kommunale barnehagar arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med rammeplanen	Tal barnehagar	100,0 %	100,0 %	✓ Dei kommunale barnehagane har berekraftig utvikling i sine pedagogiske årshjul. Alle dei kommunale barnehagane har kildesortering. Barna skal gjere erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen, og ein av aktivitetane er å plukke boss i naturen
	Alle skular arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med tverrfagleg tema i ny læreplan	Tal skular	100,0 %	100,0 %	✓ Blir arbeida med i skulane i tråd med LK-20.
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Barnehagebruksplan for Bjørnafjorden kommune blir vedteken	I løpet av året	Gjennomført	100	Barnehagebruksplan er vedteke og tatt i bruk
	Sektorplan for oppvekst er utarbeidd	I løpet av året	Gjennomført	0	Sektorplan er forseinka. Kjem i 2024.
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Barnehageområdet skal vere heildigitalisert	Del prosessar som er heildigitale	100,0 %	90,0 %	– Dei kommunale barnehagane er nesten heildigitalisert. Dei skjema som skal nyttast av både kommunale og private barnehagar er vanskelege å få heildigitalisert på grunn av kommunale IT system som

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
			2023		
					kvalitetssystemet og websak. Dette blir det jobba med for å få på plass i 2024.
	Nye eller forbetra digitale skjema i heim-skule-samarbeidet	Tal nye eller forbetra digitale skjema	5	2 	Forbetra flyt: årsrapport, IOP, fritak frå opplæringsplikta. Nye skjema: registrering av elev i skulebibliotek, redusert foreldrebetaling SFO. Vi har 14 skjema som er direkte til tilsette som jobbar med elevane og 18 skjema som føresette skal nytta på heimesida til kommunen.
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Alle førstegongsfødande i kommunen får tilbod om foreldreførebuande kurs	Del foreldre som får tilbodet	100,0 %	100,0 % 	Alle har fått tilbod.
	Alle nyutdanna barnehagelærar i kommunale einingar skal delta i nettverk	Del nyutdanna som deltek i nettverk	100,0 %	0,0 % 	Dei kommunale barnehagane har ikkje hatt nyutdanna i perioden.
	Alle nyutdanna lærarar i kommunale einingar skal delta i nettverk	Del nyutdanna som deltek i nettverk	100,0 %		22 nyutdanna nyttilsette lærarar som er med i nettverk
	Inga saker meldt Statsforvaltar knytt til psykososialt miljø, jmf §9A i Opplæringslova	Saker meldt Statsforvaltar	0	5 	Venter på svar på 3 saker. 2 saker fekk brot på plikta til å undersøkje. Desse er retta opp.
	Inga saker meldt til Statsforvaltaren i høve psykososialt barnehagemiljø	Saker meld Statsforvaltaren	0	0 	Inga saker til Statsforvaltar.
	Kommunale barnehagar gjennomfører 5 risikovurderingar årleg	Tal kommunale barnehagar som har gjennomført	100,0 %	100,0 % 	Alle har gjennomført 5 risikovurderingar.
	Kommunale barnehagar gjennomfører mål i trafikksikker plan	Tal kommunale barnehagar som gjennomfører	100,0 %	100,0 % 	Alle kommunale barnehagar har aktivitetar knytt til trafikksikker barnehage i sine

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Skildring mål
			2023		
					pedagogiske årshjul, og har tema tryggleik i trafikken som tema på foreldremøte om hausten. Alle barn nyttar refleksvester når dei er på tur utanfor barnehagen sitt området.
	Kommunale skular gjennomfører mål i trafikkssikker plan	Tal kommunale skular som gjennomfører	100,0 %	100,0 %	✓ Skulane jobber med måla på ulik måte.
	Kommunale skular med ungdoms- eller mellomtrinn som gjennomfører UngData eller UngData junior	Del kommunale skular som gjennomfører	100,0 %		Er ikkje UngDataundersøking i 2023. Kjem ny i 2024.
	Skulane gjennomfører fagøkter med alle tilsette med tema skulenærvær og -fråvær	Tal skular som har gjennomført	100,0 %	100,0 %	✓ Sjå Kvalitetsmeldinga
Vi leverer treffsikre tenester	Barnehagane har ressursteam i barnehage regelmessig etter oppsett plan	Del barnehagar	100,0 %	100,0 %	✓ Delprosjekt i Verd-Sett. Barnehagane skal sjølv melde inn saker for drøfting slik at ein sikrar rett kompetanse frå fagtenestene i ressursteamet.
	Bjørnafjorden kommune har grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt	Grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt	Oppnådd	oppnådd	Grunnskulepoeng 42,7. Over landsnittet og likt med Vestland
	Dei kommunale barnehagane ligg på nasjonalt snitt i foreldreundersøkinga	Del barnehagar som ligg på eller over nasjonalt snitt	100,0 %	100,0 %	✓ Dei kommunale barnehagane ligg over eller likt med nasjonalt snitt på foreldreundersøkinga
	Dei kommunale barnehagane nyttar overgangsplanen for å sikre gode overgangar	Del kommunale barnehagar som nyttar planen	100,0 %	100,0 %	✓ Alle barnehagar nyttar planen
	Dei kommunale skular nyttar overgangsplan for å sikre god overgang mellom barneskule-ungdomsskule	Del kommunale skular som nyttar planen	100,0 %	100,0 %	✓ Alle skular nyttar planen.
	Familiar i Trygg start får tilbod om	Tal familiar som får oppfølging ved behov	20	42	✓ 42 familiar blir følgt

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
	oppfølging ved behov				opp.
	Fleire barn blir ivare tatt i det allmennpedagogiske barnehagetilbodet gjennom systemretta samarbeid med barnehagane	Tal barn	50	50	Måltal er nådd, men det er negativt at talet har auka frå i fjor (34)
	Fleire elevar får tilfredsstillande læringsutbytte innanfor tilpassa opplæring gjennom systemretta samarbeid med skulane.	Tal barn	50	51	Vi ligg på måltal, men det er negativt at talet har auka frå i fjor (38)
	Frivillige plasseringar i barnevernstenesta	Del frivillige plasseringar	80,0 %	80,0 %	Måltal nådd
	Kommunale barnehagar gjennomfører felles førskuleopplegg "Læring gjennom lek"	Del barnehagar som gjennomfører	100,0 %	100,0 %	Dei kommunale barnehagane nyttar plan og årshjul med faste tema for førskulebarn; Læring gjennom lek. Er utarbeida idébank med aktivitetar som kan nyttast.
	Kommunale skuler nyttar overgangsplan for å sikre ein god overgang mellom barnehagane og skulane	Del kommunale skular som nyttar planen	100,0 %	100,0 %	Alle skular nyttar planen
	Skulane gjennomfører 8 ressursteam per år	Del skular som gjennomfører	100,0 %	100,0 %	Måltal nådd
	Ungdomsskuleelevar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)	Tal elevar som deltek kvar gang	50	51	Måltal nådd
	Videregående elevar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)	Tal ungdommar som deltek	20	13	Talet har tatt seg opp 3 tertial

KOSTRA Nøkkeltal

	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2023	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager **)	183 725	208 710	211 825	214 206
Produktivitet				

Årsmelding 2023

Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	95,0 %	99,0 %	91,0 %	93,0 %
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	20,6	13,2	14,6	14,0
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B)	41 937	52 542	64 151	67 296
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	110 567,8	114 374,3	120 633,5	124 453,0
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	91,1	103,0	98,8	97,2
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	39,2	30,5	40,1	36,7
Dekningsgrad				
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	13,7 %	10,3 %	5,8 %	5,1 %
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	95,3 %	94,7 %	94,9 %	94,0 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	23,5	22,7	37,8	50,1
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	16,8 %	18,4 %	20,6 %	22,6 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,8 %	6,0 %	8,2 %	8,1 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	65,3 %	69,6 %	62,5 %	64,3 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	88,0 %	88,9 %	85,5 %	85,8 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	62,7 %	55,4 %	63,6 %	64,3 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	67,9 %	54,7 %	63,2 %	64,9 %
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)	75,8 %	87,7 %	91,1 %	88,4 %
Kvalitet				
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	43,3	42,7	42,0	42,2

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
Borgafjellet barneskule	276 000	289 693	1 487	759	Ferdig
Jettegryto barnehage - nybygg	55 000	51 345	24 300	20 644	Ferdig
Klassesett PC	16 000	1 875	2 000	1 875	Ikkje vurdert
Lunde barneskule - opprusting gammal del	20 000	18 990	1 209	197	Ferdig
Os-Aktiv (Os ungdomsskule)	71 000	102 688	2 311	386	Ferdig
Uteområder skular og barnehagar	-	-	1 312	1 313	Ikkje vurdert
Sum	438 000	464 590	32 619	25 174	

Statustekst investeringar

Borgafjellet barneskule

Prosjektramme er kr 290.000.000,-. Prøvedrifta vart avslutta i løpet av hausten. Sluttarbeid pågår.

Jettegryto barnehage - nybygg

Totalentreprenør gjekk konkurs etter overlevering. Sluttarbeid pågår.

Klassesett PC

Innkjøp er gjennomført.

Lunde barneskule - opprusting gammal del

Sluttarbeid pågår.

Os-Aktiv (Os ungdomsskule)

Prosjektramme er kr 108.000.000,-. Reklamasjonsarbeid pågår.

Uteområder skular og barnehagar

Det er gjennomført oppgradering av uteområdet ved Søre Øyane skule i 2023.

Helse og velferd

Skildring av tenesta

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Her ligg totalt 4,8 årsverk, noko som omfattar kommunalsjef, kommuneoverlege og rådgjevarar. Frå august-23 har kommuneoverlege Melf eitt års permisjon. Funksjonen vert dekt i ei oppgåvedeling mellom dei to andre kommuneoverlegane.

Fagstaben har ansvar for m.a. overordna folkehelse, medisinskfagleg rådgjeving og leiing av koordinerande eining (KE). Staben har i tillegg rolle som prosessleiar og støttespelar ved omstillings- og utviklingsarbeid, der Omstilling25 no er det største prosjektet.

Bemanningssentralen

Bemanningssentralen har 15 faste tilsette i 80-100 % stilling i tillegg til leiar. Dei tilsette har fast turnus og ruller mellom å gå vaktene sine på tre til fire avdelingar. Bemanningssentralen dekkjer i hovudsak langtidsfråvær, feriar og ekstravakter, men har i 2023 også jobba med utprøving av ein modell for å dekkja noko korttidsfråvær på Luranetunet. Bemanningssentralen har personale både på Fusa bu- og behandlingssenter, Luranetunet og Tilrettelagte tenester. Dessutan har Bemanningssentralen ein pilot ut 2023 i eining Psykisk helse og rus, der ein tilsett ruller mellom to avdelingar.

Bemanningssentralen fekk ny leiar mai 2023, Silje Mykkeltvedt.

Avdeling Forvaltning og Bustadkontor

Avdeling forvaltning og koordinering består frå 01.04 2023 av 10,9 årsverk inkludert leiar. Dette er medrekna tre stillingar som avdelinga fekk overført frå Helsefremming og rehabilitering frå 1.4., nemleg demenskoordinator, kreftkoordinator og tryggleikssjukepleiar.

Demenskoordinator driv m.a. råd og rettleiing til pasientar, pårørande og andre gjennom heimebesøk og systematisk oppfølging av enkeltbrukarar, inkl. utgreiing og oppfølging etter kontakt frå lege.

Kreftkoordinator gjev m.a. tilbod om støttesamtalar til kreftpasientar og pårørande, koordineringsarbeid knytt til enkeltpasientar, er med i prosjektarbeid og nettverk, underviser og gjev rettleiing intern og eksternt. Som eit innsparingstiltak, vart det i 2023 bestemt at stillinga som kreftkoordinatorar fell vekk.

Stillinga som tryggleikssjukepleiar vart fjerna frå hausten 2023, og dermed er det ei rekke tilbod som får redusert kapasitet eller fell vekk, slik som førebyggjande heimebesøk til eldre (77 år+) som ikkje har helsetenester frå kommunen, informasjonsarbeid, undervising/kurs og arrangement slik som "Trygg i Bjørnafjorden", prosjektarbeid, seniormøte og trivselsreise

Bustadkontoret har tre faste årsverk, som kjem i tillegg til dei ovanemnde årsverka. I samband med mottak av flyktningar frå Ukraina fekk kontoret ei mellombels stilling på 50 %, men denne vart avslutta i løpet av 2023. Bustadkontoret har ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, i tillegg til oppgåver innan eigedomsforvaltning av kommunen sine utleigebustader. Bustadkontoret skal, i samarbeid med aktuelle tenesteområde, gjennomføra tiltak i bustadsosial handlingsplan og delta på ulikt prosjektarbeid. Bustadkontoret har også oppgåver knytt til godkjenning av skjenkeløyve.

Legevakt og legetenester

Legevakta i Bjørnafjorden skal ta hand om alle som oppheld seg i kommunen og treng akutt medisinsk hjelp. Tenesta er organisert med ein interkommunal legevaktsentral på Moberg som tek mot alle førespurnader frå publikum. Legevaktsentralen er interkommunal og dekkjer Austevoll og Samnanger kommunar i tillegg til Bjørnafjorden. Vi har to legevaktstasjonar: Moberg vaktstasjon, som dekkjer tidlegare Os kommune, og Eikelandsosen vaktstasjon, som dekkjer tidlegare Fusa kommune og innbyggjarane i Samnanger.

Eininga forvaltar også fastlegeordninga. Tenesta skal syta for ei stabilt, fagleg god og lett tilgjengeleg primærlegeteneste som sikrar innbyggjarane tilbod om førebygging, utgreiing, diagnostikk og behandling, og sikrar tverrfagleg samarbeid innad i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Kommunen har 28 fastlegeheimlar fordelt på seks legekontor. Inkludert i tenesta er sjukeheimslegane, LIS1-legane (tidlegare "turnuslegane") og legetenester i skulehelsetenesta og på helsestasjonane.

NAV

NAV Bjørnafjorden held til i Holtbrekka 7. Vi er opptekne av å sikra god tilgang til NAV-tenester gjennom planlagte brukarmøte, digitale kontaktflater, kommunal krisetelefon, NAV kontaktsenter og drop-in i publikumsmottaket vårt.

NAV sitt samfunnsoppdrag er arbeidsretta oppfølging, råd og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, økonomisk rådgeving og mellombels bustad. Vi har i tillegg ansvar for redusert foreldrebetaling i sfo og barnehage og felles mottak av flyktningar i kommunen.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester - barn og unge

Tenesta består av tre avdelingar: Os, Fusa og Varafjell avlasting. Os avlasting gjev tenester i heimen og er følgjepersonell i barnehage. Fusa avlasting gjev og tenester i heimen, ettermiddagsavlasting i den gamle ungdomsskulen i Eikelandsosen og tenester i barnebustad. Fusa avlasting følgjer til ein viss grad tenestemottakarar i skuletid. Frå og med 1.9. vart bemanninga knytt til barnebustad flytta over i bemanninga på Hellemyra bufellesskap, der barnebustaden er lokalisert. Varafjell avlastingssenter gjev tenester i institusjon og barnebustad og følgjer mange av tenestemottakarane i skulekvardagen.

Tilrettelagte tenester - vaksne

Også tenestene til vaksne består av avdelingar på begge sider av Bjørnafjorden.

På Fusa-sida ligg bufellesskapa Hellemyra og Torsneset, Fusa buteneste og eit dagsenter. Dagsenterdrift er knytt opp mot Torsneset bufellesskap, og skal vera ope tre dagar i veka. Ein tek i løpet av våren 2024 i bruk gamle Fusa ungdomsskule til dagsenterdrift, leigeavtalen på Fusa vidaregåande er sagt opp.

På Os-sida er det seks bufellesskap, eit dagsenter. Nokre av bufellesskap tek i vare nokre tenestemottakarar som bur i eigen bustad utanom bufellesskap. Eit nytt bufellesskap er under planlegging, lokalisert til Søfteland.

Eininga er stor og kompleks. For å leia dei 13 avdelingane er det 9 avdelingsleiarar + 1,5 årsverk assisterande avdelingsleiar (Bjørnafjorden bufellesskap og Varafjell avlastingssenter).

Idrettsvegen og Vestre Lurane deler på ein avdelingsleiar, det same gjeld Bolig Moberg og Kuhnletunet rekke to. Hausten 2023 vart leining av dagsentra på kvar side av fjorden organisert under same avdelingsleiar, med mål om å få til tilbod som er likare kvarandre.

Psykisk helse og rus

Eining psykisk helse og rus omfattar avdelingane psykisk helse, bufellesskap psykisk helse, Vartun oppfølgingstenester og ambulerande miljøteneste. I tillegg kjem fellesområdet med einingsleiar, ruskonsulent og kommunepsykolog. Arbeidsmåtene er basert på Recovery-tilnærming, der målet ikkje nødvendigvis er å verta kvitt alle problem, men å leva eit godt liv. Eininga har også ansvaret for psykososialt kriseteam.

Psykisk helse og rus - Fellesområde

Fellesområdet består av einingsleiar, ruskonsulent og kommunepsykolog, totalt tre årsverk. Frå mai 2023 vart området utvida med Friskliv & Meistring, to årsverk.

Ruskonsulent tilbyr lågterskel tenester i form av støttesamtale med brukar og/eller pårørande, råd og rettleiing, kartlegging, tilvising til behandling og fagleg rettleiing. Ruskonsulent er bidragsytar i ansvars- og samarbeidsmøte med ulike aktørar, m.a. idrettslag, NAV, Solli, barnevernet og politiet. Ruskonsulent er også med i kriseteamet, er kommunen sin overdosekoordinator og kontaktperson for rådgivande enhet. Ruskonsulent har tett samarbeid med Oppvekst og bidreg i førebyggjande arbeid og etablerte tiltak. Ruskonsulent samarbeider med NAV om ungdomssatsing Posterus. Av eksterne prosjekt er ruskonsulent med i det interkommunale samarbeidet "Aldri Alene" og Korus nettverksarbeid.

Kommunepsykolog tilbyr klinisk arbeid med vaksne med milde til moderate psykiske vanskar, og/eller personar i krise. I tillegg skal kommunepsykolog bidra til tverrfagleg samarbeid med dei ulike fagtenestene i kommune, samt rettleiing og kompetanseheving innad i kommunen.

Friskliv og meistring tilbyr tenester til yrkesaktive med føremål å gje verktøy for å ta vare på eiga helse. Målet er å førebyggja sjukefråvær og oppretthalda deltaking i yrkeslivet. Tenesta tilbyr ulike kurs og gruppetilbod. Teneste gjev dessutan tilbod internt i kommunen til avdelingar som treng bistand for å redusera sjukefråvær, redusera stress og gje tilsette verktøy til å stå i arbeid. Dette som ei erstatning eller supplement til bedriftshelsetenesta sine tenester. Som ein konsekvens av budsjettvedtaket, vert Friskliv og meistring avvikla frå sommaren 2024 og heile tenestetilbodet fell vekk.

Psykisk helse

Avdelinga ytt tenester til heimebuande brukarar med psykisk liding og/eller ROP-liding (ROP= rus og psykisk helse). Tenestene vert ytt etter søknad om nødvendig helsehjelp. Saksbehandling vert utført av forvaltning og vedtak overført til avdelinga. Miljøterapeutiske tiltak skal være i tråd med brukaren sine eigne mål for tilfrisking eller stabilisering med utgangspunkt i Recovery-tilnærming.

Avdelinga har i 2023 etablert Rask Psykisk Helsehjelp. Dette er eit lågterskeltiltak som ikkje krev søknad.

I tillegg til individuell oppfølging, har avdelinga dagsenterdrift på Kontakto på Osøyro og Fjordtreff i Eikelandsosen, og dessutan nokre gruppeaktivitetar.

Bufellesskap psykisk helse

Avdelinga har 12 plassar knytt til døgnbemanning, og 10 plassar med dag-/kveldsbemanning. Alle plassane er til ei kvar tid i bruk, med unntak av klarering i samband med inn- og utflytting. Målgruppa for bufellesskapa er menneske over 18 år som treng bustad med særleg tilpassing

som følgje av alvorleg psykisk lidning. Avdelinga yt individuell oppfølging i samband med daglege gjeremål og aktivitetar, samt tilbod om og støtte ved deltaking i sosiale fellesskap.

Vi arbeider ut frå ei Recovery-tilnærming, der utvikling er ein personleg prosess, og målet ikkje nødvendigvis er å verta kvitt alle problem, men å leva eit godt liv som innbyggjar. Vi vil sjå den enkelte og finna metodar og verktøy som er nyttige i denne prosessen.

Vartun oppfølgingstenester

Vartun leverer tenester til menneske med utfordringar knytt til rus- og psykiske lidningar. Hovuddrifta er innretta mot 15 bustadar og ein krisehybel. Vartun har i tillegg ansvar for ambulerande tenester til omlag 25 personar. Vartun driv dessutan eit omfattande lågterskeltilbod som inkluderer gatelag i fotball, verkstad og sykkelbutikk på Osøyro.

Ambulerande miljøtenester

Avdelinga vart danna ultimo 2021, og vart organisert under eining for psykisk helse og rus frå hausten 2022. Avdelinga omfattar samlokaliserte einetiltak og ambulerande miljøtenester.

Samlokaliserte einetiltak gjev avlasting og tenester til brukarar i fast bustad på Askviknes. Tenestemottakarane har komplekse diagnosar og utfordringsbilete. Ved å samlokalisera tiltak får vi nytta personalressursar på tvers av tiltak for å sikra effektiv drift, gode arbeidsmiljø, HMS samt robuste tenester. Samlokaliserte einetiltak er døgnbemanna.

Ambulerande miljøtenester var tidlegare organisert under avd. Vestre Lurane/eining Tilrettelagte tenester, og vart skilt ut som eiga avdeling frå november-21. Føremålet med ambulerande miljøtenester er å yta tenester til heimebuande brukarar for å bidra til utvikling og sjølvstende i eige liv. Målgruppa er diagnoseuavhengig. Tenestene er vedtaksbaserte og tek utgangspunkt i den enkelte sitt behov til ei kvar tid. I hovudsak yt tenesta praktisk bistand og sosial støtte. Med utgangspunkt i trygge og gode relasjonar skal tenesta bistå til at den enkelte blir mest mogleg sjølvstendig i eige liv, har god livskvalitet og innhald i kvardagen. Ambulerande miljøtenester er bemanna på dag og kveld i vekedagane pluss helg.

Luranetunet

Luranetunet bu- og behandlingssenter har heildøgns omsorg for 175 bebuarar. 40 av plassane er korttidsplassar, 34 er langtidsplassar i institusjon og 101 er heildøgns pleie i omsorgsbustad. LBBS har dessutan dagsenter, tillagingskjøken og ein del servicefunksjonar.

Heimetenester Os

Heimetenester Os består av tre avdelingar med heimesjukepleie, ei avdeling demensarbeidslag, ei avdeling natt, ei avdeling heimhjelp og dagsentra Oshaugen og Nyhagen. Heimeteneste og heimhjelp utgjer omlag 70 årsverk.

Frå april-23 vart 23 årsverk frå eining Helsefremming og rehabilitering, som vart lagt ned, overført til Heimetenester Os. Det vil seia fysioterapi, ergoterapi, servicepersonell knytt til hjelpemiddellager, kvardagsrehabilitering og kartleggingsteam. Eininga fekk samtidig ansvaret for 12 private fysioterapeutar. Frå september 2023 vart i tillegg dei tre årsverka med fysioterapi og ergoterapi som tidlegare var lagt til FBBS, omorganisert til Heimetenester Os, sjølv om tenesteytinga framleis skal skje på Fusa-sida.

I 2023 vart det bestemt at funksjonane som KOLS-sjukepleiar, diabetessjukepleiar og kreftteam skal leggjast ned, med konsekvens at desse tilboda forsvinn.

FBBS og Heimetenester Eikelandssosen

Eininga har ansvar for institusjonsbasert omsorg, produksjonskjøken, dagaktivitetstilbod for eldre, heimesjukepleie og praktisk bistand. Eininga har over 80 årsverk, vakante stillingar ikkje medrekna. Frå 01.04. fekk vi overført fire tilsette frå eining Helsefremming og rehabilitering. Tre av dei jobbar med førebyggjande og rehabiliterande tenester innan ergo- og fysiotenesta og den fjerde organiserer hjelpemiddel på Fusa-sida. Dei tre som jobbar førebyggjande, vart overført til Heimetenester Os september-23.

Utvikling og utfordringar

Innleiing med kommentar til målstatus for 2023

Helse og velferd skal bidra til **det gode liv for alle** gjennom å tilby **treffsikre, koordinerte og berekraftige helse- og omsorgstenester**. Helsepersonellkommisjonen si utgreiing "Tid for handling" påpeiker at det ikkje er helsepersonell nok å ta av til å vidareføra den profilen og bemanningsfaktoren som helse- og omsorgstenestene har hatt dei siste åra. Det vert færre tilsette per pasient og vi må tenkja nytt rundt oppgåvefordeling og organisering. Dei økonomiske rammene våre gjer at vi må stå i spissen for ei omstilling som alle kommunar truleg må gjennom dei neste åra. Berekraftige tenester vert eit nøkkelord for 2023 og komande år. Økonomiske rammer og tiltak er gitt gjennom budsjettvedtaket og vedtak i kommunestyret 30.3. (PwC-rapporten), i sum kalla Omstilling 25. Einingane har jobba intensivt med å køyra prosessar og etablera verktøy som bidreg til kulturendring og måloppnåing. Leiarane har gått i bresjen med ein imponerende positivitet og vilje til å gjennomføra omstillingane. Vi har oppnådd økonomiske resultat som viser att.

Omstilling 25 påverkar på ulike måtar pasientar, bebuarar, pårørande og tilsette. Avdelingsleiarane har stått, og står framleis, i krevjande arbeid med å balansera ei teneste med færre tilsette opp mot forventningar og krav.

Helse og velferd skal arbeida for å stoppa klimaendringane og fremja berekraftig samfunnsutvikling. Vi er i mål med å bruka på nytt minst 50 % av innbu og utstyr ved innflytting i nye NAV-lokale. Vidare har vi oppnådd at 70 % av alle kurs og samlingar i NAV sin kompetanseplan er digitale møte. Vi nyttar i stor grad el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er hensiktsmessig og kollektivtransport eller samkøyring ved samlingar/kurs. Manglande ladestruktur er ei utfordring når vi skal ha fleire el-bilar. Den strenge kulda vinteren 2023, med redusert rekkevidde, viste at vi treng fleire alternativ enn berre el-bilar.

Helse og velferd driv heilskapleg planlegging for å gjera Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune. Gjennom planstrategien var det lagt opp til eit ambisiøst planarbeid for 2023. Vi har i løpet av året også levert smittevernplan, pandemiplan og veteranplan. Vi har også laga plan for psykososialt kriseteam, men dette er ein rein administrativ plan som ikkje er sendt til politisk behandling. Svært mykje tid og krefter er sett inn på Omstilling 25, og arbeidet med sektorplanen er difor lagt til sides. Fireårig folkehelseoversikt vart ferdig i løpet av året og meldt til politisk behandling første møterunde i 2024. Vi kom langt i 2023 med bustadsosial plan, som vert lagt fram våren 2024. Arbeidet med plan for legevakt og legetenester er starta, men det skjer mykje i desse tenestene og fullføring av planarbeidet må venta til 2024. Vi hadde og som mål i 2023 å laga handlingsplan for psykisk helse og rus, plan for helsemessig og sosial beredskap og handlingsplan for rehabilitering. Desse arbeida er ikkje starta og må venta til 2024. I 2024 vil vi også levera sektorplan til politisk behandling.

Helse og velferd satsar på å vera ein døgnopen kommune med enkle og effektive arbeidsprossar. Vi har hatt to store oppdateringar av journalsystemet Profil i 2023. Vi er i gang med å bruka Kjernejournal i alle aktuelle tenester. Målet om at 90 % av alle søknader til NAV om sosialhjelp skal vera digitale er også nådd. Frisklivskurs vert annonsert via den digitale

portalen Friskus og vi nyttar digitale sjølvhjelpskurs. Vi har jobba godt med å gjera det rikholdige og gode kurstilbodet i regi av Friskliv og meistring betre kjend blant aktuelle målgrupper og hos fastlegane. Vi fekk i løpet av året etablert digital søknad til fysio-, ergo- og servicetenester for innbyggjarane, men ikkje for interne tenester. Vi har ikkje etablert ein formell prosjektoversikt, jf. tilråding i BDO-rapport h-22, men store, viktige prosjekt er godt samordna med Omstilling 25. Det gjeld t.d. TØRN-prosjektet på Luranetunet, som handlar om rett kompetanse på rett stad til rett tid. Læringsnettverket TØRN med KS vart avslutta på hausten.

Helse og velferd bidreg til gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremjar helse, meistring og livskvalitet gjennom å spreia kunnskapsgrunnlag som har kome fram gjennom “Leva heile livet”-reforma, slik at desse kan leggjast til grunn i samfunnsutviklinga på alle sektorar. Helse og velferd samarbeider med dei andre sektorane i oppfølging av reformer og vedtekne prosjekt for å sikra god samanheng og flyt i tenestene.

I “Leva heile livet”-reforma passerte vi desse milepålane på tampen av reformperioden:

1. Digihjelp til eldre med individuell opplæring innan ulike digitale verktøy.
2. Seniordrosje til arrangement eller for å få gjort ærend.
3. Demenskolet, som vart starta i vår, hadde den første framsyninga si i Oseana i juni.

Nokre av dei ovaståande tiltaka er basert på prosjektmidlar. Prosjektgruppa for “Leva heile livet” hadde sitt siste møte og orientert styringsgruppa (formannskapet) om status. Reforma vart avslutta og erstatta med ny reform, «Bu trygt heime», med planperiode 2024-2028. Eit aldersvenleg samfunn, der eldre kan bu heime, ta aktivt del og meistra eigen kvardag, vert ei satsing vidare sjølv om “Leva heile livet”-reforma er avslutta.

“Bu trygt heime”-reforma har fire satsingsområde: Levande lokalsamfunn, bustadtilpassing og planlegging, kompetente & myndiggjorte medarbeidarar og tryggleik for brukarane & støtte til pårørande. Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane vert viktig for å få nå måla.

Planen om å etablere eit samarbeid med frivillige knytt til gruppetilbod/kurs “Sterk og stødig” er av økonomiske og praktiske grunnar ikkje gjennomført. Det er vanskelegare enn før å rekruttere frivillige, og dette påverkar fleire av måla våre. Vi er med i ein del nasjonale, helsefremjande infokampanjar og tilbyr kurs i hjelp til sjølvhjelp. Vi ligg over måla på 30 kurs og aktivitetar for å auka kunnskapen om helsefremjande liv og meistring. Vi nyttar til dels tidlegare kursdeltakarar som frivillige i kurstilboda.

Legetenesta har som mål for 2023 å få på plass robust organisering og leiing og stabil fastlegebemanning. Det vert jobba med visjon og plan for korleis legetenestene skal fungera. Vi erfarer at “Bjørnafjordenmodellen” for å behalda og rekruttere nye fastlegar har gitt gode resultat, men dei økonomiske konsekvensane har ikkje vore tilstrekkeleg fanga opp i budsjettet. Gjennom budsjettvedtaket for 2024 vart det gjort nokre innskrenkingar i “Bjørnafjordenmodellen”.

Helse og velferd har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Høgt sjukefråvær er ei av dei største utfordringane norske kommunar har som arbeidsgjevar. Sjukefråværet i 2023 har i gjennomsnitt vore på 13,12 % for helse og velferd i Bjørnafjorden, noko som er ein auke både samanlikna med andre tertial og i høve til 2022, då sjukefråværet var på 11,89 %. Vi vil ha fokus på sjukefråværsoppfølging det neste året og nytta oss av interne og eksterne tilbod frå m.a. bedriftshelsetenesta og NAV Arbeidslivssenter. Vi vil også auka leiarane sin kompetanse gjennom obligatorisk kurs i sjukefråværsoppfølging.

Heiltidskultur er avgjerande for å møte framtidens kompetansebehov. Alle einingane jobbar aktivt med heiltidskultur og tilset i 100 % stilling der det er mogleg. Tilsette i lågare stillingsdel får tilbod om ledige vakter. For å auka delen av tilsette i fulle stillingar ser vi på ulike løysingar, som korleis vi organiserer arbeidet og ulike måtar å jobba meir på tvers på avdelingar. Ulike tiltak er sett i verk, t.d. har Heimetenester Os lagt om til å starta tidlegare om morgonen og at seinvakt går lengre på kveld. Vaktlengda vert på 7,5 time og er eit grep for å oppnå heiltidskultur. Samtidig må vi erkjenne at nedskjæringane også har ført til at vi på enkelte arbeidsstader har innført kortare vakter enn 7,5 time.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik ved utgangen av 2023 er på 69 %, mot 69,3 % eitt år tidlegare. Ved omstilling prøver vi alltid å auka stillingsprosenten og tilnærma oss fulltid, utan at dette har gitt resultat i 2023. I 2024 vil vi sjå på korleis vi kan planleggja betre for fråvær og i større grad tilby 100 % stillingar. Gjennom O25 intensiverer vi arbeidet med å bruka kompetansen til medarbeidarane rett og justera oppgåvedeling og organisering.

Bjørnafjorden kommune er også ein opplæringsarena for studentar og lærlingar, og i 2023 hadde Helse- og velferdssektoren 29 lærlingar. Dette omfattar oppstart og avslutting/fagprøve. Vi har eit godt system for oppfølging av lærlingar i praksis og det er høg grad av gjennomføring. I 2023 har 12 lærlingar bestått fagprøve.

Gjennom budsjettvedtaket for 2024 vart nytt hjelpemiddellager utsett. Det er eit prekært behov for å ivareta arbeidstilhøva for servicepersonalet på ein betre måte enn i dag. Også andre stader i sektoren er det trong for garderobar, møterom, eller andre bygningsmessige tiltak for å ivareta HMS. Vi vil fanga opp desse behova så langt det let seg gjera gjennom arbeidet med sektorplanen.

Helse og velferd skal levera treffsikre tenester. God samhandling er heilt avgjerande for å lukkast, og vi arbeider for betre samhandling både internt i sektoren og tverrsektorielt. Ein annan viktig føresetnad for å levera treffsikre tenester, er å ha rett og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Rekruttering av helsefagleg kompetanse er ei utfordring, både til faste stillingar og til ferieavvikling. Vi har måtta leiga inn legar og sjukepleiarar frå vikarbyrå i enkelte tenester for å koma i mål. Særleg på austsida av kommunen er rekrutteringssituasjonen krevjande, men også til stillingar på natt på begge sider av fjorden.

Vi har laga eit årshjul for heile sektoren med felles, månadlege tema for å sikra kompetansepåfyll på viktige område. Vi jobbar for å få på plass verktøy som gjev leiarane oversikt over kva internopplæring/kurs medarbeidarane har teke, kursframdrift, o.l. og der tilsette vil få varsel om å ta obligatoriske kurs, behov for resertifisering, osv.

Det høge sjukefråværet har ført til mindre kontinuitet og lågare kvalitet i tenestene. Med stort press på tenestene er det krevjande for einingane å jobba strategisk og langsiktig. Dette går m.a. ut over høvet til å driva kompetansebygging.

Vi har gjennomført ROS-analyser av ny grunnbemanning og organisering for dei einingane som har fått nedtrekk i bemanningsfaktor.

Likeverdsreforma skal letta kvardagen for familiar som har barn med behov for samansette tenester. Helse og velferd bidreg til å gjennomføra likeverdsreforma gjennom rutinar i tråd med nytt regelverk og samarbeid med Oppvekst.

Velferdsteknologi er ei nødvendig satsing for å effektivisera ressursbruken og nå ut til så mange brukarar som råd. Velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestene og førsteval for tenesteyting der det er hensiktsmessig. Fram mot sommaren hadde vi fleire samlingar i sektoren, leia av Digi Vestland, for å sikra best mogleg organisering og implementering av

velferdsteknologi framover. Det vart laga ein omfattande rapport med råd for arbeidet vidare og ein dedikert ressurs er sett av til oppfølging. I 2023 har vi m.a. jobba med å byggja ein felles kultur, rutinar for support og avvikshandtering. Det vart kjøpt inn 176 Roommate i 2023. Dette hjelpemiddelet effektiviserer pleien og er nødvendig for å lukkast med ny bemanningsfaktor i sjukeheimane. Urolege bebuarar får samtidig meir ro.

Nasjonalt er det ei satsing på digitale *heimetenester*, både for primærhelsetenestene og spesialisthelsetenestene. Dette kan vera med på å sikra gode heimetenester innanfor tilgjengelege ressursar i kommunane. Digi Vestland er i gang med pilotering av digitale heimetenester. Vi avventar kva erfaringar som vert gjort, m.a. når det gjeld sikring av personvernet.

Heimetenestene tek del i eit treårig innovasjonsprosjekt for heimebaserte tenester, «Heima best». Dette er eit følgjeforskingprosjekt i samarbeid med NORCE, Høgskulen på Vestlandet og Bergen kommune. Målet er å avdekkja kloke strukturelle grep vi kan ta i tenestene for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg heime. Vi har knytt dette prosjektet saman med «Gode pasientforlaup». Vi gjekk i september inn i læringsnettverk om pårørandearbeid, og vil også knyta det opp mot «Heima best», for god samanheng og synergieffekt. Erfaringane med «Heima best» er gode.

Vi har ikkje hatt nokon deltakar i Velferdsteknologiens ABC i år, til trass for målet om 50 stk. Dei to siste åra har vi venta på ein ny versjon av dette opplæringstiltaket. Det er berre Bergen kommune som har fått tilbod om å ta del i 2023, og vi ventar på tilbagemelding om når vi kan få tilbod om å vera med.

NAV har laga felles kartleggingsskjema til bruk i møte med nye brukarar. NAV har ikkje hatt nokon klagar i 2023 som har handla om service og har dermed god måloppnåing her. Barneperspektivet i NAV står sterkt og vi har stor merksemd på dette området. Det er gjennomført dialogmøte med idrettslaga og idrettsrådet, med mål om å redusera utanforskap i idretten. Det vert også arbeidd oppsøkjande gjennom samarbeid med andre tenester, t.d. vidaregåande skular.

I budsjettvedtaket for 2023 var det to mål på bustadområdet: Utprøving av omsorg+ og vurdering av framtidig bruk av eigedomen på Askviknes. Vi ser at det ikkje er lett å prøva ut omsorg+ i for liten skala og at vi treng å sikra ei homogen bebuargruppe der det er aktuelt med omsorg+ (t.d. Gamleheimshagen, Eikhovda). Det inneber m.a. at vi må tola at leilegheiter står utan husleigeinntekter for ein periode. Vi leverte sak om Os gamle sjukeheim som omsorg+ eller institusjonsplassar i 2. tertial. Det vart ikkje laga noko sak om Askviknes i 2023, sjølv om dette var planen.

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Prosjektleiari for Omstilling25 har hatt tett oppfølging av tiltak og ansvarsområda i prosjektplanen, for å halda god framdrift og støtta einingane i å nå måla.

Leiari for Koordinerande eining er også prosjektleiari for læringsnettverket «Gode pasientforlaup» og for satsinga «Heima best». Det vart etablert formalisert møtepunkt mellom Koordinerande Eining (KE) og leiariar på Oppvekst for å sikra «ei dør inn» og god samordning for familiar som treng fleire tenester. Om lag 190 tenestemottakarar har individuell plan og koordinator eller barnekoordinator. Totalt er det ca. 90 koordinatorar i kommunen.

Ei tverrsektoriell arbeidsgruppe har hatt eit stort arbeid i 2023 med å rullera fireårig folkehelseoversikt. Prosjektleiinga ligg til fagstab helse og velferd, der funksjonen som folkehelsekontakt for Bjørnafjorden er plassert.

Kommuneoverlege Melf er i permisjon frå august-23 og eitt år fram. Ei minimumsløysing for å ivareta må-oppgåvene kom på plass gjennom oppgåvedeling mellom dei to attverande kommuneoverlegane.

Også Bemanningssentralen ligg under fagstab og felles satsingar. Bemanningssentralen si drift vart ikkje utvida i 2023, for det ville kravd større ressurs til administrasjon enn kva vi har. Under utprøvinga med bruk av personale frå Bemanningssentral i ei avdeling i eining Psykisk helse og rus, er erfaringa at det er utfordrande å kombinera ledige vakter med eksisterande turnus til person i bemanningssentral. Sentrale utfordringar er knytt til vaktlengde, og då spesielt langvakter på helg.

Avdeling Forvaltning og Bustadkontor

Nedanstående viser hovudtrekka i utfordringsbiletet i 2023 når det gjeld å kunna tildela rett teneste til rett tid og auke i tal saker knytt til spesifikke lovpålagte tenester:

- Auke i søknader om BPA, spesielt knytt til barn og unge. Forvaltninga har kapasitetsutfordringar når det gjeld å følgja med på at tenester som vert levert som BPA-tiltak er fagleg forsvarlege.
- Auke i tal saker som er søkt overført frå barnevern til helse enn tidlegare år.
- Vi manglar tilbod i omsorgstrappa for dei som ikkje kan bu heime meir og ikkje treng langtids plass.
- Mange blir liggjande over tid i kortidsplassar i påvente av ledige langtids plassar. Kontinuerleg trykk på langtids plassar og spesielt for brukarar med demensdiagnosar.
- Svært stor auke i betalingsdøgn hos spesialisthelsetenesta samanlikna med tidlegare år.
- Mangel på døgnavlastingstilbod for pårørande til unge og vaksne med nedsett funksjonsevne.
- Utfordrande å få iverksett støttekontaktvedtak fortløypande grunna rekrutteringsutfordringar og kapasitetsutfordringar i støttekontakttjenesta.
- Det er lang venteliste for å få kommunal bustad og ikkje match mellom dei bustadene vi har og behova til dei som søker om bustad.
- Det er få bualternativ for nokre av brukarane. Det er m.a. eit udekt behov for krisebustader.
- Demenskoordinator melder stor pågang frå nye brukarar. Vi registrerer også større etterspørsel frå pårørande etter tenestetilbod generelt til denne gruppa.
- Ressursane til oppfølging av kreftframma etter kutt av kreftkoordinatorstillinga og kreftteam vil utfordra fastlegane og dei kommunale helse- og omsorgstenestene i 2024 når "pakkeforløp heim" skal gjennomførast.
- Det er utfordrande å finna dekning for nødvendige utgifter til tilrettelegging i kommunale bustader.

Vi ser behov for eit tettare tverrfagleg samarbeid med Oppvekst knytt til oppfølging av oppvekst- og likeverdsreforma. Eit fast møtepunkt med Familiens hus kjem i stand frå januar 2024.

Vi tek med oss utfordringane som er lista opp over inn i arbeidet med sektorplanen og budsjettarbeid for ny periode.

Betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar

Vi har hatt 234 betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar i tredje tertial. For heile 2023 har vi hatt 411 betalingsdøgn, noko som kostar tett oppunder kr 2,3 mill. Når vi ikkje klarer å ta imot, kan det handla om :

- At vi ikkje har rett kompetanse tilgjengeleg (t.d. i ferien) og pga. høgt sjukefråvær

- At vi ikkje har hatt ledige plassar

Vi ser dessutan at det til tider er dårleg med kapasitet til å driva opptrening. Det handlar om at det ikkje er fysio-/ergokompetanse til å gje (nok) trening, for å rusta pasientane til å koma tilbake til sin eigen heim. I nokre tilfelle har også heimetenestene sagt nei til å ta imot pasientar, fordi det har mangla hjelpemiddel i heimen.

Vi ser også at den blandinga av pasientar vi får på korttidsavdelingane, der rehabiliteringspasientar, demente og palliative kan vera samla på same avdeling, hemmar avdelingane. Kapasiteten går i stor grad med til å følgja opp demente.

Venteliste til heildøgns omsorgsplass (omsorgsbustad/institusjon)

I gjennomsnitt står til ei kvar tid to-tre heimebuande på venteliste til heildøgns omsorgsplass. Vi gjev avslag på søknader til heildøgns omsorgsplass der vi vurderer det som forsvarleg at søkjaren kan bu heime i tre månader til, med hjelp frå heimetenestene og eventuelt velferdsteknologi.

Ventelister til bufellesskap og kommunale bustader

50 personar står ved utgangen av 2023 på venteliste til kommunal bustad eller bufellesskap. Åtte av desse har allereie kommunal bustad, men treng av ulike grunnar å flytta til annan kommunal bustad. Dersom ein ser vekk frå desse, står 42 personar på venteliste til kommunal bustad/bufellesskap:

- 11 gjeld personar med utviklingshemming. Nokre av søkjarane har ikkje fylt 18 år.
- 1 gjeld Grantun.
- 2 gjeld Vartun.
- 29 gjeld ordinære kommunale bustader.
- 7 gjeld servicebustader for eldre.

10 søknader om kommunal bustad er dessutan ubehandla.

Mellombels bustad (krisebustad og hospits)

Ni innbyggjarar budde i krisebustad eller hospits ved utgangen av året.

Legevakt og legetenester

Vi har fått etablert to nye fastlegeheimlar i 2023. Status etter innføring av Bjørnafjordenmodellen og anna utviklingsarbeid er:

- Meir kvalifiserte søkjarar til ledige fastlegeheimlar.
- Noverande fastlegar ønskjer å vera i Bjørnafjorden.
- Dialogen med fastlegane er sterkt forbetra.
- Vi har no 33 ledige pasientplassar.
- Om lag 1486 personar står på venteliste, men dette betyr ikkje at dei er utan fastlege.
- Det er stabil legebemanning ved fastlegekontoret i Eiklandsosen.
- Ventetida for å koma til hos lege varierer frå fastlege til fastlege, med eit spenn frå to dagar til seks veker. Dette er tema i møta med fastlegane.
- 1. september overtok vi driftsansvaret ved Sjøkanten legekantor, som då mangla fastlegar i begge heimlane. For å sikra pasientoppfølging og stabil drift vert heimlane lagt til eit nytt, større legekantor som kjem i gang frå januar 2024 under namnet Osøyro legesenter. Her kan ein på sikt romma seks heimlar.

- Gjennomsnittleg pasientliste for næringsdrivande fastlegar er 848. Kommunale fastlegar har i snitt 656 pasientar, men har også kommunale oppgåver knytt til helsestasjon, skulehelseteneste og flyktningar.

Vi ser at det trengst tettare samhandling og dialog mellom ØHD-seng i institusjon og legevakta. Dette er noko vi vil gripa tak i.

NAV

I første tertial vart utviklingsavtale for 2023 vedteken og denne er eit styringsverktøy for drift og utvikling av kontoret.

Utviklingsmål nr. 1: Vi finn løysingar saman med dei som treng oss mest

Utviklingsmål nr. 2: Vi sørgjer for påliteleg forvaltning

Utviklingsmål nr. 3: Vi mobiliserer og vi kjenner behov i arbeidsmarknaden

I 2023 har vi hatt ein auke i talet på stønadmottakarar av sosialhjelp. Det er også auka pågang av søknader om økonomisk rådgjeving, og sakene er meir komplekse. Vi registrerer også at det er auka pågang etter mellombels bustad. Tal deltakarar kvalifiseringsprogram per 31.12.23 var 17.

NAV har jobba med ulike tiltak for å sikra kvalitet i arbeidsrett oppfølging. Mellom anna har vi gjennomført to kvalitetsgjennomgangar i løpet av året. I 2023 har vi også hatt ein workshop for å sikra klart språk og tilgjengelege NAV-tenester.

Ungdomsgarantien vart innført 1. juli 2023. NAV Bjørnafjorden har stor merksemd på oppfølging av unge, og har organisert tenester til unge i eit ungdomsteam. Posterus, som er eit lokale arbeidsretta tiltak for unge, har gode resultat når det gjeld arbeidsretta aktivitet.

NAV jobbar for å motverka utanforskap og har invitert idrettslag og klubbar til dialogmøte om "idrett for alle".

NAV har også i 2023 vore med i ulike tverrfaglege og tverrsektorielle samarbeid, og har m.a. medverka inn i arbeid med bustadsosial plan.

Medarbeidarundersøkinga i 2023 viser at det er godt sosialt klima og psykologisk trygghet, og at tilsette opplever NAV som ein meningsfull arbeidsplass.

Utfordringar

- Låg arbeidsløyse, men auke i tal brukarar som treng spesielt tilpassa oppfølging frå NAV.
- Fleire unge med psykiske vanskar og behov for tett koordinert bistand for å koma i arbeid, arbeidsretta aktivitet og/eller kvalifisering.
- Stor gruppe flyktningar går ut av introprogram og over på sosialhjelp
- Stor auke i behov for mellombels bustad, og det gjeld både ungdom og vaksne.
- Det er krevjande å skaffa mellombels bustad til dei med størst utfordringar.

Tilrettelagte tenester

Tilrettelagte tenester starta tidleg med omstillinga, og la om turnusane før dei andre einingane. I omstillingsarbeidet har vi måtta halda stillingar vakante i påvente av andre einingar si

omstilling, og det har vore ei stor utfordring for eininga. Vi har auka variabel løn i perioden, men det vert balansert ut med innsparingar i fastløn.

Det vart i løpet av 2023 oppretta eit nytt tiltak i samarbeid med Oppvekst. Tiltaket vart avslutta h-2023, men det har vore vanskeleg og kostbart å bemanna tiltaket.

Vi har sagt opp to leigeavtalar (prestebustaden på Fusa og lokala hos Fusa vgs.) og flytta tenestene inn i den gamle ungdomsskulen i Eikelandsosen. Det gjeld avlasting og dagsentertilbod for menneske med nedsett funksjonsevne. Oppstart av tilboda i det nye lokalet vart forseinka pga. tekniske og driftsmessige utfordringar. Målet er å koma i gang i løpet av våren-24.

Sommaren har vore ei utfordring i høve vikartilgang. Det har og tidvis gjennom året vore store utfordringar med å rekruttera i nokre avdelingar.

Tenestene til barn og unge er i stadig auke, og tiltaka er omfattande og krevjande å bemanna. Desse tenestene har ikkje fått nedtrekk i turnus.

På bakgrunn av tilsyn fra Statsforvaltaren den 20.-22. mars (som del av eit landsomfattande tilsyn med tema kommunale barne- og avlastingsbustadar) har eininga utvikla ny rutine. Det viste seg at fleire avdelingar, og ikkje berre tenester til barn, hadde gamal praksis rundt journalføring. Dette er no retta opp i for heile eininga gjennom nye rutinar og opplæring.

Psykisk helse og rus

Psykisk helse og rus - Fellesområde

Dei fleste sakene som kom til ruskonsulenten i 2023 var tilvist frå Nav, pårørande, barnevern og skule. Det er ein tydeleg auke i saker der kokain óg er ein del av utfordringsbiletet. Det er ein klar, aukande trend med liberale haldningar til enkelte narkotiske stoff, både hos unge og vaksne. Det er enklare å effektivt marknadsføre illegale stoff no enn for nokre år sidan, og også rekruttering til ruskriminalitet skjer meir effektivt no. Ruskonsulent har i 2023 hatt ca. 330 timeavtalar fordelt på 83 personar, av desse ti personar under 18 år. Det har enno ikkje vore saker til rådgjevande eining. Ruskonsulenten har i løpet av året tilvist 10 innbyggjarar til avdeling for rusmedisin hos Helse Bergen.

Kommunepsykolog-funksjonen omfattar eitt årsverk og er sårbar med tanke på sjukefråvær og stor pågang til tenesta. I 2023 fekk 38 personar vedtak om tenester frå kommunepsykolog. Eininga har inngått avtale med Lifekeys om bruk av fleirspråkleg psykolog i dei tilfella det er

2023:

Kurs	Deltakar hittil, 2023	Tal kurs
Mestringskurs for hverdagsstress	50	8 (inkludert for ansatte)
Mestringskurs for langvarige helseplager	20	2
Medisinsk yoga / avspenning	170	10
Digitalt søvnkurs	45	1
Kostholdskurs	10	1
Frisklivstreningar:	20	2
Bassentrening, drop in	Snitt 23 kvar veke	Kvar veke
Hverdagsglede	30	3
Koder på assistert selvhjelp. Kartlegging - oppfølging og frisklivskartlegging.	40	individuell
Helsesamtalar	65	Individuell, før kurs.
Individuell oppfølging	20	
Sum	385 +	

ressurskrevjande og lite effektivt å nytta tolketenester. Ein pasient fekk dette tilbodet i 2023 og synest det var nyttig. I samband med etablering av Rask Psykisk Helsehjelp (RPH) er det krav om minimum 50 % psykolog tilknytt teamet. Kommunepsykolog er igang med opplæringsprogrammet og eininga har difor forlenga avtale om privat kjøp av psykologteneste på 20 % frå psykologspesialist for å unngå lange ventelister. Ved årsskiftet er ventetid på psykolog omlag 4-6 veker etter at saka er vurdert og teneste innvilga. Eininga opplever at det er stor avslagsprosent hos spesialisthelsetenesta, noko som fører til større pågang hos oss. Det vil vera behov for tett samhandling med spesialisthelsetenesta for å avklara pasientgrupper som skal få tenester i kommunen.

Friskliv og Mestring:

Det har vore omlag 400 deltakarar til gruppetiltak i 2023. Ca. 40 % av deltakarane er tilsette i kommunen.

Det har vore gjennomført 25 kurs og treningsgrupper, samt forelesingar og liknande.

I 2023 har det vore høgast etterspurnad etter kurs knytt til stress, søvn, medisinsk yoga/avspenning og langvarige helseutfordringar. Det er gjennomført helsesamtale i påvente av plass, og alle kurs vert evaluert for å kvalitetssikra effekt. Det har vore eit aukande og godt samarbeid med fastlegane.

Avdeling psykisk helse

Avdeling psykisk helse har i 2023 gitt individuell oppfølging til ca. 240 brukar med omlag 190 timer pr. veke. 156 av desse brukarane får hjelp gjennom ambulerande teneste. Omfanget av ambulerande bistand er ressurskrevjande fordi det trengst reisetid, fleksibilitet, utgifter til transport og i nokre tilfelle at ein reise to tilsette på oppdrag ved utfordrande saker.

I tillegg har tenesta Rask Psykisk Helsehjelp (RPH) omfatta 149 brukarar. 206 personar tok kontakt for RPH, men 57 fekk av ulike grunnar avslag. RPH er gitt som kurs og gruppetiltak, mykje bruk av digitale sjølvhjelpsverktøy og noko individuell oppfølging. Sjå meir informasjon under utvalde resultat.

Samanlikna med 2022, har vi med uendra ressursbruk nådd ut til meir enn 100 nye brukarar. Avdelinga har ved årsskiftet seks saker på venteliste.

I tillegg til dei ovannemnde tenestene og brukartala, gjev vi gruppeaktivitet i form av dagsentera Kontakto og Fjordtreff. Andre gruppetilbod er "ung kontakto", golf, trening, symjing, tur og gruppetilbod til særleg sårbare brukarar. Totalt har 93 brukarar tilgang til desse aktivitetane. Dette er auke med omlag 20 nye brukarar i høve til 2022.

Bufellesskap psykisk helse

Avdelinga har fokusert på implementering av recovery-orientert tilnærming i arbeidet. Det er utfordrande å arbeida systematisk med målsetjingar, evaluering og avslutting av butilbodet med bebuarane. Vi ønskjer å styrkja prosessar og arbeida meir målretta ilag med brukarane.

Alle plassane i avdelinga er til ei kvar tid fylt opp. Dei siste åra har det flytta inn bebuarar med komplekse utfordringsbilete og større omsorgsbehov. Desse bebuarane kjem utan ekstra ressursar, og det krev eit omfattande oppfølgingsarbeid frå personalet.

Vartun oppfølgingstenester

Arbeidsmiljøet blant dei tilsette har i 2023 vore godt og sjukefråværet relativt lågt. Dette til trass for at det i løpet av året har vore mange sjuke pasientar som har utfordra oss. Mykje rus har

resultert i mange overdosetilfelle, og ein god del destabiliserte brukarar. Dette har og gjeve utslag i auke i avvik på vald og trugsmål. Dei største utfordringane med ådferd og vald er knytt til enkeltbrukarar som ikkje har rett bustad. Nye mikrohus og moglegheita til å differensiera bustadtilbodet til brukargruppa er kjærkome. Avdelinga har gjort om ressursar for å sikra forsvarleg bemanning på natt, med to vakne nattevakter i staden for ei vaken og ei kvilande. Føremålet med endringa er å ivareta HMS på Vartun, men også å bidra inn mot drift av planlagte mikrohus på Moberg.

Ei anna utfordring har vore sinnemestringstilbodet til vaksne innbyggjarar i kommunen. No er det ein tilsett ved Vartun som driv heile tilbodet aleine. Dette må vi løysa betre i 2024.

Mangel på god ekstern rettleiing har også vore ei utfordring. Vi har hatt avtale med Solli DPS, og har også prøvd interne løysingar, men dette har ikkje vore godt nok. På ein arbeidsplass med høgt emosjonelt trykk er det avgjerande å ha god rettleiing.

Ambulerande miljøtenester

I løpet av 2023 har vi greidd å auka talet brukarar i samlokaliserte einetiltak med 30 % utan tilførsel av fleire ressursar. Det har vore auke i vedtak knytt til ambulerande tenester, noko som har ført til endra bemanningsfaktor og praktisk gjennomføring av tenester. 44 brukarar har fått tenester frå ambulerande miljøteneste i 2023.

Luranetunet

Sommardrifta vart krevjande i 2023. Det var vanskeleg å få tak i kvalifiserte vikarar, og fleire av dei faste tilsette vart sjukmeldt i ferieperioden. Vi brukte meir overtid enn elles for å sikra god drift. Vi greidde oss utan å henta inn personale frå vikarbyrå, men det førte til meir bruk av overtid og forskyvd vakt. Gjennomføring av nattevakter er særleg krevjande på institusjonane, då det er mangel på tilgjengeleg personale/kompetanse på kort varsel.

Rekruttering av helsepersonell er utfordrande, og spesielt gjeld dette til arbeid på natt. Vi har lyst ut stillingar fleire gongar utan å få tak i kvalifisert personell. Frå oktober måtte vi difor leiga inn to sjukepleiarar i 100 % stilling på natt.

Bebuarar og pasientar med komplekse sjukdomsbilete er framleis ein aukande tendens på Luranetunet. Fleire bebuarar og pasientar med demens fører til at vi har fleire med høg grad av åtferdsforstyrringar og psykiske symptom ved demens (APSD). I tillegg har vi fleire bebuarar og pasientar med psykisk sjukdom. Høg grad av APSD aukar behovet for helsepersonell, då dette ofte inneber utagerande åtferd hos pasient, og det er dokumentert at miljøtiltak er det mest hensiktsmessige og effektive tiltaket.

Heimetenester Os

Prosjektet "Heima best" har fungert veldig bra i 2023. Vidareføring av prosjektet i 2024 er avhengig av at vi får nokon på plass i funksjonen som prosjektleiar, etter at den gamle slutta.

Multidose vart auka opp gradvis i 2023. Det er positivt, men framleis er det mykje arbeid med dosering sidan brukarane skiftar medisinar ofte.

Gjennom Omstilling 25 fekk eininga eit nedtrekk av 14 årsverk. Det har vore tidkrevjande å følgja det opp.

Det høge sjukefråværet på 14-16 % har vore ei stor utfordring i 2023 og fører til mykje logistikkarbeid for leiarane, bruk av overtid og lite kontinuitet i arbeidet. Brukarane opplever også at det vert fleire pleiarar å forhalda seg til.

I budsjettforhandlingane for 2024 vart det planlagte nybygget for heimetenesta og hjelpemiddellageret stoppa. Dette er svært uheldig med tanke på arbeidstilhøva for personalet som jobbar med hjelpemiddelformidling.

Hjelpemiddelhuset for velferdsteknologi (e-helse) og andre hjelpemiddel er eit prosjekt som har starta opp i 2023. Førstebels er det mykje organisatorisk som skal på plass. Eininga vår har såleis ikkje nye dispensarar til multidose eller roommates i bruk i tenesta enno.

FBBS og Heimetenester Eikelandssosen

Det er utfordrande for eininga å ha tilgang på nok sjukepleiarkompetanse. Dette fører til mykje bruk av overtid for å levera lovpålagte tenester. Overtidsbruken er særleg høg kveld og helg og på sommaren. I sommar måtte vi dessutan bruka vikarbyrå på natt og i desember vart det leig inn tre sjukepleiarar frå vikarbyrå. Mot slutten av året har vi lyst ut etter sjukepleiar. Vi opplever at vi i fleire rundar tapar i konkurranse med nabokommunar, som blant anna kan tilby sjukepleiarane ein turnus med berre sjettekvar helg.

Eining jobbar også med å rekruttera helsefagarbeidarar. Eit tiltak her er å lysa ut fulle stillingar, som er meir attraktivt og også fører til mindre behov for vikarar.

Dei er ei stor utfordring for eininga å få bistand til reparasjon og vedlikehald av medisinsk teknisk utstyr, montering av utstyr o.l. Tidlegare låg slike oppgåver under teknisk avdeling i Fusa kommune. Ved kommunesamanslåing gjekk vi over til same løysing som ein var vand med i Os kommune. Skilnaden er at LBBS i mange år har hatt ein eigen serviceperson i eininga og dermed ikkje behov for bistand frå andre avdelingar i kommunen.

Eininga ventar framleis på ei avklaring kring transport av brukarar til og frå dagsenter for eldre på Fusa-sida. Det gjeld både ordinære dagsenter og for demente. I dag er det ein sjåfør i ei deltidsstilling i tillegg til dagsenterpersonalet som køyrer. Løysinga fungerer ikkje bra når det gjeld dagsenterpersonalet, og bilen sjåføren nyttar er mogen for utskifting. Her trengst det snarast å få på plass ein annan modell, eller at ressursen til sjåførstillinga vert auka og minibussen skifta ut. Då anbodet for transport vart lyst ut, kom det ingen tilbod for Fusa-sida.

Vi ser eit potensiale i at mange oppgåver i eininga kan leggjast til andre enn helsepersonell, slik som utkøyring av middagar til heimebuande, logistikkoppgåver i institusjon, o.l. Vi vil jobba vidare med best mogleg samsvar mellom oppgåve og kompetanse.

Med lågare grunnbemanning er det utfordrande å få tid til utviklingsarbeid.

Utvalde resultat

Omstilling 25 handlar om å sikra optimal bruk av økonomiske og personellmessige ressursar, inkludert å sikra kvalifisert personell og kompetanse. Lovpålagte og forsvarlege helsetenester er ein føresetnad og ein balansegang. Det er bygd ein god struktur i sektoren med verktøy for å følgja med på den økonomiske situasjonen og for månadleg rapportering. Det er også laga verktøy for å følgja med på om tenestene i kvar eining er fagleg forsvarlege. Leiarane har fått tilgang til dataverktøy som gjev betre innsyn i eigne styringsdata om økonomi, sjukefråvær, m.m.

Alle einingane har jobba intensivt og målretta med Omstilling 25. Sektoren hadde som mål for 2023 å oppnå innsparingar på kr 23,3 mill. Fasiten for 2023 viser innsparingar på kr 17,7 mill., som er 76 % måloppnåing. Den største innsparinga er gjort på Luranetunet (LBBS), med kr 8,9 mill, deretter følgjer eining Helsefremming & rehabilitering med kr 2,4 mill og Fusa bu- og behandlingssenter & heimeteneste med kr 1,9 mill. Både eining Tilrettelagte tenester, NAV og Heimeteneste Os har innsparingar på rundt kr 1 mill kvar.

I budsjettvedtaket for 2024 vart det gjort vedtak om nye innsparingar på sektoren. Dei største tiltaka er knytt til omgjerding av plassar ved LBBS og til legevaktstasjonen i Eikelandsosen.

Samla sett skal det gjerast innsparingar i 2024 på kr 56,9 mill. (2024-budsjettet og verknader i 2024 av PwC-rapporten). Gjennom turnusomleggingar/reduisert bemanningsfaktor er det allereie ved inngangen til 2024 lagt til rette for innsparingar på kr 39,9 mill.

Vi har hatt pårørandemøte ved begge institusjonane for å informera om omstillinga vi står i. Vi har også hatt møte med brukarorganisasjonar som representerer menneske med funksjonshemming.

Avdeling Forvaltning og Bustadkontor

Oppretting av demenskor i Bjørnafjorden har vore ein stor suksess. Demenskoordinator, som er ein del av forvaltninga, har hatt ei viktig rolle med organisering. Bustadkontoret har vore involvert i planlegging og sikring av tilskot frå Husbanken til bygging av to mikrohus på Moberg, som no er under realisering.

Legevakt og legetenester


For legevaktssentralen gjeld ein norm om at 80 % av innkomande telefonar skal besvarast innan to minutt. Legevaktssentralen vår greier å svara på 78 % innan to minutt. Gjennomsnittet for landet er 64 %.

I 2023 har alle avdelingar starta med å bruka kvalitetssystemet og med å melde inn og følgja opp avviksmeldingar. Alle avdelingar har dessutan oppretta ei arbeidsmiljøgruppe (AMG) for arbeidsplassen sin.

NAV


Figuren under viser utvikling tal arbeidssøkarar i Bjørnfjorden dei siste to åra. Vi ser ein auke mot slutten av 2023 og at nivået ligg litt høgare enn på same tid i 2022, men lågare enn årsskiftet 2021/2022.

Utvikling i talet på arbeidssøkarar siste 2 år
Region Midthordland - 1243 NAV Bjørnafjorden




NAV Bjørnfjorden opplever auke i tal brukarar med nedsett arbeidsevne, jf. figuren under. Den grøne lina viser det månadlege talet på brukarar med nedsett arbeidsevne, medan dei oransje søylene viser endring frå månad til månad. Gruppa omfattar 1025 brukarar og har auka med ca. 50 personar sidan 2. tertial-23.


Årsmelding 2023




Ungdom er ei prioritert gruppe for NAV, og dei vert satsa på gjennom ulike tilbod, med mål om overgang til arbeid/arbeidsretta aktivitet. Figuren nedanfor viser kor stor del av arbeidssøkjjarar under 30 år i Bjørnafjorden som har vore i tiltak gjennom dei siste to åra.



Figuren under viser kor stor del av dei arbeidsledige frå land utanom EØS i Bjørnafjorden som har vore i tiltak gjennom dei siste to åra. Vi ser ein aukande trend i 2023.



Figuren under viser kor stor del av dei langtidsledige i Bjørnafjorden som har vore i tiltak gjennom dei to siste åra.



Tilrettelagte tenester

Fokus på heiltidskultur er stort. Når vi reknar med alle faste stillingar, inkludert helgestillingar, ser vi at gjennomsnittleg stillingsstorleik aukar litt frå 73 % i andre tertial til 74,1 % i tredje tertial.

Psykisk helse og rus

Rask Psykisk Helsehjelp (RPH) vart i 2023 kontakta av tre gongar fleire kvinner enn menn. Dei fleste av dei 206 som tok kontakt, kan vi kategorisera som yngre vaksne: 50 var i alderen 18-29 år og 84 var i alderen 26-39 år. Evaluering frå 97 brukarar viser nedgang frå moderate til milde symptom (både angst og depresjon) etter bruk av rettleia sjølvhjelp hos RPH.

RPH-team har vore ute for å informera om tilbodet til både fastlegar, familie-teamet, forvaltninga og ungdomsteamet. Vi planlegg å gjera meir av dette i 2024.

Vartun oppfølgingstenester registrerer at mange brukarar har god nytte av tilbodet. Spesielt gledeleg er det at brukarar som tidlegare har vore vanskeleg å "ramme inn", no har fått eit betre tilbod. Kloge grep på vegen hit har vore å avslutta avtale med privat tenesteleverandør og å harmonisera ROP-oppfølginga.

Eit anna viktig resultat for 2023 er etableringa av Livskvalitet sin nye ski- og sykkelverkstad i Brugata på Osøyro, som vart opna i februar 2023. Konseptet vert utvikla vidare i overgangen til nytt år.

Konferansen "Sjå Meg" i Oseana er også eit godt resultat frå 2023. Her møttest fagfolk på rusfeltet frå kommunen og omeignskommunar, og evalueringa viser at vi traff godt med programmet.

Luranetunet

Gjennom læringsnettverket "Gode pasientforlaup" har rehabiliteringsavdelinga vår pilotert ein kartleggingspakke. Kartlegginga er no meir effektiv og fokuset på brukaren sine mål er auka. Dei nye rutinane skal spreiaast til fleire einingar og vi skal hjelpe til med opplæring.

Vi greidde oss utan vikarbyrå fram til oktober 2023, då måtte vi leige inn 2 sjukepleiarar i 100 % stilling på natt for å ha forsvarlege tenester. For å klara det har vi sett inn tiltak for å sikra fagdekning, spesielt gjennom sommaren 2023. Vi har m.a. redusert behovet for ferievikar ved at hovudregelen på Luranetunet no er å avvikla tre veker samanhengjande sommarferie. Før var det vanleg med fire veker.

For å få ned bruk av variabel løn har alle avdelingar laga ein plan for innleige av vikarar. Vi ser gode resultat samanlikna med i fjor.

Vi legg godt grunnlag i 2023 for nye turnusar, som gjev ei meir robust organisering av drifta i 2024.

Heimetenester Os

Eininga har stort sett kome ned på vedteke nivå årsverk, men det står att nokre organisatoriske grep i omstillingsarbeidet.

Talet brukarar av heimesjukepleie har stege med omlag 47 brukarar frå 1.1. til 31.12.23 og på heimehjelp har det auka med 20 brukarar. Talet på brukarar aukar i ein situasjon der ressursbruken skal ned, noko som er særskilt krevjande.

Vi har eit samarbeidsprosjekt rundt sjukefråværet saman med NAV Arbeidslivssenter, noko som inneber at heile personalgruppa skal på kurs. Vi håpar at dette kan bidra til lågare sjukefråvær i 2024.

FBBS og Heimetenester Eikelandssosen

Heile eininga har jobba intenst med å få ned bruken av vikar og overtid. Vi har i stor grad jobba etter mal for ny grunnturnus frå juni. Eininga innførte nye grunnturnusar frå 20.11. Omlegginga medfører at vi set inn ei vakt for ein matvert kvar ettermiddag. Denne assistenten skal gjera oppgåver som tidlegare er løyst av pleiepersonalet. Bemanning på natt er redusert frå fem til fire. I tillegg er bemanning redusert på dag og kveld i dei ulike avdelingane.

Omstillingsarbeidet var krevande men hadde også nokre suksesshistorier. Eitt tiltak i budsjettet for 2023 var reduksjon i 40 % sjåførstilling for utkøyring av middagar frå FBBS til Os-sida. Her

har vi funne ei vinn-vinn-løysing, ved at ein av kommunen sine brukarar på Os-sida fekk dette som arbeidsoppgåve i følgje med ein tilsett.

Viktige hendingar

Tilsyn og varsel:

Tilrettelagte tenester hadde tilsyn frå Statsforvaltaren den 20.-22. mars som del av eit landsomfattande tilsyn med tema kommunale barne- og avlastingsbustader for å undersøkje om barna i bustadene får habilitering/opplæring som samsvarer med behova deira. I tilsynet hos oss påpeikte Statsforvaltaren at:

- Kommunen sikrar ikkje at tiltak innan habilitering/opplæring vert regelmessig gjennomført, dokumentert eller evaluert for alle barn i avlastingsbustad.
- Kommunen sikrar ikkje at tilsette i barne- og avlastingsbustad har nødvendig opplæring og oppdatert informasjon om barna sine behov, mål og tiltak.
- Kommunen sin praksis inneber ein uforsvarleg høg risiko for at nødvendige tiltak ikkje vert gjennomført i tråd med barna sine tiltaksplanar og behov

Det vart laga ein handlingsplan for å retta opp i brota. Planen vart presentert for formannskapet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Norsk forbund for utviklingshemma. Avvika er i ettertid lukka.

Tilrettelagde tenester fekk dessutan tilsyn i november-23 frå Arbeidstilsynet på Bolig Moberg og Varafjell avlastingssenter. Føremålet med tilsynet var å kontrollere korleis vi jobbar systematisk for å unngå at tilsette får arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplagar og psykiske plagar. Det er dessutan varsla tilsyn på fleire avdelingar i eininga i 2024, nemleg Kuhnletunet rekke 1, Kuhnletunet rekke 2, Bjørnafjorden bufellesskap og Idrettsvegen bufellesskap. Vi reknar med å få tilbakemelding frå Arbeidstilsynet på alle desse tilsyna i 1. tertial i 2024. Vi planlegg samarbeid mellom avdelingane for å skapa ei felles forståing og lukka eventuelle pålegg.

Store delar av 2023 jobba Luranetunet bu- og behandlingssenter med å følgja opp eit tilsyn frå Arbeidstilsynet frå mars 2022. Temaet var tema psykisk arbeidsmiljø og vi hadde fått fire pålegg:

1. Opplæring av verneombod
2. Plan for bistand av Bedriftshelsetenesta
3. Psykiske plager – kartlegging og risikovurdering
4. Psykiske plager – plan og tiltak

Det har vore omfattande for LBBS å følgja opp, men i andre tertial 2023 vart pålegga lukka og tilsynet avslutta.

NAV Bjørnafjorden fekk tilsyn frå Arbeidstilsynet i november-22, der tema var psykososiale og organisatoriske tilhøve, samt muskel- og skjelettplager. NAV fekk fem pålegg. Pålegget om samordning av HMS-ansvar tok si tid å få lukka, for det gjald partnerskapen i alle NAV-kontor. Arbeids- og velferdsdirektoratet arbeidde saman med Arbeidstilsynet for å finna løysingar. Det kom i orden i siste del av 2023 og oppdatert partnerskapsavtale er signert av kommunedirektøren.

NAV Bjørnfjorden har også gjort ein internrevisjon/eigenvurdering av Kvalifiseringsprogrammet i samråd med Statsforvaltaren. Det vart ikkje avdekkja avvik, men som del av etterarbeid er kompetanseheving av tilsette, med mål om å auka del deltakarar i kvalifiseringsprogram, gjennomført.

Heile kommunen, inkl. Helse og velferd, var i første tertial involvert i eit brevtilsyn frå Datatilsynet på behandlingsprotokollar, for å sikra at behandling av personopplysingar er i tråd med regelverket for personvern. I den samanheng gjorde vi eit arbeid for å oppdatera behandlingsprotokollane. Fagfeltet personvern og informasjonssikkerheit er krevjande og det er framleis mykje arbeid att for sektoren på dette feltet.

Heimetenester Os har hatt farmasøytisk tilsyn og rapporten viste gjennomgåande gode rutinar. Det har vore tilsyn av farmasøyt også ved FBBS og heimetenester Eikelandssosen og ved LBBS. Det vart avdekkja mindre avvik, som er retta opp.

Mattilsynet fekk eit anonymt varsel gjeldande reinhald på postkjøken på FBBS. Vi har utbetra rutinar for reinhald og system for dokumentasjon av reinhaldet. Det er også sett inn ein ressurs på ettermiddag som følgjer opp rutinar på buavdelinga og korttids-/rehabiliteringsavdelinga. Mattilsynet har ikkje vore på tilsyn.

Det var planlagt eit tilsyn frå Statsforvaltaren i eining Psykisk helse og rus, avdeling ambulerande miljøtenester knytt til ein enkeltbrukar. Bekymringa for uforsvarleg teneste vart løyst gjennom ein dialog mellom Statsforvaltaren, tenestemottakar, koordinator og primærkontakt. Konklusjonen var at oppfølginga er forsvarleg og saka vart dermed avslutta utan tilsyn.

Vi har meldt til Statsforvaltaren at det er utfordrande å levera tenester fullt ut i tråd med vedtak i eitt tiltak. Vi ønskte at Statsforvaltaren vurderte kva som kan reknast som fagleg forsvarleg/uforsvarleg og ba om råd i saka. Vi er i dialog med Statsforvaltaren om moglege løysingar.

Avvik

Det vart registrert 3104 avvik i sektor helse og velferd i 2023, noko som er ein auka på 22 % i høve til året før. 13 av avvika gjeld personvern og informasjonssikkerheit. 63 forbetningsframlegg vart meldt inn gjennom avvikssystemet. Ca. 900 av dei melde avvika gjeld feil knytt til utdeling eller handtering av medisinar, noko som er den desidert vanlegaste avvikstypen. Ein stor del av dei melde avvika hamnar i sekkepostar som "anna", men frå 2024 vil eit betre avviksskjema tydeleggjera kva kvart avvik handlar om og gjera det lettare å følgja opp og kvalitetssikra tenesteytinga.

Avviksmeldingar om vald, trugslar og uønskt åtfærd

Eining	1. tertial	2. tertial	3. tertial	Sum per eining
Forvaltning, koordinering og bustadkontor	0	0	0	0
NAV	15	16	14	45
Legevakt og legeteneste	0	1	2	3
Tilrettelagte tenester	62	67	42	171
Psykisk helse og rus	36	30	18	84
LBBS	16	74	23	113
Heimetenester Os	3	4	0	7
FBBS og heimeteneste	3	4	10	17
Sum per tertial	135	196	109	440

To av hendingane var særleg alvorlege. Den eine fann stad hos NAV, der ein brukar truga tilsette og utsette NAV-kontoret for skadeverk. Heimetenester Os har hatt ei hending der politiet måtte kopløst på for å få brukaren til å endra åtfærd.

Einingane arbeider med tiltak for å lukka avvika og førebyggja liknande tilfelle framover så langt som råd. Vi har også tett samarbeid med Bedriftshelsetenesta og med NAV Arbeidslivssenter.

Andre, viktige avvik

FBBS og heimetenester Eikelandsosen vil dessutan rapportera om fire avvik med personskade. Tre av desse gjaldt personell og eitt tilfelle gjaldt pasient.

Heimeteneste Os har hatt ei arbeidsulykke, der ein tilsett fekk straum i seg frå straumførande kontakt. Dette vart meldt til Arbeidstilsynet. Huseigar har fått gjort ein gjennomgang av heile bygget og har retta feilen.

I 2023 har vi hatt tilfelle der tryggleiksalarmane har vore ute av drift. Det vart brukt store ressursar i alle ledd for å finna feil og sikra brukarane i tida med bortfall av signal, og for å førebyggja at dette kan skje igjen.

Brukarundersøkingar

Tenestemottakarar og tilsette på Vartun har i 2023 medverka i ei intern brukarundersøking med tema vald og trugslar i fellesstove/bumiljø og sikkerheit. På grunn av stort arbeidspress, er resultata førebels ikkje bearbeidd.

Koordinerande eining (KE) gjorde før ferien ei brukarundersøking til brukar/pårørande som har individuell plan, og dermed koordinator, og til tilsette som har rolla som koordinator. Målet var å finna ut korleis vi kan styrkja koordinatorrolla. I oppfølginga har vi halde kurs i koordinatorrolla og i samhandlingsverktøyet DIPS.

Avdeling Forvaltning og Bustadkontor

Avdelinga har hatt høgt sjukefråvær i 2023 og det har gått opp til 13 % i tredje tertial. Dette har m.a. ført til lengre saksbehandlingstid.

I tredje tertial registrerer vi stor auke i tal klagesaker i høve til same periode i 2022. Behandling av klager er ei svært tidkrevjande oppgåve. Kombinasjonen av høgt sjukefråvær og mange klagesaker skaper stort trykk på avdelinga si totale kapasitet, og aukar arbeidspresset på den enkelte tilsette.

Arbeidet med å ha systemansvaret for journalsystemet Profil, som vart overført til forvaltninga h-2022, er svært tidkrevjande og avdelinga er uroa for kapasiteten framover til å følgja opp Omstilling 25. Vi har gjort ein stor ryddejobb i 2023 med å styra tilgangen i journalsystemet Visma Profil, noko som bidreg til betre personvern.

Frå 1. april 2023 vart tre stillingar frå eining Helsefremming og rehabilitering overført til avdelinga. Dette gjald stillingane som tryggleikssjukepleiar, demenskoordinator og kreftkoordinator. Stillinga som tryggleikssjukepleiar vart avvikla i oktober-23 og i desember vart det vedteke at kreftkoordinatorstillinga skal avviklast frå sommaren 2024.

Bustadkontoret er i prosess med arbeid rundt tilvisingsavtalar og å prøva ut leige til eige. Bustadkontoret har hatt fokus på startlån ved overgang frå kommunal bustad til startlån. Utbetalt startlån i 2023 var 84 mill og gjekk til 36 husstandar. Kontoret har vore viktige bidragsytarar for å få ferdigstilt bustadsosial handlingsplan. Lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet vart iverksett frå 1. juli i 2023 og vi følgjer opp med m.a. nye rutinar.

Legevakt og legetenester

Gjennom budsjettvedtaket 14.12. gjorde kommunestyret vedtak om å leggja ned legevaktstasjonen i Eikelandssosen, slik den har vore drifta i 2023. Vedtaket har påverka både innbyggjarane og tilsette i tenesta. Føresetnaden i vedtaket er at kompensierende tiltak skal på plass for å tryggja beredskapen, og at utvida og kvalitetssikra ROS-analyse må leggjast til grunn for tiltaka.

NAV

NAV flytta før ferien inn i nye lokale i Os næringspark. I 2023 har NAV etablert system for HMS-øvingar saman med regional sikkerhetsgruppe og signert samarbeidsavtale med politiet i høve tilsette sin tryggleik.

Det vart i 2023 bestemt at det skal greiast ut ein modell for vertskommunesamarbeid mellom Samnanger og Bjørnafjorden. Dersom utgreiinga i neste omgang fører til vedtak, vil Bjørnafjorden ta over NAV-kontoret i Samnanger.

Tilrettelagte tenester

Barnekoordinator er eit nytt lovkrav og det vart det oppretta ei 50 % stilling som dette, knytt til Varafjell. Det er også kome ein ny nasjonal veileidar som handlar om gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. Tre medarbeidarar frå Tilrettelagte tenester følgjer CRPD-nettverk i Vestland for å bidra til implementering av veilederen.

Psykisk helse og rus

På bakgrunn av den vanskelege økonomiske situasjonen vart det gjort framlegg i kommunedirektøren sitt budsjett om å leggja ned tenesta Friskliv & meistring. Dette vart vedteke i desembermøtet 2023 og trer i kraft innan 1. juli 2024.

Ei gledeleg hending i 2023 var opning av ski- og sykkelverkstad, som har vore ei suksesshistorie så langt. Det var ei viktig hending at prosessen for å få bygd mikrohus på Moberg kom i gang.

Luranetunet

Vi har gjennom heile 2023 jobba hardt med Omstilling 25. Redusert pleiefaktor frå 1,04 til 0,9 utgjer ein reduksjon på 24,5 årsverk. Allereie i mars 2023 starta arbeidet med kor vi skal kutta ulike årsverk og korleis bemanningsplanen vert for 2024. Dei tilsette har vore vurdert opp mot utvalkriterie for å avdekkja om dei vert flytta internt eller må meldast som overtalige. Dette har krevd mykje og god planlegging.

Heimetenester Os

For å imøtekomme vedtekne kutt knytt til Omstilling 25, er turnusen for eininga lagt om og åtte medarbeidarar har vore gjennom omstillingsprosess. Eininga bytar ut bilar kvart fjerde år, noko som også er tidkrevjande. Dette skjedde i 2023.

FBBS og Heimetenester Eikelandssosen

Mottakskjøkenet ved FBBS kom i drift frå 25.09. Dette er ei omlegging som har vore planlagt lenge for å gje pasientane eit betre sluttprodukt og redusera helsepersonellet sitt arbeid med tillaging av måltid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
30-Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar	-53 109	-45 766	-81 427	-35 661	-43,8 %
31-Avdeling Forvaltning og Koordinering	53 648	28 767	28 803	36	0,1 %
32-Legevakt og legetenester	76 563	88 341	68 318	-20 023	-29,3 %
34-NAV	31 711	37 384	36 680	-704	-1,9 %
35-Tilrettelagte tenester	173 706	200 524	197 986	-2 538	-1,3 %
36-Psykisk helse og rus	66 155	79 283	79 350	67	0,1 %
37-Luranetunet	198 827	195 539	194 709	-830	-0,4 %
38-Heimetenester Os	91 910	89 595	88 346	-1 249	-1,4 %
39-FBBS og Heimetenester Eikelandsosen	79 068	84 816	86 610	1 794	2,1 %
Sum	718 478	758 483	699 375	-59 108	-8,5 %

Kommentar til status økonomi

Oppsummering

Til tross for knallhard jobbing med innsparingar i dei fleste einingar, kjem sektoren ut med eit meirforbruk for 2023 på kr 59,1 mill. Meirforbruket vert nærare forklart einingsvis under, og fordeler seg slik:

- Fagstab og felles satsingar: kr 35,6 mill.
- Legevakt og legetenester: kr 20 mill.
- Tilrettelagte tenester: kr 2, 5 mill.
- Heimetenester Os: kr 1,2 mill.
- Luranetunet: kr 0,8 mill.
- NAV: kr 0,7 mill.
- FBBS: - kr 1,8 mill (mindreforbruk)

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Dette fellesområdet kom ut med ein minus på kr 35,6 mill i 2023. Hovudforklaringa er eit nedtrekk som ikkje er fordelt ut på einingane og betalingskrav frå sjukehusa for utskrivingsklare pasientar.

Avdeling forvaltning og bustadkontor

Sett under eitt, kom vi ut med eit ørlite mindreforbruk. På nokre område er det likevel utfordringar, og vi jobbar med å ta ned meirforbruket på støttekontaktenesta, m.a. med å finna kandidatar som er aktuelle for gruppetiltak. Vi ser også på moglegheita for å redusera utgiftene til avlasting, der det er eit meirforbruk, som vi opplever er ein konsekvens av barnevernsreforma. Også her må vi vurdere frå sak til sak om det er mogleg å tildela færre timar.

Samanlikna med 2022, er det er ein liten nedgang i tildelingar totalt av støttekontakt og omsorgsstønad.

Legevakt og legetenester

Legevakt og legetenester har eit meirforbruk på kr 20 mill. Hovudforklaringane på dette er:

- Langt høgare kostnader til lønn på legevakt enn kva som er budsjettert
- Høge kostnader knytt til Nordsjøturnus-avtalar
- Kjøp av legetenester
- Mindre refusjonar frå Helfo enn planlagt

- Dyre vikaravtalar (Eikelandssosen og frå august-23 også Sjøkanten)
- Ikkje budsjetttert husleige legetenester (kr 1,2 mill)
- Ikkje budsjetttert leasing av driftsmiddel legetenester (kr 1,5 mill)

Under kjem ein gjennomgang av overforbruket, avdeling for avdeling.

Legevakt

Legevakt har eit meirforbruk på kr 6,2 mill. Hovudforklaringa er overforbruk på lønn på kr 5,6 mill. Dette kjem frå vakansevakter, ferievikarar, ekstrahjelp/overtid, sjukevikarar og pensjonskostnader på legevaktslønn.

I tillegg er det eit overforbruk på nokre driftspostar og inntektssvikt på brukarbetaling/Helfo-refusjonar i høve til planlagt.

Legetenester/Sjukeheimlegar

Her er eit meirforbruk på kr 7 mill. Overforbruket skuldast vikarbruk pga ferie, sjukdom og for allmennlege i spesialisering (ALIS) veiledningsgrupper, praksisbesøk, etc . I tillegg har det vore behov for vikarar pga. auka behov for legeressursar på korttidsavdelingane, spesielt palliative senger og rehabiliteringsavdeling. Dette er komplekse pasientgrupper med behov for tett medisinsk oppfølging. Det er også auka del pasientar med demens som treng tett oppfølging. Vikarbruken har vore nødvendig for å driva forsvarleg.

Moberg legesenter

Moberg legesenter har eit meirforbruk på kr 1,5 mill. Hovudforklaringa er tenestekjøp frå private, som ikkje er budsjetttert, og mindre refusjonar frå HELFO enn planlagt.

Eikelandssosen helsesenter

Eikelandssosen helsesenter har eit meirforbruk på kr 5,3 mill. Dette skuldast:

- Overforbruk på kjøp av legetenester
- Mindreinntekter på brukarbetaling
- Mindreinntekter på refusjon frå Helfo

NAV

NAV har eit meirforbruk i 2023 på kr 0,7 mill som følgje av auke i sosialhjelp. Dette har fleire årsaker, men dyrtid og stor busetting av flyktningar er med på å forklara tala.

NAV har god internkontroll med sosialhjelpskostnader og vil halda fram med dette også i 2024.

Tilrettelagte tenester

Eininga har eit meirforbruk i 2023 på kr 2,5 mill. Overforbruket kan forklarast med:

- Nytt, kostnadskrevjande tiltak i samarbeid med Oppvekst. Tiltaket låg ikkje inne i budsjettet, og vart avslutta h-2023.
- Bruk av overtid pga. vakante stillingar i påvente av omstilling. Sjukefråværet har dessutan vore høgt, noko som også har ført til bruk av overtid.
- Til eitt tiltak har det vore krevjande å rekruttera og behalda personell. Vi har måtta fylla på med vikarbyrå og overtid for å kunna gje nødvendig helsehjelp.
- Auka avlasting.

Tiltak i 2023:

Som tiltak har vi laga rutine for inntak av vikar/bruk av overtid ved fråvær. Vi har kartlagt/definert minimumsbemanning og kritisk minimumsbemanning. Alle avdelingsleiarane følgjer dette tett opp.

Det har også vore fokus på sjukefråvær og sjukefråværsoppfølging og på å redusera bruken av overtid. Eininga har nytta personell på tvers av avdelingar for å hjelpa kvarandre når utfordringane med fråvær har vore store.

Psykisk helse og rus

Eininga har eit mindreforbruk på kr 70 000 og går dermed i balanse.

Eininga laga i 2023 eit "vikarkort" som skisserer behov for bemanning knytt opp mot aktivitetar og oppgåver. Vikarkortet hjelper dei ansvarlege i avdelingane til å vurdere om det er behov for inntak av vikar eller ikkje. Målet om reduksjon av variabel lønn er nådd.

Luranetunet

Luranetunet enda opp med eit meirforbruk på kr 0,8 mill. Hovudforklaringa på meirforbruket er eit aukande fråvær frå i haust. Dette førte til meirutgifter på innleige av vikarar, bruk av overtid og forskjøven vakt. Grunna både høgt sjukefråvær og vakante stillingar måtte vi leiga inn sjukepleiar på natt. Vi jobbar med å få til gode løysingar, og prøver å rekruttera inn, men det kan vera at vi må forlengja avtalen med vikarbyrå om sjukepleiekompetanse for å sikra forsvarleg drift.

Prognosen for Luranetunet i første tertial av 2023 var eit overforbruk på kr 7 mill., så det er ei flott utvikling. Vi har arbeidd hardt for å oppnå dette resultatet, og avdelingsleiarane styrer meir og meir i retning av økonomisk balanse på eiga avdeling. Vi jobbar m.a. godt med tiltak for å redusera bruk av variabel løn, for god oppfølging av sjukemelde og refusjonar. Alle avdelingsleiarar fekk i 2023 tilgangar for å følgja med på ulike styringsdata for eiga avdeling, noko som har vore eit nødvendig hjelpemiddel.

Tiltak i 2023 for økonomisk balanse:

- Unngå å ta inn vikar i ledige vakter der det er mogleg. Avdelingane har laga tiltakskort/mal for innleige av vikarar.
- Redusera bruk av overtid og forskjøven vakt.
- Rutinar for samarbeid mellom avdelingar ved fråvær.
- Oppfølging av sjukemelde, sjå på tilretteleggingstiltak og søkja refusjon frå arbeidsgivarperioden for tilsette som har hyppig fråvær og/eller kronisk sjukdom.
- Deling av kompetanse mellom avdelingar.
- Ved å ha fleire tilsette i høge, faste stillingar reduserer ein behovet for vikar.
- Diverse tiltak for å ha forsvarleg drift ved sommarferieavvikling utan behov for innleige frå vikarbyrå.
- Samarbeid med NAV Arbeidslivssenter for reduksjon i sjukefråvær.
- TØRN - KS-prosjekt med forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer og overordna visjon: Rett kompetanse på rett plass til rett tid.
- Plan for oppfølging av avdelingar med meirforbruk.

Heimetenester Os

Eininga har eit meirforbruk i 2023 på kr 1,2 mill. Dette skuldast først og fremst eit sjukefråvær på 14-16 % gjennom heile året, noko som m.a. har ført til bruk av overtid. Ei anna kjelde til meirforbruk var innlevering og bytte av 21 leasingbilar. Dette skjer kvart fjerde år og er ikkje

fanga opp i budsjettet. Eininga har også meirutgifter med straum og med transport til dagsenter.

Eininga er usikker på om den nye turnusen for 2024 vil klara å dekkja alle vedtakstimane og følgjer nøye med på dette og ulike indikatorar for drifta.

FBBS og Heimetenester Eikelandssosen

Eininga må kunne seiast å vera i balanse, med eit mindreforbruk på kr 1,8 mill.

Det har vore krevjande å dekkja inn frávær, spesielt på natt og av sjukepleiarar på kveld/helg. Vi har også ein del andre ledige stillingar på helg. I sommar og i desember brukte vi innleige frå vikarbyrå og overtid for å dekkja inn ledige vakter med forsvarleg kompetanse. Det er utarbeidd planar for kritisk bemanning, og vi tek ikkje inn vikarar før vi er på kritisk bemanning. Ny turnus, med redusert bemanningsfaktor i tråd med PwC-rapporten, vart starta opp den 20.11.23.

Tiltak i 2023 og framover:

- Vi lyser ut stillingar i 100 %. Dette er meir attraktivt og sikrar ein buffer for planlagt og uføresett frávær.
- Vi samarbeider med NAV arbeidslivssenter i enkelte avdelingar for å redusera sjukefrávær. Avdelingsleiarane jobbar systematisk med sjukefráværsoppfølging.
- Høsten 2023 starta vi rekruttering av vikarar for sommaren-24 ved å tilby sommarjobb til dei som var hos oss sommaren -23.
- Bruker måleindikatorar for å følgjs med på at vi held oss innafor lovverket etter oppstart av nye turnusar. Dette er med på å styra kor vi må setja inn tiltak.
- Vi planlegg for kontroll av medisinskteknisk-utstyr i samsvar med forskrift.
- Vi jobbar systematisk vidare med oppgåvedeling/rett bruk av kompetanse.

Status målsettingar

- Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.
- Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune
- Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar
- Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet
- Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar
- Vi leverer treffsikre tenester

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Minst 70% av alle kurs og samlingar i NAV sin kompetanseplan skal vere digitale møter	100,0 %	100,0 %	✓
		Vi gjenbruker minst 50% av innbo og utstyr ved nye NAV-lokale	100,0 %	100,0 %	✓

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune.	Vi nyttar el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er hensiktsmessig	100,0 %	90,0 %	–
		Vi nyttar kollektivtransport eller samkøyring ved samlingar/kurs	100,0 %	90,0 %	!
		Vi lagar bustadsosial handlingsplan	ILÅ	2024	
		Vi lagar plan for legetenester og legevakt, jfr planstrategien	ILÅ	2024	
		Vi lagar sektorplan for helse og velferd, jf planstrategien	ILÅ	2024	
		Vi lagar fireårig folkehelseoversikt, jfr planstrategien	ILÅ	ILÅ	
		Vi lagar handlingsplan for psykisk helse og rus, jfr planstrategien	ILÅ	2024	
		Vi lagar handlingsplan for rehabilitering, jfr planstrategien	ILÅ	2024	
		Vi lagar veteranplan for Bjørnafjorden kommune, jf planstrategien	ILÅ	ILÅ	
		90% av alle søknader til NAV om sosialhjelp er digitale	100,0 %	100,0 %	✓
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar.	Helsefremming og rehabilitering annonserer kurs via Friskus og nyttar digitale sjølvhjelpskurs	ILÅ	ILÅ	
		Helse-velferd etablerer prosjektoversikt med skildring av prosjekt for å samordne og unngå overlapp mellom enkeltprosjekt, jfr BDO-rapport	ILÅ	ILÅ	
		Vi bruker kjernejournal i alle aktuelle saker	100,0 %	100,0 %	✓
		Vi etablerer digital søknad til fysio-, ergo- og servicetenester	ILÅ	ILÅ	
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og	Helsefremming og rehabilitering etablerer eit samarbeid med frivillige knytt til grupptilbod/ -kurs	ILÅ	2024	

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
livskvalitet	livskvalitet	"Sterk og stødig"			
		Vi deltek i helsefremjande infokampanjar og tilbyr kurs i hjelp til sjølvhjelp	10	10	✓
		Vi etablerer samarbeid med Frivilligsentral for å rekruttera frivillige som samarbeidspartnarar i dei helsefremjande tenestene våre	ILÅ	2024	
		Vi tilbyr 30 ulike aktivitets- og kurstilbod for å spreia kompetanse om helsefremjande liv og meistring	30	30	✓
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	NAV har maks 3 serviceklagar per tertial	3	3	✓
		NAV nyttar felles kartleggingsskjema i møte med alle nye brukarar	100,0 %	90,0 %	!
		Tilsette får kompetanseheving gjennom «velferdsteknologiens ABC»	50	0	!
		Vi reduserer tal betalingsdøgn for utskrivingsklare pasientar på sjukehus med 70% i høve 2022	100,0 %	0,0 %	!
		Vi satsar på velferdsteknologi og etablerer organisatoriske og konkrete tiltak for brukarar som både gir betre kvalitet og meir kostnadseffektiv tenester	ILA våren	ILA våren	
		Vi tilpassar helsefremjande kurstilbod etter nasjonale føringar, folkehelserapport og lokale behov og satsar på gruppebasert hjelp-til-sjølvhjelpskurs og tidsavgrensa tilbod.	ILÅ		

KOSTRA Nøkkeltal

	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2023	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) **)	37 610	39 336	37 014	36 668
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) **)	3 319			
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) **)	393	276	432	482
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	42 648	41 021	63 832	63 462
Dekningsgrad				
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	33,2 %	34,1 %	29,2 %	31,2 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	31,8 %	30,3 %	16,4 %	16,0 %
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	8,7 %	7,3 %	3,7 %	3,5 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	28,7 %	30,8 %	27,9 %	27,2 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	6,3 %	5,2 %	9,0 %	9,9 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år (B)	2,6 %			
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	6,6	6,9	7,8	7,9
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	11,5	11,3	10,6	10,4
Kvalitet				
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	75,8 %	87,7 %	91,1 %	88,4 %
Andel pasienter på liste uten lege	14,3 %	10,4 %	4,1 %	4,3 %
Sykepleiere med spes./vd. utd. Avtalte årsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	11,97	12,95	8,45	8,31
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helseper 10 000 innbyggere (helse og sosial)	9			
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	325,3	312,4	328,3	328,5

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investerings	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
Bufellesskap	57 000	42 716	39 024	39 741	Iht. plan
Hjelpemiddellager/base Heimetenester	29 400	2 517	10 055	1 277	Forsinket
Kjøkenløsning	34 400	36 023	400	279	Ferdig
Kjøp av utleigebustader	15 000	8 489	9 000	8 489	Ikkje vurdert
Microhus	3 000	937	2 975	912	Iht. plan
Velferdsteknologi	24 000	3 386	3 000	3 386	Ikkje vurdert
Sum	162 800	94 068	64 454	54 084	

Statustekst investeringar

Bufellesskap

Bygging pågår som planlagt. Overtaking planlagt til slutten av 1.kvartal 2024.

Hjelpemiddellager/base Heimetenester

Har avventa utlysing av tilbodskonkurranse til budsjettprosessen på grunn av den økonomiske situasjonen i kommunen, som tidlegare rapportert. I budsjettvedtak for 2024 vart prosjektet utsett.

Kjøkenløysing

Sluttarbeid for både produksjonskjøkken ved FBBS og mottaks-kjøkken ved Luranetunet har pågått i 2023.

Kjøp av utleigebustader

Det er kjøpt utleiebustader til kommunen med bakgrunn i brukarbehov.

Microhus

Vedtak om bygging av to microhus med ny kostnadsramme vart vedtatt i november, kommunestyresak 173/2023. Kontrakt vart inngått med Donar AS i slutten av desember, planlagt oppstart byggjearbeid ved årsskifte.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesta

I Samfunnsutvikling er det dedikerte, engasjerte og kompetente medarbeidarar innan alle fagfelt. Saksområdet er stort og komplekst med mange ulike kompetanseområde. Samfunnsutvikling inneheld Samferdsel/VA, Eigedom-drift, Brann og redning, Kultur, Eigedomsforvaltning, Næring, Kart/oppmåling, Byggesak, Plan, Landbruk, Prosjekt og Innbyggjarservice.

I tillegg har sektoren ansvar for klima- og miljøarbeidet i kommunen. Det å ha desse tenestene samla i ein sektor gjer at vi kan samordne og ta opp felles utfordringar, og ansvarleggjere kvarandre. Sektoren må samhandle med dei andre sektorane på mange område, det kan vere bygg og anlegg dei nyttar i sine tenester, planarbeid, kultur- og fritidsaktivitetar, klima- og miljøarbeid eller anna. Eit viktig innsatsområde er å legge til rette for utvikling av gode og trygge lokalsamfunn. Dette skjer ofte i samhandling med PBU, formannskap eller andre politiske fora. Dialog og samhandling med innbyggjarar og næringsliv er og eit område som er satt i system og som er i utvikling.

Prosjekteininga

Infrastruktur og kommunale bygningar er viktige verktøy for at Bjørnafjorden kommune skal oppretthalda ein robust og sikker tenesteleveranse. Prosjektavdelinga har stor gjennomføringsevne og kompetanse for å bidra med vidare utvikling av kommunen og gjennomføring av investeringsprosjekt.

Investeringsprosjekta har blitt rapportert til formannskapet regelmessig.

Plan og byggesak

Plan

Planavdelinga har ansvar for å utvikle planar for samfunnsutvikling og arealbruk i kommunen. Hovudoppgåvene våre er å:

- utvikle overordna planar: Desse planane gir overordna føringar for utviklinga av kommunen på lang sikt.
- Utarbeide og behandle områdereguleringar og detaljreguleringsplanar.
- Koordinere kommunen sin deltaking i miljøløftet og oppfølging av byvekstavtalen.
- Legge til rette for innspel og høyringar frå innbyggjarar og interessegrupper når det utviklast nye planar.
- gi rettleiing og informasjon til innbyggjarar og næringsliv om reguleringsplanar og andre planar som er relevante for dei.
- Samarbeide med andre avdelingar i kommunen, for å sikre at planane er i tråd med andre mål og krav til samfunnsutvikling og miljøvern.

Byggesak

Byggesaksavdelinga sine oppgåver er å gje innbyggjarane god service og rettleiing ved byggeprosjekt, sikre at krav og reglar til utbygging som går fram av plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter blir følgt opp, og sørge for at søknadar blir behandla innan fristen.

Kart og Oppmåling

Året byrja med ein viss nedgang i saksmengde. Det verka som om det var ein viss stillstand i byggebransjen og ein del prosjekt stod på vent. Denne trenden fortsatte utover året. Bemanninga på eininga er nå justert pga lågare aktivitetsnivå på «sjølvkostområdet»

Vi ser og ei endring i sakstype. Det vert frådelt ferre eigedomar samstundes som det vert etablert fleire eigarseksjoner. Vi får også inn fleire saker med klarlegging av grenser. Desse saken er også ofte meir tidkrevjande å gjennomføre.

Det vart gjennomført 129 oppmålingsforretningnar av avdelinga i 2023. Det vart totalt etablert 55 nye eigedomar i kommunen som er ein del lågare en for 2022. Saksmengde og utviklinga over tid følgjer av tabell nedanfor:

	2020	2021	2022	2023
Nye eigedomar	78	98	61	55
Nye seksjonar	74	84	181	160

I sum har saksmengda vorte redusert med om lag 25% sjølv om det også er ei endring i sakstyper.

Det bør også framhevast at omsetningsnivået på eigedom i kommunen er høgt. Dette merkar kart- og oppmåling godt, då vi har stor pågang frå eigedomsmeklarar og takstfolk mm. for å få ut opplysingar om eigedomar, reguleringsplanar og byggesaksopplysningar.

Kart- og oppmålingstenestene i Bjørnafjorden kommune er 100% finansiert etter sjølvkostprinsippet. Gebyrinntektene for saker etter matrikkellova vart 2023 under budsjettet, medan inntekter på sal av kart og mekaroppgåver vart over det som vart budsjettet.

Landbrukskontoret

Bjørnafjorden landbrukskontoret er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Tysnes, Samnanger og Bjørnafjorden, der sistnemnte er vertskommune.

Kommunane er landbruksstyresmakt på ei rekke oppgåver innan jordbruk, skogbruk og hagebruk med tilhøyrande næringar, samla kalla landbruk. Dette omfattar forvaltningsoppgåver der kommunane med heimel i lov og forskrift er førsteinstans for vedtak og førebuing av saker som skal avgjerast av andre organ på høgare nivå. Dette er også oppgåver som kommunen har som planstyresmakt, og utviklings-oppgåver som delvis er lovheimla og delvis ligg til den generelle utviklingsrolla som kommunen har.

Bjørnafjorden Landbrukskontor er interkommunalt landbrukskontor for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes. Vi har ansvaret for ei veterinærordning og har òg ansvaret for at det vert teke omsyn til landbruksnæringa og landbruksareala i kommunane når det skal gjerast ulike tiltak.

Utviklingsrolla er i liten grad pålagd gjennom lover og regelverk, men er desto viktigare for å bidra til ei positiv utvikling i landbruket og for bygdene.

Landbrukskontoret har kryssingspunkt med fleire einingar i alle tre kommunane våre. Vi har ansvar for meir enn 20 lovar og eit mangfald av forskrifter. Vi har òg ansvar for ulike planar og strategiar. Det er opplagt at god kommunikasjon og rutinar er avgjerande for å sikre rask sakshandsaming på eit høgt nivå. Vi jobbar stadig for å forbetre samhandling på tvers.

Landbrukskontoret gjorde over 730 vedtak samla, og 353 av desse i Bjørnafjorden kommune. Det viser ein betydeleg aktivitet og innsats fordelt over våre ansvarsområde.

Utfordringar knytt til kapasitet har likevel ført til at informasjonsarbeidet har blitt nedprioritert, og vår største utfordring er å balansere daglege oppgåver med behovet for oppfølging og tilgjenglegheit for bønder, skogbrukarar og jegarar.

Vi har utarbeida dokument for å (re)vurdere oppgåvene våre med tanke på prioritering og konsekvens ved avvik, og står overfor utfordringar med å følge opp både lovbrøt og nye bønder på grunn av ressurssituasjonen.

Ein viktig milepåle i 2023 var **evalueringa av samarbeidsavtalen** for Bjørnafjorden landbrukskontor. Konklusjonane frå evalueringsarbeidet er at fordelingsnøkkelen er godt tilpassa og at det er eit ynskje frå alle partnarar å fortsetje med samarbeidet.

Den reviderte avtalen har blitt vedtatt i Samnanger kommune. I Tysnes kommune ligg avtalen til handsaming mens avtalen har enno ikkje blitt vedtatt i vertskommunen grunna nedbemanningsprosessar.

Regulering og støtte: Det auka behovet for kontroll og oppfølging av nye brukarar krev meir innsats enn før. Vi ser at fleire gardeigarar startar opp med sauehald i småskala, ofte utan grunnleggjande erfaringar innan dyrehald. Det er likevel eit omfattande regelverk som kvar eigar av husdyr må vere kjent med.

Gjennom å leige inn eksterne ressursar (finansiert med stimuleringsmidlar frå staten), styrka vi vår kapasitet til å støtte og rettleie nye bønder, gjennomføre kontrollarbeid i samband med produksjonstilskot og sikra at krava vert oppfylte.

Personal og arbeidsmiljø: I 2023 har vi sett ein stabilisering i personellstyrken, eit velkommen avbrekk frå tidlegare år med høg gjennomtrekk. Denne stabiliteten har bidrege til kontinuitet i arbeidet vårt.

Likevel har vi hatt eit sjukefråvær på rundt 18% som har vore kritisk for å prioritere oppgåver som direkte påverkar kundane våre. Vi har leigd inn ein veterinær i samband med handsaming av produksjonstilskotssaker. Vidare har vi leigd inn bistand i jordlovsaker og opplæring av nye tilsette.

I oktober 2022 fekk vi tilsett ein jurist, ein milepåle for landbrukskontoret. Dette har styrka heile kontoret og vi ser at eit auka fokus og kvalitet på juridisk arbeid innanfor mange av våre oppgåvefelt. Tilsettinga har bidratt til betre handtering av komplekse saker og styrka vår evne til å følge opp lov- og regelverk innan landbrukssektoren.

Innovasjon og teknologi: Vår satsing på digitalisering og bruk av kunstig intelligens er eit lyspunkt i effektiviseringsarbeidet. Dette arbeidet inkluderer bruk av automatiseringsverktøy som Power Automate o.a., for å redusere tidsbruk på administrative oppgåver.

Veterinærtenester: Bjørnafjorden landbrukskontor har ansvar for å organisere veterinærteneste i distrikt 56 (Bjørnafjorden aust, Tysnes, Samnanger og Kvinnherad nord)

Vi står overfor utfordringar med ein pensjonert veterinær og ein annan som har trekt seg frå avtalen, noko som fører til kritisk mangel på veterinærtenester.

Per i dag har vi berre ein veterinær som i prinsippet må dekke heile distrikt 56 både på dagtid og nattetid – og i helgene.

Utfordringa er at inntening i ordinær arbeidstid er lav. Dette medfører at ein må kjøre vakt for å ha nok inntekt. Med ein slik lønnsutsikt, er det vanskeleg å få nye veterinærer til å søke seg til området.

Kommunane i distrikt 56 har auka det samla tilskotet til veterinærtenesta frå kr 450 000 til kr 900 000 per veterinær.

Etter tre utlysingrundar har vi motteke tre søknadar, og vi ventar at ein kandidat frå intervju i veke 7 vil starte i mars.

Den noverande bemanningssituasjonen i distrikt 56 er kritisk, og det er ein påtrengjande trong for å tiltrekke og halde på kvalifiserte veterinærer for å sikre dyrehelse og velferd i distriktet. Med auka tilskot og ein ny potensiell tilsett i vente, ser vi moglegheiter for forbetring i tenestetilbodet.

Landbrukskontoret spelar ein sentral og avgjerande rolle i oppfølginga og forvaltninga av veterinærtenestene i distrikt 56, og er forplikta til å sikre ressursane som landbruksnæringa treng for å oppretthalde høge standardar for dyrevelferd og landbrukspraksis.

Oppfølging av bu- og driveplikt: Arbeidet med oppfølging av bu- og driveplikt vart starta i 2023 som eit viktig skritt mot å sikre at landbruksressursane blir nytta i tråd med regelverk og samfunnsinteressene. I tråd med vilkåra for konsesjon, er det i dei fleste sakene eit vilkår at den nye eigaren må busetje seg på landbrukseigedomen innan eitt år etter overtakinga, og vidare bu der i minst fem år. Dette tiltaket er viktig for å sikre at landbrukseigedommane blir halde i aktiv bruk og bidreg til lokal samfunnsutvikling og landbruksproduksjon.

For å handheve driveplikta, som omfattar all dyrka jord i samsvar med jordlova § 8, sender Landbrukskontoret ut brev til eigarar for å minne dei på deira plikter. Denne oppfølginga er avgjerande for å oppretthalde eit produktivt landbruk og forvalte landbruksressursane på ein berekraftig måte.

Kultureininga

Kultureininga er i utgangspunktet organisert med tre avdelingar + stabsfunksjonar.; bibliotekavdeling, kultur- og fritidsavdeling og idrett og friluftsliv. Kulturtenestene spenner vidt frå fritid og kulturformidling til prioriterte grupper, til drift av symjebasseng og frivilligsentral. Andre ytterpunkt er organisering av vigsel, ruinkonservering på Lyse Kloster og tilsyn med dagsturhytter. Tenesteproduksjonen har fleire lokasjonar og arbeidsplassar på begge sider av fjorden. Det er totalt 28 personar tilsett og vel 17,31 årsverk. Fleire er tilsett i små stillingar, m.a. for å gjennomføra vaktplanar i bibliotek og klubbdrift.

Kultureininga har frå mai overteke arbeidsgjevaransvaret for støttekontaktane med oppdragsavtalar som per i dag yt tenester til 192 brukarar. I tillegg aktiviserer eininga mange frivillige m.a. gjennom drifta av Os frivilligsentral. Kommunale overføringar til drift av Os idrettspark Bjørnafjorden KF og Oseana kunst- og kultursenter KF går over kulturbudsjettet.

Brann

Bjørnafjorden brann og redning (BBR) er brann- og redningsvesenet til Bjørnafjorden kommune, og gir tenester knytt til førebygging av og beredskap mot brannar og ulukker.

BBR har som mål og visjon å vere ein brann- og redningsteneste som er "synleg og til stades" for innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune.

BBR har eit breitt samfunnsoppdrag, noko som kjem til syne i oppdrags- og hendingstatistikken, samt i objekt og område der dei utfører førebyggjande aktivitetar.

Beredskap

Oppgåvene til avdelinga inkluderer innsats under brann- og redningsoppdrag. I tillegg kjem annan assistanse, samt ulike vedlikehalds-, øvings- og undervisningsoppgåver.

I perioden 01.01.2019 til 31.12.2023 er det registrert totalt 1 440 oppdrag i Bjørnafjorden kommune i brannvesenet sitt registreringsverktøy. Kvar år rykker mannskap frå Bjørnafjorden brann og redning (BBR) ut til i gjennomsnitt 288 hendingar – frå mindre brannforsøk til store trafikkulukker og hendingar til sjøs. BBR har hatt ei auke i oppdrag i 2022. Ut frå offisielle tal frå brannstatistikk.no (BRIS), har brannvesenet vore ute på totalt 314 oppdrag. Om me samanliknar med 2021, har me hatt ei auke på 10% i 2022. Om ein berre ser på «skarpe» oppdrag, er desse fem hendingane dei høgaste (gjennomsnittstal på hendingar per år i parentes):

- Trafikkulukke (24,6)
- Helseoppdrag bære/løfte (16)
- Ubetydeleg forureining (14,6)
- Helseoppdrag anna (13)
- Brann i bygning (11,4)

Trafikkulukker er dei vanlegaste «skarpe» oppdraga BBR rykker ut på. Det er politiet og Statens Vegvesen som har ansvaret for å førebyggje slike hendingar, men det ligg innanfor BBR sitt samfunnsoppdrag å rykke ut og handtere dei. Beredskapen for slike hendingar må difor vere på plass.

Årsmelding 2023

Oppdragstype	2019	2020	2021	2022	2023	Snitt i året	Del i %
ABA annet	-	-	-	-	1	0,2	0,1
ABA arbeid på/i bygg	-	-	-	-	4	0,8	0,3
ABA feil bruk (utgått)	38	18	40	29	-	25	8,7
ABA manuell melder	-	-	-	-	13	2,6	0,9
ABA matlaging	-	-	-	-	20	4	1,4
ABA teknisk feil	-	-	-	-	1	0,2	0,1
ABA teknisk/ukjent (utgått)	25	22	26	16	-	17,8	6,2
ABA trygghetsalarm (utgått)	-	1	-	-	-	0,2	0,1
ABA trykkfall sprinkler	-	-	-	-	3	0,6	0,2
ABA ukjent	-	-	-	-	18	3,6	1,3
ABA vaktelskap (utgått)	15	2	1	1	-	3,8	1,3
ABA vanddamp	-	-	-	-	6	1,2	0,4
ABA øvelse/service/test av anlegg	-	-	-	-	1	0,2	0,1
Akutt forurensning	5	1	4	-	3	2,6	0,9
Andre oppdrag	22	16	18	13	13	16,4	5,7
Avbrutt utrykning alarm	-	-	-	-	25	5	1,7
Avbrutt utrykning samtale	-	-	-	-	6	1,2	0,4
Avbrutt utrykning (utgått)	16	20	25	32	-	18,6	6,5
Berging av verdier	4	8	10	7	3	6,4	2,2
Bistand politi	4	3	2	2	3	2,8	1,0
Brann annet	1	3	3	2	5	2,8	1,0
Brann gjenoppblussing	1	1	-	-	1	0,6	0,2
Brann i andre båter eller skip	-	-	-	-	1	0,2	0,1
Brann i annet kjøretøy	1	-	1	-	-	0,4	0,1
Brann i buss	-	-	-	1	1	0,4	0,1
Brann i bygning	12	12	10	15	8	11,4	4,0
Brann i el installasjon u/bygning	2	1	1	1	-	1	0,3
Brann i fritidsbåt	-	2	-	3	2	1,4	0,5
Brann i gress- eller innmark	2	1	2	2	3	2	0,7
Brann i lastebil	2	1	-	-	1	0,8	0,3
Brann i motorredskap og maskiner	1	-	-	-	-	0,2	0,1
Brann i personbil	4	2	1	2	1	2	0,7
Brann i skog- eller utmark	1	-	-	1	4	1,2	0,4
Brann i skorstein	11	7	5	12	8	8,6	3,0
Brann i søppelcontainer	1	1	1	2	1	1,2	0,4
Brann i søppelkasse	-	1	-	-	4	1	0,3
Brannforebyggende oppdrag	2	-	3	-	-	1	0,3
Branntilløp i bygg annet	2	4	6	5	4	4,2	1,5
Branntilløp komfyr	2	4	5	5	6	4,4	1,5
Branntilløp utenfor bygg	2	3	3	1	3	2,4	0,8
Dyreoppdrag	3	8	6	7	7	6,2	2,2
Falsk ABA (utgått)	13	11	9	8	-	8,2	2,8
Heisstopp	2	-	2	3	2	1,8	0,6
Helseoppdrag annet	17	16	12	10	10	13	4,5
Helseoppdrag bære/løfte	11	13	9	20	27	16	5,6
Intern hjelpetjeneste	3	1	1	-	-	1	0,3
Naturhendelse annen	1	1	-	-	-	0,4	0,1
Naturhendelse annet skred	-	1	-	1	-	0,4	0,1
Naturhendelse flom	-	4	-	-	-	0,8	0,3
Naturhendelse vind	1	1	1	2	2	1,4	0,5
Oppdrag fra andre alarmer	1	-	-	-	-	0,2	0,1
Person i vann	2	-	1	3	-	1,2	0,4
Ras konstruksjon	-	-	-	1	-	0,2	0,1
RVR uten foregående innsats	6	3	7	5	7	5,6	1,9
Trafikkulykke	34	20	17	27	25	24,6	8,5
Trussel om selvdrap	-	3	-	-	1	0,8	0,3
Ubetydelig forurensning	14	18	14	13	14	14,6	5,1
Uhell farlig stoff uten utslipp	-	1	-	-	-	0,2	0,1
Ulykke båt eller skip	-	-	-	-	2	0,4	0,1
Ulykke/redning annet	-	1	-	1	-	0,4	0,1
Unødig alarm privatmarked	-	-	-	-	15	3	1,0
Unødig alarm vaktelskap (utgått)	-	6	7	11	-	4,8	1,7
Unødig andre alarmer	1	-	1	-	-	0,4	0,1
Unødig kontroll av melding	16	21	23	21	29	22	7,6
TOTALT:	301	263	277	285	314	288	100

Oversikt over oppdrag i perioden 01.01.2019 til 31.12.2023 for BBR. Kjelde: brannstatistikk.no [14.01.2024].

Automatiske brannalarmer (ABA-hendingar) utgjør 68,4 årlege hendingar, eller 23,8 % av alle oppdrag. Totalt utgjør ABA-hendingar, avbrotne utrykkingar og unødige alarmer 123,4 oppdrag i året, eller 42,8 % av alle oppdraga til BBR. På landsbasis har ABA-hendingar, avbrotne utrykkingar og unødige alarmer utgjort 56,4 % av alle oppdrag i perioden 2019-2023. Det er iverksatt fleire tiltak for å redusere talet på unødige utrykkingar i kommunen. Dette er også eit nasjonalt problem. Målet er å redusere kostnadane, unngå samtidighetskonfliktar og redusere risikoen for skader under utrykningskøyring.

Førebyggjande

Brannførebyggjande avdelinga til BBR er delt inn i tre seksjonar:

Seksjon for bustadbrannsikkerheit har ein fagleiar, tre brannførebyggjarar og ein hjelpearbeidar. I tillegg er det to lærlingar i brannførebyggjarfaget.

Seksjon næringssikkerheit har ein branningeniørstilling. Per januar 2024 står denne vakant, men det er tilsett ein person i denne stillinga, som startar våren 2024. Innbyggjartalet i kommunen tilseier at det minst skal vere 2,56 årsverk ved seksjonen; ifølgje brann- og redningsvesenforskrifta § 8 skal brannførebyggjande arbeid etter forskrift om brannførebygging utførast med minst eit heilt årsverk per 10 000 innbyggjarar.

Seksjon personsikkerheit utfører oppgåver knytt til risikoutsette grupper. Seksjonen har ingen egne tilsette; oppgåvene utførast av personell frå dei to andre seksjonane.

Det brannførebyggjande arbeidet har i 2022 vore som tidlegare år. Seksjonen utfører risikobasert bustadtilsyn og behovsprøvd feiing. Det er registrert 10 590 skorsteinar og 14 245 eldstader i kommunen, som brannførebyggjande avdeling skal føre tilsyn med og feie ved behov. Det inneber at vi går tilsyn og feier ved behov ut frå kriterium som type skorstein, ildstad, alder på bolig, alder på bebuarar, og type byggverk. Dette gir ein prioriteringsliste for kvar seksjonen skal gjennomføre boligtilsyn.

I mars flytta endeleg Bjørnis inn på stasjonen. Han har vore på fleire oppdrag og delteke på ulike offisielle arrangement i heile kommunen. Brannvernveka i september vart markert ved at alle barnehagane i kommunen fekk besøk av Bjørnis, samt at den årelange tradisjonen med «Open brannstasjon» kunne gjennomførast. «Open brannstasjon» vart ein suksess, med rekordstort oppmøte, både i Eikelandssosen og på Os brannstasjon. Røykvarslaren sin dag, 1. desember, hadde me stand saman med det lokale el-tilsynet på begge kjøpesentera i kommunen. Her delte me ut batteri til røykvarslaren, og dei som ønska det fekk råd og rettleiing om brannførebygging og el-tryggleik. Skule- og barnehageopplæringa vart gjennomført som tidlegare år der 6. klasse får undervisning som inneheld teori og praktisk sløkkeøving, medan me i barnehagane nyttar eit nasjonalt Bjørnis-undervisningsopplegg.

Brannførebyggjande avdeling samarbeider med ei rekkje andre kommunale tenester. Per i dag har førebyggjande avdeling ein intensjonsavtale om samarbeid med følgjande tenester i kommunen:

- Heimetenester (inkludert heimesjukepleie)
- Flyktningtenesta
- Ambulerande miljøtenester for vaksne
- Bustadkontoret • Nav Bjørnafjorden
- Vartun oppfølgingsteneste (rusoppfølging)
- Psykisk helse
- Barneverntenesta

Intensjonsavtalane følgjer ein mal som viser til eit ønskje om samarbeid. Avtalen er med på å formalisere rammene for samarbeidet. Det opnar også for eit meir systematisk samarbeid som evaluerast jamleg. Faste kontaktpunkt med tenestene varierer ut frå behov og kva arena BBR kan samhandle med dei på. Det er også ein god måte å synleggjere BBR si teneste for andre tilsette som jobbar med risikoutsette brukargrupper og tar ned terskelen for å melde bekymringsmeldingar til BBR.

Som medlemskommune i brannsamrådet Vest brann- og redningsregion (VBR), har førebyggjande avdeling hatt ei aktiv rolle i fagutval for brannførebyggjande arbeid og i 2022.'

HMT

I brannmannsyre har me alltid trudd at ein har vore flinke på HMT, og flinke til å beskytte oss sjølv. Ved brannsløkking og røykdykking vert brannfolk eksponert for kreftframkallande kjemikaliar og partiklar. Dette absorberast ikkje berre gjennom innanding, men også gjennom huda.

I dag finst det dessverre ikkje utstyr som kan beskytte ein brannkonstabel eller brannførebyggjar 100% mot eksponeringa, men det kan gjerast ei rekkje tiltak for å redusere eksponeringa for disse stoffa. Me har i fleire år no hatt stort fokus på dette og skapa gjennomtenkte ureine og reine sonar, samt at me har stort fokus på reinhald av klede/utstyr og bilar. Me har igjen ein del avvik på garderobetilhøve og tilpassing av reine og ureine sonar på brannstasjonen. Det arbeidast i desse dagar med å prosjektere/byggast ei tilpassing og nybygg for å ivareta desse problemstillingane, og me reknar med at dette skal vere på plass i 2024.

Eininga har eit lågt tal med sjukefråvær. I 2022 hadde eining eit samla sjukefråvær på 7,37% prosent. Likevel er det driftsmessige utfordringar då terskel for ei sjukemelding for operative stillingar er låg og ein må setja inn vikar då me ikkje kan ha vakante stillingar på vaktordninga. I tillegg skape det økonomiske utfordringar då eininga ikkje får refusjon frå NAV då vaktpersonalet har ein liten stillingsheimel.

Eigedom Drift

Eigedom Drift har 25,3 årsverk, beståande av 3 avdelingar. Me har drift og vedlikehaldsansvar for ca 160.000 m² bygningsflate. I tillegg drifter me parker, plener, beskjæring av busker og trær med 3 årsverk på gartnersida. Dei har og ansvaret for bossrenovasjon i sentrum.

Når vinteren kjem har me strøing og brøyting på agenden inne på eigedomane våre.

Vi har ca 11000 oppgåver i Dalux FDV for 2023. Av dette utgjør innmelding på Dalux Helpdesk fra andre einingar i kommunen 4405 oppdrag.

Samferdsle

Samferdsle har drifts og vedlikehaldsansvar for omlag 20 mil med veg, 48 bruer og kaier.

Vi har fleire kaier som er stengt grunna lite midlar til vedlikehald.

Trafikksikring har eit stort fokus hos oss, vi gjennomfører mindre trafikksikringstiltak heile året. Vi har trafikkteilar som er eit godt hjelpemiddel når vi skal vurdere om behov for fartsreduserande tiltak.

Hjartesoneprosjektet har starta opp og det har vore gjennomført møter med Nore Neset Barneskule, på sikt skal alle skular

Vi har og blitt godkjend som trafikkssikker kommune, det var eit av måla i den nye Trafikkssikringsplanen.

Vinterdrift har fått mykje fokus det siste året, det er mykje meiningar om korleis dette skal gjennomførast. Men vi har ein strategi for vinterdrift som seier når entreprenørane skal rykke ut.

Drift og vedlikehald av veglys.

Vestland fylkeskommune tok over drift av veglys langs fylkesvegar i oktober og med det mister vi det årlege tilskotet. Dette tilskotet har dekke store delar av vedlikehaldet på alle veglys.

Vinterdrift har fått mykje fokus det siste året, det er mykje meiningar om korleis dette skal gjennomførast. Men vi har ein strategi for vinterdrift som seier når entreprenørane skal rykke ut. Vi er inne i siste sesongen med denne kontrakten og ny strategi må utarbeidast.

Vatn

I Bjørnafjorden kommune har vi 5 vassbehandlingsanlegg, 2 på vestsiden og 3 på austsiden.

Vi har og eit krisevassverk som kan nyttast ved større leidningsbrot på Ossida, men det krev da at abonnentene kokar vatnet.

Vi har omlag 270 kilometer med vassleidningar, 8 høgdebasseng og 6 trykkaukingstasjonar.

Avløp

Vi har 61 pumpestasjonar og vi arbeider med å få alle inn på driftsovervåkinga. Det er og fleire pumpestasjonar som treng ein oppgradering i høve HMS, men dette må vi utføra over fleire år for å unngå for store driftsutgifter.

Vi har starta arbeidet med ein plan for tilsyn og oppgradering private avløpsanlegg i høve kapittel i forurensningsforskrifta. Planen kjem til politisk orientering.

Vi har og fokus på fremmedvasssporing på leidningsnettet. Vi setter ut mengde-målarar og analyserer resultatane.

Vi har 5 kommunale reinseanlegg der OHARA er det største.

Vi har omlag 3000 private avløpsanlegg i kommunen. Vi arbeider og med ein plan for oppfølging og tilsyn som kjem opp som ein orienteringssak til dei ulike utvala

Innbyggarservice

Innbyggarservice blei oppretta frå august 2021 og blei organisert under Samfunnsutvikling. Oppgåver som ligg til Innbyggarservice er arkiv, utvalssekretariat, val, kommunikasjon, nettsider, publikumsmottak og sentralbord. Tilsette i Innbyggarservice skal vere pådrivarar, rådgjevarar og utfordrarar til å utvikle desse fagområda vidare med fokus på digitalt førsteval for innbyggjarane.

Alle tilsette i Innbyggarservice skal svare, forklare og ta i vare våre oppgåver på vegne av kommunen. Vi skal bidra med gode svar og løysingar som gjer folk i stand til å gjere det dei treng/ønskjer.

Næring

Kommunen har ikkje lenger ein eigen næringssjef, men fagområdet blir tatt i vare av kommunalsjef i samarbeid med kontorsjef. I tillegg har ordførar/varaordførar møter og kontakt med etablert og nytt næringsliv. Bjørnafjorden er ein attraktiv næringskommune, særleg med etableringa av Lyseparken og Samnøy næringsområder. Det har vore arbeidd godt med desse næringsområda i 2023 og vi har store forventningar til spennande etableringar i åra som kjem.

Kommunen har eit godt og tett samarbeid med Bjørnafjorden Næringsråd, som driftar gründerparken på vegne av kommunen. I tillegg arrangerer næringsrådet jamlege frukostseminar og den store Bjørnafjordkonferansen.

Utvikling og utfordringar

Prosjekteininga

Arbeidet med vidare implementering og utvikling av prosjektstyringsverktøyet Dalux har pågått gjennom heile året.

Kontinuerleg styrking av prosjektavdelinga sin kompetanse på innkjøp, tilbudsfasen og utførelsefasen er viktig. Det har vist seg gjennom året at det er vanskeleg å rekruttere personell med rett og god kompetanse.

Prosjektavdelinga har redusert bemanninga. Ein stilling innanfor byggområdet og ein stilling innanfor VA-området er ikkje erstatta med bakgrunn i tilpassa prosjektportefølje. Fagleiar VA er bestemt i høve omorganisering innanfor SU skal flyttast til eininga Samferdsle VA, men fortsatt ikkje tilsett. Dei viktigaste oppgåvene er blitt løyst med personell både frå prosjektavdelinga og Samferdsle VA.

Usikkerheit i høve omorganiseringsprosessen i SU og tilbod i arbeidsmarkedet har ført til høg turn-over.

Plan og byggesak

Plan

Kommunen hadde ein nedgang i ordinære plansaker til behandling samanlikna med 2022. Etter vedtak av KDPA for Bjørnafjorden Vest i mai, har vi derimot at fleire ønskjer å gå i gang att med saker som har blitt liggande i påvente av ny KDPA, og ein auka pågang frå innbyggjarar som ønskjer å starte opp planarbeid. Gebyrinntektene viser at vi har hatt ei høg aktivitet samla sett gjennom året.

Kommunen har hatt fokus på å rettleie tiltakshavarar over på forenkla endring framfor dispensasjon, og vi har hatt ei solid auke frå 7 til 13 søknadar om endring av plan etter forenkla prosess.

Avdelinga behandla 2 klagesaker. Begge sakene blei stadfesta av Statsforvaltaren.

Kommunedelplan for bjørnafjorden vest: Motsegna til Statens vegvesen, Vestland Fylkeskommune, NVE og forsvaret ble løst gjennom administrativ dialog. I tillegg ble det gjennomført 2 meklingsmøter med Statsforvaltar i Vestland. Planen blei vedteke i mai 2023.

Partnerskap

Planeininga har deltatt og koordinert kommunen sitt arbeid i miljøløftet, vegkart til grønn konkurransekraft og boligforum.

Byggesak

Det har vore ein stor nedgang i nye byggesøknadar. Samstundes har det vore krevjande arbeid å implementere ny arealdel til kommuneplanen for Bjørnafjorden vest. 2023 var også det fyrste heile året etter at bemanninga på avdelinga blei redusert frå hausten 2022. Vi har likevel lukkast med måla på tal saker som går over frist, der det har vore totalt 7 saker gjennom 2023 som har gått ut på frist.

På tilsyn og ulovlegheit har det vore eit betre år enn i 2022, men med 2 tilsette er vi sårbare for sjukemeldingar, og vi har hatt eit årsverk heilt eller delvis sjukemeldt i om lag heile 2023. Dette gjer at det berre har vore ressursar til å følgje opp dei viktigaste sakene, og at vi ikkje har hatt kapasitet til å ta tak i alle saker vi ønskjer.

I tillegg til det ordinære tilsyns- og ulovlegheitsarbeidet, har vi hatt eit prosjekt for å få avslutta tiltak som var ferdigstilt med ferdigattest. Dette har resultert i om lag 50 saker som no er avslutta med ferdigattest.

Kart og Oppmåling

Gebyrinntektene for saker etter matrikkellova i 2023 er langt under budsjettet. Dette gjer at sjølvkostområdet går med underskot.

Eininga har store utfordringer knytta til matrikkelkartet i «gamle Fusa kommune». Mange eigedomar er ikkje registrert i kartet eller berre registrert som «sirkeleigedomar». Rapportar frå matrikkelen viser at 436 eigedomar mangler heilt eller er registrert som sirkeleigedomar (har ukjent grenseforløp). Som ein følgje av dette må ein nytte mykje tid til førebuing i kvar sak før ein kan kalle inn til forretning. Når eigedomane ikkje viser i kartet er dette også eit problem for andre einingar som td byggesak, og sakshandsaminga blir ikkje like effektiv.

Skal eininga få betra kvaliteten på matrikkelen, må vi få tilført meir ressursar.

Landbruk

Landbrukskontoret ser framover med fokus og engasjement for å møte de komplekse utfordringane landbruket står overfor. Gjennom året som kjem, vil vi fortsette å utvikle og implementere strategiar som støttar våre kjerneverdier.

Kultureininga

Kultureininga er i stadig forming. Vinteren 2022 er starta det opp eit endringsarbeid for å gjennomgå organisering og arbeidsoppgåver i lys av endra økonomiske rammer. Dette arbeidet er sett på vent for at ny overordna organisering av Samfunnsutvikling skal landast først.

Kulturarbeidet i Bjørnafjorden kommune har for alvor vakna etter år prega av korona og post-korona, sjølv somme område stadig merkar at det er nye tider. Oseana har slite med å fylla opp salane, men melder at hausten 2023 var betre. Frivilligsentralene ser at dei må nyrekruttera frivillige. For frivilligsentralen er det kome til ny aktivitet i vår-halvåret med tilbod om demenskor og nytt språktreff på biblioteket i samarbeid med flyktningtenesta. Begge hadde god tilstrøyming i løpet av hausten. Det er også ei ny satsing på aktivitet med unge frivillige.

Kultur er involvert i fleire spennande samskappingsprosjekt både med friluftsanlegg som på Vinnesholmen, i Televika og på Baldersheim. Det er også starta opp eit spennande utviklingsarbeid for uteområdet på Fusa ungdomsskule. I tillegg er det eit stort trykk på formidling av spelemlidar til både kommunale og private prosjekt.

Arbeidet med Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv er i ferd med ta form i eit tverrfagleg samarbeid med tilsvarande planar på andre sektorar og det overordna arbeidet med ny samfunnsplan. Planarbeidet blir viktig for å setja retning i bygging av ny kommune på kulturfeltet. Samstundes er stort trykk på dagleg drift som gjer det utfordrande å prioritera nok tid til planarbeid.

Budsjettet for 2023 gav ikkje rom for å få bygd om Kommunesynet til meirope bibliotekstilbod. Dette er eit sagn for å få eit likeverdig bibliotekstilbod på begge sider av fjorden. Vi ser også at lokala til hovudbiblioteket på Os avgrensar kva tilbod og tenester vi kan yta til publikum. Noverande leigeavtale går ut i 2027.

Kultur har hatt ein utfordrande arbeidssituasjon over tid med langtidssjukemelde og stillingsreduksjonar. Forventningar om levering som er nedfelt i budsjettvedtak og andre vedtak, kjennes å vera i utakt med dei personalressursar og budsjett vi har å jobba med. Reduksjon i budsjett og prisauke gjer at handlingsrommet er redusert. Vi ser dette særleg tydeleg på biblioteket og i støttekontakttenesta. Frie tilskotsmidlar er sterkt reduserte og driftsmidlar for å skapa aktivitet i nærmiljøa for prioriterte grupper blir også mindre år for år. Situasjonen er samla sett krevjande.

Brann

I høve til dagens risikobilde, er det fleire endringar – både lokalt, regionalt, nasjonalt, og elles – som vil føre med seg endringar og utfordringar for BBR. Lista nedanfor er ikkje uttømmende, men viser dei som ein no ser er viktige å vurdere:

- BBR skal organisere, bemanna, og utrusta brann- og redningsvesenet basert på ei risiko- og sårbarheitsanalyse, førebyggjandeanalyse, og beredskapsanalyse. I løpet av året er det arbeidd med fleire dimensjonerande analyser for brann- og redningsvesenet som eit resultat av nye krav i ny forskrift. Funn i analysane viser nokre område som kan betra, og analysen vil forhåpentlegvis bli lagt fram for politisk handsaming i løpet av våren 2024.
- Ein større del av innbyggjarane er eldre, noko ein rekner med vil auke i åra framover. Dette fører til fleire personar i risikoutsette grupper, og det kan føra til redusert moglegheit for rekruttering, særleg til Eikelandsosen brannstasjon.
- Fleire elektriske køyretøy og båtar, inkludert ferjer og elektriske sparkesyklar.
- Auka bruk av ladarar til elektronisk og elektrisk utstyr, som mobiltelefonar, nettbrett, m.m.
- Fleire verksemder og privatpersonar nyttar solceller.
- Større digitalisering og avhengigheit av digitale løysingar, noko som fører til større sårbarheit ved straumutfall eller svikt i IKT- og kommunikasjonssystem. Samstundes fører digitaliseringa med seg ny teknologi og arbeidsmåtar, og den vil fortsetja å føra med seg enorm auke i informasjonsflyt.
- Den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa, mellom anna etter at Russland gjekk til angrep på Ukraina i februar 2022, samt Israels krigføring på Gazatripen.
- Klimaendringane kan føra til fleire vêrrelaterte hendingar, som ekstremnedbør, ras/skred, og tørkeperiodar. Det er utarbeidd ein nasjonal heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet i Noreg, og resultatet av denne vart publisert i ein rapport i juni 2023. Arbeidet vart venta å resultera i ei melding til Stortinget i november 2023, men denne er utsett. Den kan føra med seg endringar for alle landet sine brann- og redningsvesen.
- BBR har ansvaret for å følgja opp saker om forureining i kommunen. Tidlegare låg dette ansvaret til ei anna avdeling internt i kommunen, men det er no flytta til BBR. Det er eit stort behov for fagekspertise innanfor skadar på ytre miljø for å sikra effektiv og korrekt handtering av forureiningssakar.

- Bygginga av Hordfast, med stor sannsyn for påfølgjande endring av transport- og reisemønster.

Eigedom Drift

Eigedom Drift har fokus på utvikling. Me har to store prosjekter på gang med tanke på oppdatering av teikningsgrunnlaget til kommune og adgangskontroll/låssytemer til alle kommunale bygg er prioritert. Dette er prosjekter som går over fleire år.

Samferdsle

Vinterdrift er ein stor utfordring for samferdsle, det har vore ein har vinter med mykje vær. Mykje vær fører og med mykje skader på vegane våre.

Dette fører til at etterslepet vokse noko som vi ser i hovduplan veg som er utarbeida og har vore oppe til politisk handsaming. Vi hadde eit etterslep på omlag 120 millionar kronar når plana vart utarbeida.

Vi ser og ein aukande tendens til hendvingingar om skade på bil etter å ha køyrd i hol på kommunale vegar, dette er konsekvensen av lite midlar til vedlikehald.

Rett før nyttår fekk vi og eit varsel frå BKK Nett om at det skulle opprettast omlag 200 nye abonnement på veglys. Dette vil medføre ein ekstra utgift på omlag 0,5 mill som vi ikkje var klar over i budsjettprosessen. Saken om tilbakeføring av veglys i private veger har vore opp til politisk handsaming.

Vi har og tatt i bruk eit nytt system for oppfølging av veglys Dokflyt. Dette forenklar samhandlinga vår med veglysentreprenøren.

Vi har og starta opp arbeidet med å sjå på nedklassifisering av kommunale vegar.

Vatn

Som nemnt tidlegare har vi hatt svært mange brot i 2023, til saman 15 stykk. Eitt av desse var i 3. tertial. Fleire av desse brota har vore utfordrande sidan dei har skjedd på fylkesvegar med både kollektivtrafikk og annan trafikk. Vi har måtta stenge denne fylkesvegen tre gonger og omdirigere all trafikk. Dette krev mykje mannskap og planlegging. Sju av brota har vore på asbestledningar, noko som krev ekstra føre-var-tiltak for oss som skal utbetre dei. Fem av brota har òg skjedd i kvikkleireområde, noko som vanskeleggjer utbetringa med omsyn til tryggleiken for mannskapet som skal arbeide der.

Det starta med eit brot i Midtskogvegen, deretter i Byvegen. Brotet i Byvegen førte til at det kom rusk i ein reduksjonsventil som førte til høgare trykk på leidningsnettet i sentrum. Det høge trykket førte til fleire brot på leidningen i Byvegen og Giskavollen. Alle brota førte med seg mykje spørsmål frå abonnentar.

Brotet på eine råvassleidningen i Gåssandvatnet var utfordrande og vi gikk difor gått til hasteanskaffing av ny råvassleidning. Vi har

I Holmefjord er anlegget for fjerning av arsen tatt i bruk og vi får godkjende vassprøver.

Avløp

Straumutgifter er utfordrande på avløp. Det jobbes med energieffektivisering på OHARA, dette er og eit krav i utsleppsløyve vårt.

OHARA

Nytt avløpsdirektiv har vore på høyring, om dette vert vedteken i EU kan det medføre at det må inn eit reinsettrinn på OHARA.

I Ådnavika har vi fått eit nytt minirensanlegg , som er ein viktig del av oppryddinga i spredt avløp.

Utvalde resultat

Plan og byggesak

Plan

Etter fleire rundar i mekling med Statsforvaltaren, blei ny KDPA for Bjørnafjorden Vest vedteke i mai 2023 utan attståande motsegn frå andre relevante sektormynde.

Vi har arbeid med områdeplanar for Osøyro, Strandvik og Hauge. Arbeidet blir vidareført i 2024.

Sykelstrategi for Bjørnafjorden blei vedteke sommaren 2023. Vi må ha ferdig reguleringsplanar å kunne prioritere aktuelle større tiltak i Handlingsprogram for Miljøløftet 2026-2029. Vi arbeidde vidare med reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Lyseparken til Søfteland. Planarbeidet fortset i 2024. Gjennom arbeidet med Miljøløftet har vi fått Vestland fylkeskommune til å starte reguleringsplan for gang- og sykkel frå Finnebrekkakrysset – Oselva bru. Vi starta opp arbeidet med Grøn mobilitetsstrategi og vil fullføre denne i 2024.

Byggesak

I 2023 gjorde byggesaksavdelinga over 1000 vedtak. Om lag 350 av desse var nye byggjesaker, om lag 100 delesaker, mens resten var vedtak om igangsetting, mellombels bruksløyver eller ferdigattestar.

Vi har registrert totalt 7 saker som gjekk over frist. Målsettinga var mindre enn 10 saker over frist. Det samla gebyrtapet var på om lag 50 000 kroner. Ein må rekne med at nokre saker vil gå over frist som følgje av stort arbeidspress i periodar, og manglar i samhandlinga med andre avdelingar, men avdelinga har stort fokus på å levere innan fristen, og har ei intern målsetting om at saker skal gjerast ferdig innan 2 veker i saker med frist på 3 veker, og innan 8 veker i saker med 12 veker frist.

Kultureininga

Kultureininga kvalitetssikra og handtert 27 søknader om spelemidlar til ordinære idrettsanlegg og 8 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg som vart innsendt til søknadsfrist 15. januar.

Det er også gjort ein god tverrfagleg innsats for å få fleire arrangørar og aktive brukarar av Friskus med heile 34 nye i 2023. Vi har også hatt ei særskild positiv utvikling for BUA med stort trykk på utlån gjennom sommaren og vi var tett på å nå målet om 3000 utlån på årsbasis.

Det er også god aktivitet i biblioteka våre. Sommarles-kampanjen har veldig god oppslutnad blant barn og unge og bidreg til at mange barnefamiliar er flinke til å bruka biblioteka gjennom sommaren. På hausten hadde biblioteket sin årlege litteraturfestival.

Støttekontakttenesta leverer svært gode resultat for oppfølging av vedtak, sølv om dekningsgraden kjekk noko ned i løpet av året. I samband med handsaming av Pwc-rapport for

helse- og omsorgssektoren har kommunestyret gjort vedtak om at tenesta skal spare kostnader med å gå over til fleire gruppetilbod. Av 192 som har tilbod i dag, får 24 sitt tilbod i grupper, eller vel 13%.

Frivilligsentralen har fått i gang eit tilbod om demenskor som gjev eit tilbod til omlag 15 deltakarar frå heile kommunen. Sentralen har søkt og fått tilsegn om 100.000 kroner i tilskot frå Sparebanken vest til tilbodet. Det organisatoriske ansvaret vart i løpet av året overteke av Bjørnafjorden demensforening, men i eit samarbeid med Os frivilligsentral.

Det er fordelt 645.000 kroner i lokale kulturmidlar til 31 organisasjonar etter søknad. Kultureininga har fordelt vel 430.000 kroner i statlege tilskot til lokale integreringstiltak i regi av lag og organisasjonar til 15 ulike tiltak.

I vårhalvåret har kultureininga gjennomført ei kartlegging av frivillig sektor i samarbeid med Frivillighet Norge. Det kom inn svar frå i alt 120 organisasjonar.

Kultureininga hjelpte til med gjennomføringa av 43 vigsler i 2023 noko som var omslag på same nivå som dei to føregåande åra. Kulturarbeid er så mangt...

Eigedom Drift

1).Eigedom drift har i 2023 hatt eit prosjekt med å skifte ut tekniske anlegg vedrørende bassendriften for Eikelandssosen Symjehall pga gammel og utdaterte løysninger. I tillegg var det uoversiktlige løysninger på kordan energitekniske løysninger var montert. Samfunnshuset og bassenget var koble opp mot en 40 år gammel elkjel som gir en effekt på 1:1, som igjen var koble opp mot kommunen sitt energisystem.

Bassenget er nå koble opp mot den nye Fusa Ungdomskule sin varmepumpe som gir 1:3 effekt. Den gamle elkjelen er nå fjernet. Videre er alt som hører til samfunnshuset nå koble opp mot deires måler. Tidligere tok kommunen hele strømregningen på seg.

2). Eigedom Drift har fått på plass eit nærmiljøanlegg på Søre Øyane barneskule i tråd med prioritert liste.

3). Den største prioriterte oppgaven har vært å ha stor budsjett disiplin med tanke på å få til eit godt økonomisk resultat ved budsjettårets slutt. De har me klart.

4). Innførte nytt FDV program (Dalux FM) i 2023. Ein kjempestor oppgåve med å flytte alle systemer og komponenter fra Famac til Dalux FM.

Samferdsle

Vinterdrifta er ein gjenganger, og ein utfordring. Før neste anbudsrunde må strategien vurderast og kva nivå ein skal levere tensesten på.

Vatn

Arsenfilteret på Holmefjord fungerer og det er gode nyheiter for alle som er tilknytta dette vassverket.

Avløp

Vi overheld reinsekrava på OHARA og anlegget fungerer bra.

Viktige hendingar

Kultureininga

Kultureininga har i samarbeid med Den ukrainske foreininga i Bjørnafjorden, hjelpt til ved markering av eittårsdagen for krigsutbrotet i Ukraina 23. februar. Det var fakkeltog på Osøyro med fleire hundre deltakarar og appellar og kulturinnslag frå scene ute i Vognhallen.

15. mars hadde vi ein vellukka interkommunal kursdag for kulturfeltet i Oseana i samarbeid med Askøy, Alver og Øygarden som ein del av arbeidet IKKUS (Interkommunalt kultursamarbeid).

Kultureininga hadde regien på markeringa av 8. mai i Minneparken. I år hadde vi opa samling i Kløvertun etterpå med informasjon om m.a. veteranplan.

Når det gjeld feiringa av 17. mai i kommunesenteret hadde vi for første gang på mange år ein eigen 17. mai-komité med ansvar for arrangementet. Kultursjef var med i komitéarbeidet og på sjølva dagen, men vi lukkast med å få fleire frivillige engasjert. Programmet var noko forenkla med hovudarrangementet i Minneparken i forkant av prosesjon. Det var eit vellukka grep og det var mykje folk ute langs ruta som også var lagt om grunna vegarbeid i Landboden.

Hausten 2023 hadde dei to frivilligsentralane ansvaret for TV-aksjon som gjekk til Redd barna. Det kom inn 1,5 mill der vi hamna på 177. plass av 357 kommunar. Før jul gjennomførte frivilligsentralane ein førjulsaksjon for å hjelpe dei som slit økonomisk i dyrtida. 301 barn og unge fekk oppfyll eit julegåvønske og 288 einskildpersonar og familiar fekk økonomisk støtte til mat og julekos. Det som gjekk under namnet Hjartetre-aksjonen hadde god støtte frå både næringsliv, lagsliv og einskildmenneske i Bjørnafjorden. Behovet er diverre stort, men hjartevarmen heldigvis god i kommunen vår.

Eigedom Drift

Har fått på plass et nytt FDV program Dalux FM. Det er nå integrert i kvalitetsystemet og tilgjengelig for alle leder og andre ressurspersonar.

Det har vært et kjempetøft år med fokus på økonomi. Eigedom drift har pga den økonomiske stoda redusert vedlikehaldet til omtrent null. Driften har blitt skjerma for å unngå utfordringa med inn klima og andre akutte driftsoppgåver på bygga våre. Lovpålagte oppgåver må ein ta hand om uansett.

Vatn

Hausten vart drift av vatn og avløp lyst ut. Kontrakten vi har med Bergen Vann er inne i sitt siste år. Vi valgte å konkurranse med forhandling.

Næring

Rett før jul sto tømmerkaia på Samnøy ferdig, berre eitt år etter at arbeidet med Samnøy Næringsområde tok til. Det heileigde kommunale aksjeselskapet Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS har hatt ansvaret for utviklinga av Samnøy, med Helldal AS som utførande entreprenør. Dei har også fått oppdraget med å tilretteleggje for Bolaks AS sitt oppdrettsanlegg på land på Samnøy.

Status økonomi

Beløp i 1000

Fagområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
40-Samfunnsutvikling - Fagstab	-5 337	-3 803	-5 052	-1 249	-24,7 %
41-Landbrukskontoret	3 018	3 941	3 386	-555	-16,4 %
42-Næringsavdelinga	14 546	1 173	1 435	262	18,3 %
43-Prosjekteininga	510	563	506	-57	-11,2 %
44-Plan	8 875	6 858	8 032	1 174	14,6 %
45-Byggesak	0	0	0	0	0,0 %
46-Kart og Oppmåling	840	3 115	1 139	-1 976	-173,5 %
47-Kultureininga	31 903	36 356	35 261	-1 095	-3,1 %
48-Brann	26 979	30 305	24 495	-5 810	-23,7 %
49-Eigedom Drift	46 368	41 228	49 344	8 116	16,4 %
50-Samferdsle	26 337	28 122	20 133	-7 989	-39,7 %
51-Vatn	0	3 386	0	-3 386	0,0 %
52-Avløp	1 067	-1 067	0	1 067	0,0 %
53-Innbyggarservice	13 891	14 387	15 140	753	5,0 %
59-Kalkulatoriske postar - sjølvkost	-75 925	-86 390	-85 936	454	0,5 %
Sum	93 069	78 175	67 883	-10 292	-15,2 %

Kommentar til status økonomi

Oppsummering

- Samfunnsutvikling har eit meirforbruk på om lag 10,3 mill kr.
- 3,3 mill kr av desse er fremførbart underskot som ein vil få igjen i løpet av dei neste åra.
- Snøbrøyting hadde eit meirforbruk på 6,8 mill kr.
- Brann og redning hadde eit meirforbruk 5,8 mill kr.
- Eigedom drift har gjort ein rekke tiltak for å kompensere for meirforbruket, noko som resulterte i eit mindreforbruk på 8,1 mill kr.
- Kart og oppmåling hadde sviktande inntekter og hadde eit underskot på om lag 2,0 mill kr. Dette underskotet er ikkje fremførbart.

Samfunnsutvikling - fagstab

Meirforbruket på ca. 1,25 mill. kr er i all hovudsak knytta til mindre inntekter frå konsesjonskraft som følge av endringar i regelverket.

Næringsavdelinga

Noko av mindreforbruket kjem som følge av meirinntekter frå husleigeinntekter. I tillegg har me fått refundert noko kostnader knytta til prosjekt «Grøn Bjørnafjord» frå fylkeskommunen som ein kostnadsførte i 2020.

Prosjekteininga

Prosjekteinga har eit mindre meirforbruk, men i hovudsak drifta innafor tildelte rammer.

Plan

Ein del vakanse gjennom 2023 har medført mindreforbruk til lønn. I tillegg er det nokre meir inntekter på private planer som følge av ei økning i private planinativ, noko som har medført at sjølvkost er i nærleiken av 100% for 2023.

Byggesak

Isolert gjekk byggesak med eit underskot på om lag 2,3 mill kr. Dette var noko større en det ein forventa, men var i all hovudsak knytta til å bruke opp sjølvkostfondet. Dette er no tilnærma brukt opp, og gebyrene for 2025 må sannsynligvis settas noko opp for å gå i balanse.

Kart og oppmåling

Meirforbruket er knytta til sviktande inntektsgrunnlag. Dette skuldast mindre aktivitet knytta til oppmåling og matrikkulering. Som følge av dette blei 1 stilling holdt vakant, og deretter kutta for å ta ned bemanninga.

Landbrukskontoret

Landbrukskontoret har i det store holdt budsjetta knytta til driften. Meirforbruket skyldas i sin heilhet som følge av økte kostnader knytta til veterinærtenestane i distrikt 56.

Kultureininga

Meirforbruket skuldast at budsjettet for støttekontakt blei overført fra sektor Helse til sektor samfunnsutvikling. Dette området har hatt eit større meirforbruk i lengre tid. Tiltak med å få ned meirforbruket er noko av det som blei vedtatt i PwC rapporten og jobbas no med i samarbeid mellom helse og kultur.

Brann og redning

Brann og redning har eit større meirforbruk på om lag 5,8 mill kr. Dette kjem som følge av økte kostnader knytta til 110-sentralen. I tillegg er det eit større meirforbruk knytta til lovpålagt opplæring av de tilsette. Videre er det eit meirforbruk til overtidsbruk, noko ein har arbeid for å få ned gjennom 2023. Resultata til no viser at ein truleg har klart å halvere overtidsbruken, noko som vil gje eit betre utgangspunkt for 2023.

Eigedom drift

Grunna eit større meirforbruk på andre einingar har ein gjennom 2023 gjort ein rekke tiltak for å kompensere for dette. Eigedom drift har klart å oppnå eit mindreforbruk på om lag 8,1 mill kr for å kompensere meirforbruk på andre einingar. Dei største besparelsene er knytta opp mot å holde stillingar vakante, i tillegg til noko meir redusert vedlikehold på enkelte områder. I tillegg har ein gjort ei rekke tiltak for å spara straum.

Samferdsle

Meirforbruket er i hovedsak knytta til vintervedlikehold (snøbrøyting). Budsjettet var 6,0 mill, noko som var ei økning på 2,0 mill frå 2022. Resultatet blei 12,8 mill kr knytta til snøbrøytingsavtalar, tilsvarende 6,8 mill kr. meirforbruk knytta til dette. Resterande meirforbruk er i hovedsak knytta til vedlikeholdskostnader til bilparken.

Vatn og avløp

Desse områda er sjølvkostfinansiert og avvika er i hovedsak knytta til rentenivået. Underskot er fremførbart og vil på sikt gå i balanse. Det betyr til dømes at underskotet på vatn på 3,3 mill kr vil i løpet av dei neste åra bli dekt inn i form av gebyrinntekta, og vil då bli rapportert som eit overskot.

Innbyggarservice

Innbygger har drifta innafor tildelte rammer, men har hatt refusjon av sjukepengar som medfører eit mindreforbruk på om lag 0,7 mill kr.

Status målsettingar

Målsetting

Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.

Status måloppnåing

Planeininga har tatt i bruk klimakalkulatoren til Miljødirektoratet for å kunne berekne effekt av enkeltplanar. (KLEM-tiltak)

Kultureininga har ansvar for bibliotek og BUA som bygger på ein delingskultur med både sosial profil og bra for klima.

Arbeidet med å gjennomføre energi tiltak for å optimaliserer energiforbruket på alle kommunale bygg. Tiltak kan vere å senke temperaturen nattestid, helger og ferier. Det kan være å optimalisere SD-anlegga rundt på bygga., skifte ut gamle ventilasjonsanlegg, montere varmepumper som ikkje har slike innretningar etc.

Vi held krava i utsleppsløyve som sikrar at vi når miljømåla. Vassforskrifta set krav om at vi skal nå måla innan 2027. Småbilar vert bytta ut med elektriske bilar.

Vi har etablert eit mellomlagar for asfalt for å unngå unødig transport og for gjenbruk av knust asfalt.

Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune

Kultureininga jobba med Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv som blir heilskapleg plan for det utvida kulturfeltet. Planen er bygd på SN sine berekraftmål og føringar i overordna samfunnsplan.

Med sunne gode kommunale bygg å arbeide i for ansatte i BF og alle andre bruker av bygga våre, er dette eit godt bidrag som kjem heile fellesskapet til gode. I tillegg er parker, plener, blomsterbed i sentrum eit skue i seg sjølv som gjer at folk trivs. Me held også på med tømming av boss i sentrumnære strok som også bidrar til økt trivsel.

Vi drifter vegane sommar og vinter, leverer trygt drikkevatt. Vi held krava i utsleppsløyve.

Gjennom 2023 har vi hatt fokus på å rettleie folk inn på planendring framfor dispensasjonar. Dette er med på å sikre meir oppdaterte planar, og ei breiare medverknad og betre grunnlag for endringa enn gjennom dispensasjonar. Det bidreg også til at ein kan få oppdatert gamle planar slik at dei svarar betre til dei krav og forventningar som stillast i dag.

Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar

Vi nyttar frontdess for kundekontakt, og har kutta open telefontid og e-post for å effektivisere arbeidet.

Vi arbeider med effektivisering av planprosessar og har arbeida med rutinar og flyt for både kommunale planar og private planar. Mot slutten av året har vi hatt eit auka fokus på arbeid med kvalitetssystem. Dette er eit kontinuerleg og pågåande arbeid som må halde fram vidare i 2024.

Støttekontakttenesta er eit døme der arbeidsprosessar og samhandling med publikum er blitt meir digitale siste året.

Nytt system for innmelding av feil på veglys, og samhandling med veglysentreprenør.

Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet

Vi har fokus på på folkehelse, trafiksikkerheit og beredskap i arbeidet med alle planar.

Bjørnafjorden kommune er ein av 40 norske kommunar som fordeler tilskot frå IMDI til integreringstiltak i regi av lokale lag og organsiasjonar. Kultureininga formidla tilskot til 15 tiltak. Kultureininga var også med å arrangera internasjonal

Målsetjing

Status måloppnåing

	fest på Oseana 30.9.
	Vi leverer trygt drikkevatt. Vinterdrift på vegar om gjer dei trygge å bruke.
	Men det er diverre vanskeleg å oppretthalde ein god kvalitet på vegen, det er mykje skader/ol etter vinteren
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Samfunnsutvikling har gjennomførte vernerundar på alle arbeidsplassar og AMG har hatt fleire møter innafor alle områder.
Vi leverer treffsikre tenester	Ingen plansaker er oppheva grunna feil i 2023.
	Vi gjennomførte ei frivilligkartlegging våren 2023 i samarbeid med Frivillighet Norge som gav gode tilbakemeldingar frå lagslivet om samarbeidsrelasjonen og tenestene kommunen leverer inn mot frivillig sektor. Kartlegging vert følgt opp med eit arbeid med ein kommunal frivilligstrategi.
	Vi leverer treffsikre tenester inne drift og vedlikehald av kommunale bygg, renovasjon, reinhald etc. i tråd med myndighetskrav.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Planar blir utforma med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål	Del av planane	100,0 %	100,0 %	✓
	Utlån i BUA	Antal utlån	3 000	2 943	—
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Folkemøter knytt til overordna planlegging	Tal gjennomførte folkemøter	4		
	Vedtatte planar/strategiar som er følgt opp	Del planar/strategier	100,0 %	100,0 %	✓
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Det blir lagt tilrette for digital medverknad i planarbeid	Del planar kor det er lagt tilrette	80,0 %	100,0 %	✓
	Frivillige lag brukar Friskus	Tal nye lag	25	34	✓
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Biblioteket blir nytta som møteplass	Tal arrangement i biblioteket	40	48	✓
	Biblioteket fremmar leselyst	Tal barn som er med på sommarles	1 200	1 097	!

Årsmelding 2023

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska resultat 2023	Oppnådd resultat	Skildring mål
Vi leverer treffsikre tjenester	Dei som får vedtak om støttekontakt får dette	Dekningsgrad av tildelte vedtak	90,0 %	86,7 %	—
	Ingen døyr som følgje av brann	Tal omkomne i brann	0	0	
	Nye nærmiljøanlegg blir realisert	Tal nye anlegg som blir bygd	5	2	!
	Vi leverer godt og trygt vatn	Tal reelle kokevarsel drikkevatn	0	0	
	Mynde og ansvar mellom ulike nivå er tydeleg fordelt og avklart i prosjektplanlegging og gjennomføring (td gjennom projektdirektiv)	Del prosjekt kor det er gjennomført	90,0 %	100,0 %	✓
	Reguleringsplanar blir handsama 1. gong innan fristen	Del planar handsama innan frist	90,0 %	100,0 %	✓
	Reguleringsplanar blir handsama administrativ 2. gong innan frist	Del planar handsama innan frist	90,0 %	100,0 %	✓
	Vi handsamar byggesaker innan frist	Tal saker med overskriden frist	10	7	✓
	Vi handsamar saker etter matrikkellova innan lovpålagt frist	Tal saker som ikkje overheld fristen	0	2	
	Vi har identifisert arbeidsprosessar og utarbeidd flytskjema i kvalitetssystemet	Del einingar som har gjennomført	90,0 %	90,0 %	✓
	Vi måler tilfredsheit gjennom spørreundersøkingar	Del som er nøgd eller ganske nøgd	70,0 %		

KOSTRA Nøkkeltal

	Bjørnafjorden 2022	Bjørnafjorden 2023	Kostragruppe 09	Landet uten Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,7	12,7		17,0
Brutto driftsutgifter til samferdsel i kr per innbygger	1 669	1 745	2 197	2 288
Byggesaksbehandling og eierseksjonering brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	401	441	457	445
Kart og oppmåling brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	264	265	243	273
Kommunale vei er brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 459	1 524	1 742	1 791
Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) **)	311	275	344	344

**) Justert for utgiftsbehov

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
Avlaupsprosjekt	-	-	30 000	41 538	Ikkje vurdert
Brannstasjon Eikelandssosen - Tilbygg	25 000	26 040	0	232	Ferdig
Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ	21 000	21 952	0	19	Ferdig
Gymnasvegen - Fortau	50	1 087	0	939	Ferdig
Industrikai Eikelandssosen	4 000	142	0	142	Ikkje vurdert
Kjøp av tomter og bygg	-	-	2 000	193	Ikkje vurdert
Kommunal infrastruktur	-	-	5 000	4 605	Ikkje vurdert
Kommunal Veg Revsåsen	16 800	438	5 213	151	Iht. plan
Liv i Bjørnafjorden	-	-	3 516	304	Ikkje vurdert
Ombygging kommunale bygg	-	-	5 000	5 924	Ikkje vurdert
Parkering i fjell	2 200	559	1 793	151	Ikkje vurdert
Parkeringsanlegg	71 000	69 360	6 848	583	Ferdig
Parkeringsløyising Osøyro	2 000	1 785	2 000	1 785	Ikkje vurdert
Politistasjon Moberg	72 000	70 490	4 615	138	Ferdig
Prosjektering utbyggingsområder	-	-	1 000	0	Ikkje vurdert
Rullande materiell	-	-	2 500	2 547	Iht. plan
Stallabrotvegen - utviding	12 000	14 622	4 000	5 640	Forsinket
Tiltak i trafiksikringsplan	25 000	18 466	2 000	2 535	Ikkje vurdert
Trolldalen	621	686	247	308	Forsinket
VA anlegg ny vei Åsen	44 500	1 579	11 847	925	Iht. plan
Vassprosjekt	-	-	30 000	32 751	Ikkje vurdert
Sum andre prosjekt	0	526 174	0	5	
Sum	296 171	753 379	117 578	101 416	

Statustekst investeringar

Avlaupsprosjekt

I prosjektet overføring av avløp frå Skeisleira til OHARA pågår det prosjektering, prinsipp og hovudtrasè er bestemt.

Det er inngått kontrakt i for deler av VA-ledningar i Mobergshaugen (sone 1), oppstart av anlegget vert i januar 2024.

I Landboden prosjektet er VA-grøft, felles kabelgrøft og nye fortauskanter ferdige. Ny pumpestasjon er montert. Gjenstår mindre arbeid, tilleggssarbeidet med VA Giskavollen skal starte i byrjinga av 2024.

I prosjektet VA Oshaugen er strekninga Lyssandtræ - Osbrua ferdig. Gjenstår arbeid med pumpestasjon Lyssandtræ og ny vannkum.

I prosjektet om overføring av avløp Solstrand - Kuhnle så er det inngått grunnavtalar og arbeid med søknadsprosessar.

VA Osdalen del 3 vart gjenopptatt med bakgrunn i fleire akutte ledningsbrudd. Prosjektering av ny vannledning og fremtidig pumpeledning for avløp frå Kiwi til avkjørsel Gymnasvegen er gjennomført, planlagt oppstart av anleggsarbeid februar 2024.

Arbeidet med VA i Vesterlio på Søfteland pågår og vert utført av eigenregigruppa.

Prosjekta Fusavikja - slamavskiller og utsleppsledning, Renseanlegg Ådnavika, avløp Finnabrekka og avløpspumpestasjon i Nordstrøno er ferdig utført, sluttarbeid pågår.

Belastninga på funksjonane for avløp (rensing, nett og innsamling) er på 34,2 mill.kr.

Overforbruket kjem i hovudsak på grunn av ekstra prosjekt med å delta i fellesgrøft når bl.a. BKK skulle gjennomføre tiltak i Finnabrekka og i Oshaugprosjektet. Det er også uteståande midlar i prosjektet Landboden frå kabeletatar.

I 2023 vart det lagt 2655 meter ledning for avløp (2022-tal: 1025 meter).

Brannstasjon Eikelandsosen - Tilbygg

Totalentreprenør gikk konkurs etter overlevering. Har medført noko ekstra arbeid for utbetring av feil og manglar. Sluttarbeid pågår.

Bru over Oselva

Midlar budsjettet i 2026, jf økonomiplanen 2023-2026. Midlar ikkje med i nytt investeringsbudsjett for 2024-2027.

Ferdigstilling Os Idrettspark Kuventræ

Prøvedrift er i sluttfasen.

Gymnasvegen - Fortau

Miljøløftsprosjekt - ferdig utført, nokre mindre beplantningsarbeid vert utført våren 2024. Kostnader vert dekkja gjennom tilskudd (belønningsmidlar - post 30), mva går i kommunen sitt mva-rekneskap.

Industrikai Eikelandsosen

Jf. 1.Tertialrapport 2023 så er prosjektet stoppa.

Kjøp av tomter og bygg

Posten har bært nytta til ulike utgifter i høve kjøp/sal av eigedom.

Kommunal infrastruktur

Årsprosjekt.

Dei største tiltaka var bl.a. nye støypekantar og rekkverk fleire stader.

Veg og fortau i Landboden (hovudprosjektet i Landboden gjelder VA og er eige prosjekt).

Bærelag og topplag vart skifta på ei vegstrekning i Kuvågvegen.

Økonomisk så er bl.a. viderefakturering for prosjektet i Øvre Varåsen i 2022 inntektsført i 2023, slik at det vert mindre forbruk i 2023.

Kommunal Veg Revsåsen

Vedtatt projektramme er 26,3 mill.kr. Kommunal veg Revsåsen er ein del av VLFK's prosjekt Åsen-Helleskaret. Byggjearbeidet pågår og følgjer oppsett framdrift.

Liv i Bjørnafjorden

Pumptrack bane i Eikelandsosen var ferdig i løpet av våren.

Vedrørende prosjekt i Steinavikjo (tilrettelegging av friluftsområde), så vart det arbeidd med grunnnavtale for tilkomst til området.

Nilsavegen GS-løysing

Miljøløftsprosjekt - ferdig utført.

Ombygging kommunale bygg

Årsprosjekt.

Posten har bært nytta til ombyggingar på kommunale bygg. Bl.a. utbetring av basseng Fusa med oppgradering av ventilasjon og varmestyring, flytting av skulekjøkken ved Baldersheim skule og tiltak på gamle Fusa ung.skule for tilrettelegging for personell som vart flytta frå Fusa vidaregåande skule. Inventar til nye NAV-lokaler vart også dekkja av denne posten.

Parkering i fjell

Arbeid med reguleringsplan for parkering i fjell pågår.

Parkeringsanlegg

Prosjektramme er 71 mill.kr. Sluttarbeid pågår.

Parkeringsløsning Osøyro

Utviding av parkeringsplass ved Fjellheim vart gjennomført, samt arbeid med parkeringsstrategien (betalingsordning).

Politistasjon Moberg

Sluttarbeid med reklamasjonar og prøvedrift pågår.

Rullande materiell

Nytta til Eigedom drift og Samferdsle VA. Bl.a. til innkjøp av UTB og kantklipper, samt utkjøp av lastebil.

Stallabrotvegen - utviding

Sluttarbeider pågår med bl.a. gjerde/støyskjerm. Entreprenør har vært gjennom rekonstruksjon og gått konkurs, noko som har medført forsinkelsar. Som tidlegare beskrevet er det eit vesentleg meirforbruk på prosjektet grunna meir omfattande og sammensatt arbeid. Truleg er også kostnadene i prosjektet underestimert frå starten av.

Tiltak i trafikksikringsplan

Mindre trafikksikringstiltak med fartshumpar og Trygg Trafikk er gjennomført, samt sluttarbeid på busslomme Baldersheim.

Trolldalen

Miljøløftsprosjekt - kostnadsoverslag er på 8,2 mill.kr jf. Handlingsprogram 2023. (Søkt om post 30 midlar til utførelse med 7,2 mill.kr, nytta belønningsmidlar til planlegging). VLFK har inngått grunnavtalar. Pågår arbeid med gjennomføringsavtale med VLFK.

VA anlegg ny vei Åsen

Prosjektramme er kr 42.500.000,-. VA anlegg ny veg Åsen er delvis under VLFK sitt prosjekt Åsen-Helleskaret. Økonomisk nytta ein ikkje heile årsbudsjettet, då anleggstart var i august 2023. Pumpestasjon i Edne kjem i eigen entreprise. Ombygging av Søvikvågen renseanlegg til pumpestasjon med leidningsnett er under prosjektering.

Vassprosjekt

Prosjektet Os VBA - lamellseparator pågår med inntransportering av utstyr i anlegget. Montasje og igangkøyring av anlegget vart utsett til nyåret på grunn av ein ikkje ynskja igangsetting rett før julehøgtida.

Ny råvassledning i Gåssandvatnet er ferdig og tatt i bruk, gjenstår noko sluttarbeid. Prosjektet vart forsert på grunn av kritisk ledningsbrudd i Gåssandvatnet, noko som har ført til overforbruk av budsjettposten. Resterande arbeid med råvassforsyninga kjem seinare, jf. KDPA for VA.

I prosjektet om forsterka vassforsyning Skjelbreid så måtte ein utsetje prøvemålingar på grunn tørr seinhaust, planlagt tatt opp igjen på nyåret.

VA Hatvikvegen er eit samarbeidsprosjekt med VLFK sitt miljøløftsprosjekt om GS-løysning i Hatvikvegen, tildeling av kontrakt pågjekk i slutten av året. Planlagt kontrakssignering i januar 2024.

VA Hegglandsdalen 2 starta opp i oktober og er under utførelse.

Fleire prosjekt er ferdige og det pågår sluttarbeid for prosjekta: VA Gymnasvegen, VA Stallabrotvegen, høgdebasseng St.Hanshaugen og VA Hegglandsdalsvegen.

Prosjekta Damm Steindalsvatnet , VA Hegglandsdalen 3 og VA Brugata er utsett i tid, jf. KDPA for VA.

Belastninga på funksjonane for produksjon og distrubusjon av vatn er på 39,7 mill.kr. Overforbruket kjem i hovudsak på grunn av ekstra prosjekt med råvassleidning i Gåssandvatnet.

I 2023 vart det lagt 4076m ledning for vatn (2022-tal: 1230meter).

Vegkryss Steinneset

Midlar budsjettert i 2026, jf økonomiplanen 2023-2026. Midlar ikkje med i nytt investeringsbudsjett for 2024-2027.